


«Men um det er 3 kongar på same tid i landet, er det likevel ei styringstid»

- Ein gjennomgang av samkongedøme som styreform gjennom eit nærare innsyn i arvefølgjeordninga og det administrative systemet
-



Annette Langedal Holme
Masteravhandling i historie
AHKR, UiB. Haust 2012

Forord

Arbeidet med denne masteroppgåva har vore ein lang prosess. Den er eit resultat av sjølvstendig arbeid, men det hadde blitt vanskeleg å gjennomføre utan hjelp frå ein rekke personar.

I fyrste rekke vil eg takke min rettleiar, professor Geir Atle Ersland. Du har vore med heile vegen med konstruktive tilbakemeldingar og overtydd meg om at ei masteroppgåve er forskning, ikkje ei semesteroppgåve. Vidare vil eg også takke for den støtta og fellesskapet eg har fått gjennom mellomalderseminar og miljøet på lesesalen. Dykk har vore ein stor støtte opp mot innlevering.

Til slutt vil eg takke jentene eg bur saman med og familien min, som er for stor til at eg kan nemne alle saman. Dykk har vore ein stor motivasjon gjennom heile masterstudiet.

Annette Langedal Holme.

Bergen, November 2012

Innholdsfortegnelse

1. Innleiing	5
Avgrensing og historisk bakgrunn	10
Omgrepsavklaring av styreform	13
Det norske kongedømet på 1000- og 1100-talet	13
2. Kjelder og Kjeldekritikk.....	15
Moderne sogekritikk	15
Skaldekvad	19
Landskapslover.....	20
Utanlandske kjelder.....	21
Kjeldekritiske perspektiv for dette arbeidet	21
Kongesogene	23
Dei synoptiske kongesogene	23
Dei yngre kongesogene	27
Del 1: Bakgrunn for samkongedømet som arvefølgeordning	32
3. Germansk arvefølgelov	32
Merovingarar og Karolingarar.....	32
England.....	34
Samandrag	35
4. Norden	36
Sverige.....	36
Danmark	40
Samandrag	47
5. Kongedømet som odel i Hårfagreætta.....	48
Samstyre i det norske kongedømet.....	51
Samandrag	57
6. Inngåinga av det fyrste samkongedømet	58
Kven tok initiativet til det fyrste samkongedømet?.....	58
Harald i keisarens teneste	61
Magnus vel å dele riket med Harald.....	65
Samandrag	68
Del 2: Utforminga av samkongedømet	69
7. Magnus Gode og Harald Hardråde.....	70
Eit samla styre i riket.....	70

Samandrag	72
8. Magnus Haraldsson og Olav Kyrre	73
Magnus og Olav vert kongar	73
Eit kortvarig samstyre	74
Samandrag	77
9. Magnus Berrføtt og Håkon Toresfostre	79
Generasjonsregelen i Gulatingslova	79
Håkon Toresfostres kongskrav	81
Ein prinsipiell politisk strid?	85
Samandrag	87
10. Sigurd Jorsalfare, Øystein Magnusson og Olav Magnusson.....	88
Alle tre sønene får kongehylling	88
Samstyre mellom Berrføttssønene	89
Prinsipiell avvising av samkongedømet?	93
Samandrag	95
11. Magnus Blinde og Harald Gille	97
Splid mellom kongane og jakta på alliansar.....	97
Sterke stormenn.....	100
Samandrag	101
12. Inge Krokrygg, Sigurd Munn og Øystein Haraldsson.....	102
Motstand mot Sigurd Slembe	102
Øystein Haraldsson kjem til landet	104
Erkesetet i Nidaros 1152/1153	105
Strid mellom brødrene.....	107
Samandrag	108
13. Konklusjon	109
Vidare studie av samkongedømet.....	113
Abstract	114
Kjelder og litteratur	115

1. Innleiing

Sitatet i tittelen er henta frå Gulatingslova og handlar om innløyising av jord som har kome inn under kongen. Jorda skulle vere løyst før styringstida til tre kongar var over. I denne samanhengen klargjer lovteksten at om det var fleire kongar i eit samstyre, vart det rekna for å vere ei styringstid.¹ Av denne lovteksten kan vi sjå at menneska i mellomalderen skilde mellom ei styringstid med ein konge og ei styringstid med fleire kongar som styrde saman. Lovteksten viser også at det var behov for å klargjere skilje mellom dei to styreformene. Historikarane har kalla styreforma med for samkongedøme. I norsk mellomalder finst seks dømer på samstyre mellom fleire kongar. Det er desse seks døma eg vil sjå nærare på i dette arbeidet. Det fyrste samkongedømet kom til i 1046 mellom Magnus den Gode og Harald Hardråde og det siste tok slutt i 1157 då kong Inge Krokrygg vart einekonge etter at broren Øystein vart drepen. Samkongedøma skil seg frå kvarandre på fleire område. Både når det kjem til varighet, kor mange kongar samstyret bestod av og slektskapsforholdet mellom kongane. Føremålet med dette arbeidet er å greie ut korleis samkongedømet fungerte som arvefølgeordning og styreform. Eg vil fyrst gå inn på idébakgrunnen for at denne styreforma kunne oppstå og sjå nærare på samkongedømet som ei arvefølgeordning. Vidare vil eg forsøke å identifisere tendensar og utviklinga av dei forskjellige samkongedøma. Det overordna målet er å kome med ei brei framstilling av grunnlaget for og utforminga av samkongedømet.

Arbeidet vil undersøke kva sedvanar og praksisformer som regulerte samkongedømer som eit alternativ til einekongedømet. Kan vi identifisere og følgje tendensar i løpet av perioden? Er det mogleg å finne fellesnemnarar for alle seks samkongedøma eller er kvart tilfelle så unikt i opphav og form at fellesnemnarane vert for få? Det er også eit mål for arbeidet å kartlegge samkongedømet som ei styreform som var med på å prege vegen mot rikssamling i norsk mellomalderhistorie.

Undersøkinga er strukturert i to delar der den fyrste delen tar føre seg bakgrunn og utviklinga av arvefølgeordninga mot samkongedøme. Neste del undersøker nærare dei seks samkongedøma. Her vil eg i hovudsak peika på tendensar i form av sedvanar, normer og praksisformer i dei forskjellige samkongedøma.

¹ Gulatingslova s. 250-251 (G 271)

I *Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder*, kan vi lese om samkongedømmet i ein artikkel skriven av Bjørge:

Samkongedømme er ei ordning av tronfølgja som rettsleg bygger på prinsippet om lik arverett for alle kongssøner, og som i praksis forutset at regentane aksepterer kvarandre som samkongar gjennom ei el. Anna politisk avtale. S. er såleis eit motstykke til einekongedømme og eit alternativ til overkongedømme; det skil seg frå det siste ved at samkongane normalt har same rang og myndighet.²

Dette sitatet reflekterer den gjengse oppfatninga av samkongedømmet i norsk historieforskning. Prinsippet om lik arverett til alle kongssøner står sentralt for at samkongedømmet som styreform i det heile tatt kunne ta den forma det gjorde. Det overordna kjenneteiknet på samkongedømmet er likevel at ordninga innebar at to eller fleire kongar styrte riket saman. Samkongedøma kan kjenneteiknast med at samkongane ofte var i nær slekt. Grethe Authén Blom skriv at riket statsrettslig framleis var ei eining, men at den ikkje nødvendigvis vart styrt av berre ein person.³ Liknande formuleringar kjem også frå Claus Krag.⁴ I arbeidet vidare vil skiljet mellom overkongedømme og samkongedømme aktivt følgje med i drøftingane. Lik rang mellom kongane skiljer samkongedømmet frå andre liknande styreformer. I undersøkinga mi vil eg gjennom heile arbeidet aktivt drøfte moglege kjenneteikn rundt samkongedøma

Før eg byrje på sjølve undersøkinga er det også naudsynt å sjå på kva syn på samkongedøma som har kome fram i tidlegare forskning. Samkongedømmet har vore eit tema for dei fleste forskarar som forsøker å skaffe seg eit djupare innsyn i norsk rikshistorie på 1000- og 1100-talet. Historikarar har ofte sett på samkongedømmet som ei kjelde til indre splid i riksstyringa og som ein medverkande årsak til borgarkrigstida på 1100-talet.⁵ Dette synet kan godt illustrerast med Rudolf Keyser's oppfatning rundt samkongedømmet:

Ved den ovenfor skildrede Norges Statsforfatning i det 11te og 12te Aarhundrede var der een Feil, som strax falder i Øinene, og fra hvilken de indvortes Krige, der i det 12te og 13de Aarhundrede rystede Statsbygningen, droge sin første Oprindelse, - og denne Feil var: Kongedømmets Deelbarhed.⁶

Oppfatninga om at samkongedømmet og den opne arvefølgjelova var ein direkte årsak borgarkrigane stod lenge sentralt i norsk historieskriving. Ho går igjen hos Peter Andreas

² KLN 15, *Samkongedømme*, Narve Bjørge

³ Authén Blom 1972: 5

⁴ Krag, C 2000: 225

⁵ Sveaas Andersen 1977: 276

⁶ Keyser: 1868: 438

Munch, Ebbe Hertzberg, Alexander Bugge og Fredrik Paasche.⁷ Ved fyrste augekast kan ein argumentere for at det var fredelige samkongedøme over lengre tid frå 1045 til 1134, men her vert det peika på at dei fleste samkongedøma i perioden var så kortvarige at motsetningsforholda ikkje fekk utvikle seg til open strid. Denne årsaksforklaringa gjekk historikarane etterkvart bort i frå. Forskinga gjekk over til å sjå på den politiske hendingsutviklinga som indikator på samfunnsutviklinga i større breidde, særskilt i samanheng med den økonomisk-sosiale grunnstrukturen i samfunnet. Denne endringa fekk konsekvensar for synet på borgarkrigane ved at samkongedømet ikkje lenger vart sett på som direkte årsak, men heller som ein tenningsmekanisme som kunne utløyse krig i eit konfliktladd samfunn.⁸ Dette synet kjem klart fram hos Andreas Holmsen i hans norgeshistorie skriven i 1939.⁹ Han ser på rivaliseringa mellom dei felles regentane som ein katalysator til krigsprosessane. Årsaka til at det ikkje braut ut krig tidligare var at dei tidlegare samkongedøma ikkje romma nok eksplosivt materiale. Det er sosiale motsetningsforhold Holmsen legg i sitt eksplosive materiale.¹⁰ Til tross for ei demping av skyldmotivet, er det sjølv etter Holmsen sin teori om at samkongedømet var ein tenningsmekanisme, framleis spørsmålet om skyld til borgarkrigstida som står i sentrum for historieskriving som omhandlar samkongedømet.

I 1970 argumenterte Narve Bjørgo for eit alternativt tolkingsforsøk som ein kritikk over tidlegare oppfatningar om samkongedømet som skyld til borgarkstida.¹¹ Bjørgo har argumentert i mot Keysertradisjonen i artikkelen, *Samkongedøme kontra einekongedøme – Ein analyse av norsk kjeldemateriale i historiografisk perspektiv*. Her hevdar Bjørgo at han kan påvise at samkongedømet var ein hensiktsmessig politisk institusjon for det gjeldande tidsrommet. Dette grunngir han med at ordninga i samtida vart akseptert av politisk-sosiale dominerande krefter.¹² Samkongedøme fungerte som ein konstituasjonell garanti mot at misnøgde søner av tidlegare kongar skulle gripe til våpen mot kongemakta. Bjørgo konkluderer med at denne styreforma kan kjenneteiknast av stor mobilitet, noko som gav eit effektivt styre over eit desentralisert samfunn med store geografiske kontrastar.¹³ Han avsluttar med å oppfordra til å studere samkongedøma ut i frå ein kontekst som eit

⁷ Bjørgo 1970: 3-4

⁸ Helle 1974: 28

⁹ Norges historie, frå de eldste tider til 1660. I dette arbeidet har eg nytta meg av fjerde utgåve frå 1991.

¹⁰ Holmsen 1991: 180 og s.225-226

¹¹ Bjørgo 1970: 10-13

¹² Bjørgo 1970: 13

¹³ Bjørgo 1970: 13

utgangspunkt i ei arvefølgeordning og eit administrativt system for ein periode med særskilde sosiale forhold.¹⁴ Det er med bakgrunn i desse føringane at dette arbeidet har tatt form.

I 1975 kom Sverre Bagge med eit motsvar til Bjørgo. I artikkelen, *Samkongedømme og enekongedømme* argumenterer Bagge for det tradisjonelle synet på samkongedømet. I følge Bagge stemmer det at borgarkriganes fyrste fase vart utløyst av konflikhtar som må reknast for å vere normale innanfor eit samkongedøme. Trass i kritikken er ikkje Bagge ueinig med Bjørgo på alle punkt. Han er samd i at samkongedømet ikkje kan betraktast som ein eigen forfatningsform. Begge vel også å karakterisere perioden frå 1045 til rundt 1160 som ein overgangsfase i utviklinga mot ein fastare regulering av tronfølgja.¹⁵ Bjørgo kjem sjølv med eit svar til Bagge med artikkelen *Samkongedøme og einekongedøme*. Det vart ikkje lagt til nye perspektiv og syn i dette arbeidet, Bjørgo konsentrerer seg i større grad om å forsvare sitt opphavlege syn, men han innrømmer at han kan ha tatt for lite omsyn til skiftande politiske interesser blant stormennene omkring kongane.¹⁶

Blant kritikarane av Bjørgo kan vi i tillegg til Bagge nemne Jens Arup Seip. Kort summert hevdar Seip at Bjørgo freistar å motbevise noko som er så innlysande at det ikkje kan motprovast. Seip hevdar at samkongedømet i seg sjølv er konfliktskapande og at verknaden av samkongedømet derfor er sjølvinnlysande.¹⁷ Av andre som har drøfta synet på samkongedømet kan vi nemne Grethe Authèn Blom som seier seg einig med Bjørgo sine synspunkt.¹⁸

Etter diskusjonen rundt samkongedøma i løpet av 70-åra finn vi ikkje arbeid som går like inngåande inn i samkongedømetts rolle og funksjon i tida etter. I *Aschehougs Norges Historie band 2*, skriven av Claus Krag, (1995) er det Andreas Holmsen sitt syn som kjem fram. Eit styrka aristokrati som kan velje mellom konkurrerande tronkrevjarar førar til borgarkrig. I følge Krag ser vi eit godt døme på dette i striden mellom Magnus Berrføtt og Håkon Toresfostre.¹⁹

Seinare arbeid som er fruktbar for mitt arbeid vidare er mastergradsoppgåva til Per Trygve Løyte frå 2010, *Harald Hardråde – En bysantisk despot i Norge?* argumenterer Løyte for at Harald styrte landet etter bysantisk modell. I denne samanheng tar han føre seg

¹⁴ Bjørgo 1970: 30

¹⁵ Bagge 1975

¹⁶ Bjørgo 1976: 211

¹⁷ Arup Seip 1976 (oppsummeringa er tatt frå Bjørgo 1975.)

¹⁸ Authèn Blom 1972

¹⁹ Krag 1995: 161-165

samkonedømet mellom Magnus den Gode og Harald Hardråde.²⁰ I følge Løyte kan ein sjå samkonedømet på bakgrunn av kva Harald hadde opplevd og sett i si teneste i Bysants. Det var fleire periodar med medkeisarar i Det austromerske riket i perioden før og under Harald sitt opphald.²¹ Det var ikkje uvanlig at keisaren utnemnde ein medkeisar eller juniorkeisar. Dette synspunktet finn vi også igjen hos Krijnie N. Ciggar. I *Western travellers to Constantinople*, hevdar ho at ideen om samstyre kom i frå Bysants.²² Løyte hevdar at samkonedømet er ein ny modell for landstyringa i Noreg.²³ Per Sveaas Andersen legg derimot vekt på at samkonedømet ikkje er ei ukjent styringsform på 1000-talet. Harald Hårfagre utnemnde sønene sine som medkongar. Vi finn også samstyring mellom sønene til Erik Blodøks og jarlebrørne Eirik og Svein Håkonsson.²⁴ Løyte hevdar at dette berre er to liknande styreformar. Han skil her klart mellom styreformene overkonedøme og samkonedøme. I eit overkonedøme var ein eller fleire kongar klart er underordna den første medan kongane skulle vere likestilte i eit samkonedøme. Dette er ein diskusjon vi skal sjå nærare på seinare i arbeidet.

Etter gjennomgangen ovanfor kan vi slå fast at tidlegare historikarar i hovudsak har diskutert rolla til samkonedømet i borgarkrigstida. Det gjeld om i kva grad institusjonen samkonedøme var skyld i at borgarkrigen braut ut i 1130, eller med Bjørgos bidrag, om samkonedømet var ein fredsbevarande faktor i samfunnet. Bidraga til diskusjonen rundt samkonedøma har vore få, sidan bidraga til Bjørgo og Bagge i 1970-åra. Av bidrag som vil vere aktuell å dra fram for dette arbeide er Løyte sine påstandar om bysantisk innflytelse på styreforma som dukka opp i Noreg i løpet av 1000-talet.

Årsaka til samkonedømet ikkje har vore gjenstand for større diskusjonar av nyare dato, kan godt vere at drøftinga rundt samkonedømet si rolle i borgarkrigen er, om man kan sei det, ferdig drøfta. Løyte sitt bysantisk retta perspektiv er eit døme på korleis ein kan gå inn og drøfte samkonedømet. Skal ein ta føre seg samkonedømet lyt ein sjå på det i eit nytt perspektiv der aspektet rundt borgarkrigen kjem i bakgrunnen. Dette arbeidet vil forsøke å gå inn i dei nye perspektiva gjennom å sjå nærare på opphavet og grunnlaget for samkonedømet gjennom arvefølgjeordninga og ved å sjå nærare på dei administrative systema i eit samkonedøme.

²⁰ Løyte 2010: 22-27

²¹ Løyte 2010: 24.

²² Ciggar 1996: 109

²³ Løyte 2010: 22-27

²⁴ Sveaas Andersen 1977: 276

Avgrensing og historisk bakgrunn

Fyrste del av undersøkinga byrjar med dei germanske kongedøma som kom til etter at Romarriket kollapsa. Skilnaden mellom dei germanske kongedøma og keisarriket var at dei germanske kongedøma var kongens eigedom og dermed arvegods i kongeslekta.²⁵ Vi vil derfor sjå nærare på døme frå merovingerane og karolingerane sine kongedøme som kan spegle denne oppfatninga.

Størstedelen av undersøkinga vil ta føre seg hendingane i Noreg og til ein viss grad hendingane i nabolanda, Sverige og Danmark, under same tidsrom. Det mellomnordiske biletet var prega av maktkampar mellom den norske og danske kongemakta, der den svenske kongemakta støtta den parten som gagna deira sak best. Det er først og fremst forholdet mellom Noreg og Danmark som styrar det politiske landskapet i perioden. Det danske kongehuset hadde politiske ambisjonar ut over sitt eige kongedøme, og spesielt retta mot England. Det er med bakgrunn i dette politiske biletet vi lyt sjå avtalen mellom Magnus den Gode og den danske kongen Harde-Knut i 1038. Avtalen gjekk ut på at den som levde lengst skulle arve den andre kongens kongedøme. Dette er, som Bjørge presiserer, fyrste gongen Noreg har blitt godkjent som eige rike av ei utanlandsk makt.²⁶ Noreg, Danmark og Sverige var tett knytt saman gjennom heile perioden i form av konflikter og alliansar.

Utviklinga til det norske kongedømet kan vi sjå som ein konsolideringsprosess mot eit norsk kongedømme med ei godt utvikla administrativ forvaltning. I løpet av fyrste del av 1000-talet vart det mogleg for Hårfagre-ætta å sjalte ut konkurrentane Lade-ætta og danekongane for å befeste si eiga stilling som den overordna kongemakta.²⁷ Om det faktisk var medlemmar av Hårfagre-ætta som gjekk sigrande ut av denne konflikta har historikaren Claus Krag stilt kritiske spørsmål til.²⁸ Krag argumenterer også for at det norske kongedynastiet som vaks fram i løpet av 1000-talet, snarare bør nemnast Hardråde-ætta.²⁹ Vidare i dette arbeidet vil vi likevel nytte Hårfagre-ætta, sidan det framleis er den rådande framgangsmåten for å referere til det norske kongedynastiet på. Tilbake til utviklinga av det norske kongedømet i løpet av mellomalderen, har denne prosessen blitt nemnt for rikssamling. Geir Atle Ersland vel å definere rikssamlingsprosessen frå rundt 900 og fram mot 1200-talet slik:

²⁵ Bagge 2004: 89

²⁶ Bjørge 1995: 39.

²⁷ Krag 2000: 64-65

²⁸ Krag 1989

²⁹ Krag 1995: 229

Rikssamlinga nørte opp under tanken om at det langstrakte landskapet frå Viken (Oslofjorden) og nordover til Hålogaland var eit rike med ei felles riksstyring. Rikssamlinga la grunnlaget for ein felles sentral administrasjon, og ho vart styrkt av eit gjennomgripande religionsskifte.³⁰

Denne overgangen frå ein samfunnsstruktur som var prega av mange sjølvstendige småkongar til ein konge som styrte over heile riket var ein langvarig prosess der kongemakta måtte jobbe for å skape forvaltningsorgan og institusjonar som kunne bestå ut forbi ein konges levetid. I følge Geir Atle Ersland var rikssamlinga først fullført når kongemakta hadde monopol på militær maktbruk.³¹ Saman med kontrollen over militærmakta er også kontroll over økonomiske ressursar viktig for konsolideringa av Hårfagre-dynastiet. Utover 1000-talet kom det store endringar for eliten i landet der eliten i større grad enn tidlegare laut støtte seg til det norske kongedynastiet for å behalde sin maktposisjon. Tidligare hadde det vore for kvar enkelt konge og stormann å reise ut for å skaffe seg rikdom og ære for å sikre seg ein maktposisjon heime. Dette vart etter kvart vanskelegare når det føydale Europa klarte å stå imot angrepa frå Skandinavia og det vart naudsynt for høvdingane å stille seg under kongemakta for å halde på sin maktposisjon.³² Etter Harald Hårfagre sine erobringar sat kongemakta på store mengder jord som dei kunne dele ut i len til sine lojale undersattar og slik skaffe seg lendemenn. Ein viktig del av norske inntekter var også handel og skattlegging av områda i nord.³³

Det var også kongemakta som stod i spissen for innføringa av den nye religionen, kristendom. Kristne impulsar kan vi finne tilbake til tidleg vikingtida og på 1000-talet vart kristendom einaste lovlege religion i landet. Dei store pådrivarane til innføringa av kristendommen var kristningskongane, Olav Tryggvason og Olav Haraldsson. Skiftet av religion var eit strategisk trusskifte der høvdingane som godtok den nye læra automatisk stilte seg i eit underordna forhold til kongen. Kongen var leiar og vernar for kristendommen og alle var underordna han.³⁴ Kristendommen vart eit reiskap for kongemakta i eit forsøk på å styrke si eiga rolle. Den katolske kyrkja førde med seg forvaltningsmessige institusjonar og eit ideologisk rammeverk som styrkte kongen si rolle over eliten. Sverre Bagge hevdar at ved hjelp av den kristne ideologien knytt til *rex iustus* kunne kongane i Hårfagre-dynastiet gå frå å vere beste blant likemenn til at kongemakta i seg sjølv var ei guddommelig rolle uavhengig av kongens

³⁰ Ersland 2000:19

³¹ Ersland 2000: 19

³² Bagge 2010: 34

³³ Bjørge 1995: 20

³⁴ Krag 2000: 69

person. Akkurat når denne endringa kom kan ikkje Bagge greie ut for, men bakgrunnen for endringane er å finne i perioden med samkongedøme. Ved å heilaggjere Olav Haraldsson vart det utvikla ein kult rundt den heilage kongen. Kongane frå 1035 – 1130 var alle etterkommarar etter Olav den Heilage. Den stabile overgangen mellom kvar generasjon frå det same dynastiet fram til 1130 har vore med på å konsolidere kongemakta generelt og Hårfagre-dynastiet spesielt.³⁵

I perioden 1035 til 1130 finn vi fire samkongedøme. Det fyrste er mellom Magnus den Gode og Harald Hardråde, som berre varte frå 1046-1047. Etter at Magnus den Gode døydde var Harald Hardråde einekonge fram til 1066. Då vart han drepen under forsøket på å invadere England. Det neste samkongedømet var mellom sønene til Harald Hardråde, Magnus Haraldsson og Olav Kyrre. Dette vart også eit kortvarig samstyre som tok slutt i 1069 då Magnus Haraldsson døydde. Olav Kyrre styrde landet åleine fram til 1093. Då vart det på nytt eit samkongedøme. Denne gongen mellom søskenbarna Magnus Berrføtt og Håkon Toresfostre. Samstyre mellom desse var spent, og kunne nok ha enda i open konflikt, hadde det ikkje vore for at Håkon Toresfostre døydde allereie året etterpå. Det fjerde samkongedømet var mellom sønene til Magnus Berrføtt, Øystein Magnusson, Sigurd Jorsalfare og Olav Magnusson. Olav var for ung til å styre sin del av landet då han vart konge og døydde før han vart gamal nok. Samstyret var derfor reelt mellom Øystein Magnusson og Sigurd Jorsalfare og varte heilt til 1123 då Øystein døydde og Sigurd styrde vidare som einekonge. Etter Sigurd Jorsalfares død i 1130 gjekk kongedømet inn i ei ny fase. Det braut ut konflikt rundt kven som skulle etterfølgje Sigurd Jorsalfare som konge, ein strid som kom til å halde fram i større eller mindre grad fram til 1240.³⁶ Denne perioden i norsk historie har vore eit tema mange historikarar har diskutert og det er sett fram fleire teoriar til kva som kan vere årsaka til at det braut ut strid i løpet av 1100-talet.³⁷ Det er også under denne perioden vi finn dei to siste samkongedøma. Etter Sigurd Jorsalfare vart sonen Magnus Blinde hylla til konge. Ikkje lenge etter vart også den påståtte broren til Sigurd, Harald Gille hylla til konge. Magnus var opphavleg ikkje villig til å dele riket med onkelen, men måtte til slutt gi etter. Dei styrde saman i tre år før det braut ut open konflikt der Magnus tapte og Harald vart einekonge. Det neste og siste samkongedømet var mellom dei tre sønene til Harald Gille. Dette samstyret

³⁵ Bagge 2010: 165-167

³⁶ Bagge 2010: 40

³⁷ Bagge legg vekt på at krig var normalen framfor fred i mellomalderen. Arvefølgeordninga der alle søner av ein konge kunne krevje kongstittel er også rekna for å vere ein stor årsak til konfliktane på 1100-talet. Bagge 2010: 40

enda også med konflikt, og det siste samkongedømet vart avslutta i 1157 då Øystein Haraldsson vart drepen, og Inge Krokrygg vart einekonge.

Omgrepsavklaring av styreform

Før vi går i gang med undersøkinga av samkongedøme sine funksjonar er det naudsynt å klargjere kva tyding eg legg i omgrepet styreform. Utgangspunktet er Palle Svensson sin definisjon i *Statsvitenskapelig Leksikon*.

Styreform er en samling skrevne og uskrevne regler for organiseringen av de myndighetene som treffer bindene beslutninger i et samfunn. Den politiske styreform kan både komme formelt til uttrykk i en skreven forfatning og mer uformelt i tradisjoner, sedvaner, normer og praksisformer.³⁸

I den grad vi kan snakke om styreform under tidleg kristen mellomalder i Noreg, kjem den ikkje til uttrykk formelt i form av skrivne forfatningar. I dette arbeidet nyttar vi omgrepet i samanheng med det Svensson nemner ei uformell tyding. Gjennom å sjå om vi kan spore tendensar i nettopp tradisjonar, sedvanar, normer og praksisformer i alle seks samkongedøma kan vi vere i stand til å sei noko nærare om kva som ligg til grunn styreforma samkongedøme.

Det norske kongedømet på 1000- og 1100-talet

Før eg går i gang med undersøkinga er det naudsynt å klargjere rammene samkongedøma eksisterte innanfor. Kva kjenneteiknar det norske kongedømet på 1000- og 1100-talet?

Det å i det heile tatt kunne sei noko om statsdanningar i mellomalderen er problematisk. Det er eit felt der forskarar er ueinige om graden av riksdanningar i mellomalderen og enkelte hevdar at ein ikkje kan nemne riksdanningar i mellomalderen for statar i det heile.³⁹ Forskarar som ikkje vil nytte omgrepet stat i mellomalderen kjem likevel ikkje med eit fullgodt alternativt omgrep. I internasjonal samanheng meiner Susan Reynolds det er eit behov å ha ein definisjon på stat som fenomen. Ho byggjer sin definisjon på Max Weber statssyn med modifikasjonar:

A state is an organization of human society within a fixed territory that more or less successfully claims the control (not the monopoly) of the legitimate use of physical force within that territory.⁴⁰

³⁸ Svensson 2007: 269-270

³⁹ Reynolds 1994: 26

⁴⁰ Reynolds 1994: 27

Reynolds modifikasjon som godtar at vi nyttar statsomgrepet om området der kongemakta ikkje har fullstendig maktmonopol fungerer godt for Noreg og Skandinavia i den aktuelle perioden. Det er likevel naudsynt i større grad å klargjere rammene rundt det norske kongedømet under 1000- og 1100-talet. Dette er ein periode som er prega av ei utvikling mot ei fastare og meir sentralisert styreform. I norsk mellomalderforsking har vi nemnt denne perioden for rikssamling. I fyrste band av *Norsk forsvarshistorie*, skriv Geir Atle Ersland at rikssamlinga er fullført når kongemakta har skaffa seg maktmonopol på militær vald.⁴¹ Den aktuelle perioden for dette arbeidet, fram mot borgarkrigstida frå 1130, er prega av at kongemakta var i ferd med å konsolidere eit militært overtak.⁴² Trass i ein auka militær kontroll for kongemakta, er det fleire faktorar som set rammene for det norske kongedømet i denne perioden. Eit rettsvesen underlagt kongemakta og ein eller annan form for administrasjon er også naudsynt før vi kan tale om eit kongedøme. Ersland vel å framstille eit kongerike slik:

Eit rike kan definerast som eit større samla politisk område med rimeleg definerte grenser. Likevel er det ikkje naudsynt at riket har klare territorielle grenser. Det er viktigare at undersåttane er identifiserte. Eit rike har som føresetnad at det fins ei form for sentral styring, og ei fellesoppfatning av rettsvesen og lovgiving. Riket treng ikkje ha ei felles lov. (...) Eit rike vert i tillegg ofte definert av sitt forhold til andre rikseiningar. I mellomalderske rike er militær struktur avgjerande for riket sin relative styrke, både i indre forhold og i høve til andre rikseiningar.⁴³

I dette arbeidet vil eg nytte denne definisjonen vidare når vi handsamar det norske kongedømet i undersøkinga vår. Ved å avklare kva eg meiner når vi skriv om det norske kongedømet for denne perioden, har eg også klarlagt rammene for kor samkongedømet som styreform oppstod. Vi skal no sjå nærare på kva vi legg i omgrepet samkongedøme.

⁴¹ Ersland 2000: 19

⁴² Eit døme på dette er Harald Hardråde sitt harde styre i måten han slår ned oppstanden blant bøndene på Oppland.

⁴³ Ersland 2000: 24

2. Kjelder og Kjeldekritikk

I artikkelen om samkongedøme i *Kulturhistorisk leksikon for nordisk mellomalder*, hevdar Narve Bjørgo at det i hovudsak er kongesogene vi må gå til får å få opplysningar om samkongedømet. Alle sogene som tar føre seg kongane for den aktuelle perioden nemner dei seks samkongedøma. Det er i liten grad at desse opplysningane kan justerast eller utfyllast av dokumentariske kjelder.⁴⁴ Av dei som tek føre seg det aktuelle tidsrommet for dette arbeidet er det fem kongesoger: *Historia de antiquitate regum Norwagiensum* skriven av Theodricus Monachus, *Heimskringla* skriven av Snorre Sturluson, *Ågrip af Noregs konunga sogum*, *Morkinskinna* og *Fagerskinna*.

Eg vil her sjå nærare på dei kjeldene eg brukar mest i dette arbeidet, og eg vil gå inn i kjeldekritiske utfordringar som er knytt opp mot dei forskjellige kjeldene. Som Bjørgo har gjort merksam på, er det først og fremst kongesogene vi kan nytte i ei undersøking av samkongedømet. For å supplere på det som står i sagene vil eg nytta enkelte skaldekvad, lovtekstar, dokumentariske kjelder og utanlandske gestaer og krøniker.

Moderne sogekritikk

Hovudproblemet i den historiske sogekritikken i løpet av 1900-talet har vore sogenes verdi som kjelder. Kor pålitelige er sogene som kjelder til hendingar som har skjedd i lang tid før nedskrivningstida? Det er brei semje om at dess nærare hendinga er nedskrivningstidspunktet, dess meir pålitelig er opplysningane. Knut Helle legg Sigurður Nordals sogetypologi til grunn for sin gjennomgang av den historiske sogekritikken.⁴⁵ Nordal plasserer sogene i tre hovudgrupper på tvers av den tradisjonelle inndelinga av kongesoger, biskopsoger osv. Den første hovudgruppa er samtidsoger: Her kjem sogene der forfattaren skriv om hendingar frå si eiga tid eller som bygger på samtidige forteljingar. Kongesoger frå 1130 og utover vert rekna for å vere samtidsoger. Vidare kjem fortidsogene som består av dei sogene som prøver å fortelje om dei 2-300 åra før dei vart nedskrivne i hovudsak, tidsrommet mellom 850-1100. Dei fleste kongesogene høyrer til denne gruppa. Til slutt har vi oldtidsogene som tar føre seg tida før 850, altså forhistorisk tid i nordisk målestokk.⁴⁶ Helle hevdar at oldtidsogene og dei forhistoriske sogene er så overgrodd med sagn og eventyrmotiv at dei ikkje lenger blir nytta som kjelde til den tida dei omhandlar.⁴⁷ I eit samfunn der skriftspråket nylig har blitt tatt i bruk er den munnlege kulturen viktig. Kor mykje tiltru kan vi legge i den

⁴⁴ KLN 15, *Samkongedøme*, Narve Bjørgo

⁴⁵ Helle 2001: 15

⁴⁶ Helle 2001: 15

⁴⁷ Helle 2001: 16

munnelege kulturen i Noreg og på Island under vikingtid og tidleg mellomalder? Er det mogleg å finne fram til historiske sanningar gjennom kongesogene? Vi skal no undersøke om ein kan argumentere for eit slikt syn og om det er mogleg å nytte kongesogene som den største kjeldegruppa til vår problemformulering.

Då sogelitteraturen fyrst vart teken i bruk i moderne historieskriving frå 1830-talet og utover, vurderte en i stor grad det som stod i sogene for sant. Keyser rekna med at sogene i det store og heile var ferdig utvikla i munnleg tradisjon før dei vart nedskriven.⁴⁸ Historikarane på 1800-talet nytta seg ikkje av sogene utan eit kritisk syn på kva som stod skriven i dei. Munch var opptatt av samtidighetsprinsippet, dess nærare ein nedskriven beretning stod i tid og rom, dess meir pålitelig var kjelda.⁴⁹ Likevel var historikarane frå denne perioden villige til å akseptera det som stod i sogene, med mindre det var ein spesiell årsak til å tvile på dei. 1800-talets norske historikarar meinte at det var mogleg å skrive ein samanhengande norsk historie på bakgrunn av fortidssogene om norske kongar.⁵⁰ Dette synet vart utfordra på byrjinga av 1900-talet. Den radikale sagakritikken vart introdusert i 1911 av den svenske historikaren Lauritz Weibull gjennom arbeidet, *Kritiska undersökningar i nordens historia omkring år 1000*. Weibull sin kritikk gjekk mot den meir bokstavtru lesinga av sogene og korleis denne lesarmåten styrde den historiske vitskapen.⁵¹

I Noreg var det Halvdan Koht som gjekk i spissen for den nye retninga i sagaforskinga. Koht er rekna for å vere eit norsk motstykke til Weibull, men er ikkje like radikal som sin svenske kollega. Koht sitt hovudsyn var at sogene bar merke av den tida dei var blitt til i.⁵² Snorres *Heimskringla* er med andre ord eit bilete på samfunnet på Island på 1200-talet, snarare enn eit innblikk i samfunnet omkring dei historiske hendingane som skjedde under rikssamlingskongane. To tiår seinare sluttar også Edvard Bull seg til den radikale historiske sagakritikken: «Og vi må derfor oppgi enhver illusjon om at Snorres mektige historiske epos har noen dypere likhet med det som faktisk skjedde i tide innmellom slaget i Hafrsfjor og slaget på Re.»⁵³ I følgje sagakritikken frå byrjinga av 1900-talet er dermed kongesogene dårlige som kjelder til hendingane rundt samkongedømet.

⁴⁸ Helle 2001: 17

⁴⁹ Helle 2001: 17

⁵⁰ Helle 2001: 17

⁵¹ Weibull 1911: 292

⁵² Helle 2001: 20

⁵³ Bull 1931: 9

I ein nyare artikkel, 70 år etter Bulls sagakritiske ytterpunkt, hevdar Helle at pendelen svingar tilbake når det gjeld sagakritikken i den historisk orienterte mellomalderforskinga.⁵⁴ Etter ein gjennomgang av den historiske sagakritikken i løpet av 1900-talet, forsøker Helle å finne tendensar til eit meir opent syn på sogelitteraturen som kjelder mot slutten av hundreåret. Han konkluderer med at sagakritikken som kom på byrjinga av 1900-talet framleis er aktuell. Men det er også behov for å systematisere og nytte han meir konsekvent.⁵⁵ Som døme på ein historikar som har gjort nettopp det, viser Helle til Claus Krag to arbeid han har om gitt ut i 1995 og 2000.⁵⁶ Krag kjem med fleire nye realhistoriske omvurderingar ved å nytte ein skjerpå sikting av den skaldediktinga kongesogene, presenterer som kjelder.⁵⁷ Helle legg vekt på at Krags metodiske skalde- og sogekritikk er fruktbar sjølv om han ikkje er einig med Krag alle dei realhistoriske omvurderingane. Krag er på ingen måte representativ for den historisk orienterte mellomalderforskinga ved utgangen av det 20. hundreåret.⁵⁸

Ein stadfesting av Helles påstand om eit meir liberalt syn på sogelitteraturen ser vi hos Torgrim Titlestad i hans artikkel, *Tilbake til sagaene*.⁵⁹ Han kritiserer følgjene av dei kritiske vurderingane av sogene på 1900-talet. Ein langsiktig konsekvens har vore at stadig færre forskarar og studentar vågar å nytte sogene som historiske kjelder.⁶⁰ Titlestad slår eit slag for ein alternativ synsmåte på sogene som kjelde, nemlig den konstruktive sagakritikken.

Den konstruktive sagakritikken drar på nytt sagaene inn på arenaen som historiske kilder og betrakter dem som barn av muntlighetens kultur – med spor i skriftlig materiale. Her ser man mer konstruktivt på sagaenes informasjonsbevis enn i den radikale varianten, og den gir nye muligheter for å rekonstruere fortiden. Oppgaven blir imidlertid ikke enklere, da man kritisk må gjennomlyse det sagastoffet som den radikale sagakritikken forkaster.⁶¹

Den konstruktive sogekritikken som ein alternativ metodologi til den radikale sogekritikken tar sitt utgangspunkt i forkinga til Knut Liestøl frå 1922.⁶² Titlestad viser oss at det parallelt med den radikale sogekritikken også har eksistert ein forskningstradisjon som meiner at opptil 350 år gamle munnlege nedskrivne forteljingar (ikkje berre skaldekvad) kan gje oss

⁵⁴ Helle 2001: 13

⁵⁵ Helle 2001: 37

⁵⁶ Ascheougs Norgeshistorie 800-1130, Vikingtid og Rikssaming (1995) og Norges historie fram til 1319 (2000).

⁵⁷ Helle 2001: 30

⁵⁸ Helle 2001: 37

⁵⁹ Titlestad 2009

⁶⁰ Titlestad 2009: 10

⁶¹ Titlestad 2009: 10

⁶² Titlestad 2009: 10

essensielle faktainformasjonar.⁶³ Liestøl har gjennom si undersøking av norske ættesoger peika på at dei byggjer på hendingar som går langt tilbake i tid, heilt opp til 350 år. For å undersøke om forteljingar i ættesogene har grobotn i historiske hendingar, undersøkte Liestøl vidare dei skriftlege kjeldene for å kontrollere det segna hadde å fortelja.⁶⁴ Titlestad drar også fram fleire forskarar med liknande historiesyn som Liestøl, blant anna Bjarne Hodne (1973) og Sverre Bagge (2002). Av internasjonale arbeid legg Titlestad særlig vekt på arbeidet til Gísli Sigurðsson frå 2004, *The Icelandic Medieval Saga and Oral Tradition*. Dette seier Sigurðsson om kor langt tilbake vi kan spore historiske hendingar bevart munnleg:

We now know that the social memory and historical consciousness of people and ethnic groups can easily extend back 300 years in time (with of course, considerable caveats concerning reliability), and that oral folktales can survive within a cultural area for longer periods, though the names of the people they are told of may always be subject to change.⁶⁵

Kan vi ut i frå utsegna ovanfor sei noko om kor stor lit vi skal setje til den munnlege tradisjonen som omhandlar samkongedøma i kongesogene? Mitt arbeid søkjer ikkje etter historiske hendingar som har skjedd 300 år før dei vart nedskrivne. I frå det fyrste samkongedømet mellom Harald Hardråde og Magnus den Gode i 1046 og fram til dei fyrste kongesogene vart skrivne mot slutten av 1100-talet er det ein god 100-års periode. Det blir her lagt vekt på samtidighetsprinsippet der tidsavstanden mellom hending og nedskrivning er viktig. Mitt syn er derfor at det er mogleg å kunne sei noko om historiske hendingar rundt samkongedøma ut i frå den munnlege tradisjonen.

Ovanfor har vi vist at det i løpet av 1900-talet har eksistert to tradisjonar for sogekritikken i Noreg. Den radikale sogekritikken med historikarane Halvdan Koht og Edvard Bull som nybrotsmenn i Noreg. Og det Titlestad nemner for den konstruktive sagakritikken der folkeminnegranskaren Knut Liestøl var den fyrste. Men kor langt står desse tradisjonane i frå kvarandre? I følgje Helle sluttar Koht seg til Liestøls konklusjon når det gjeld den munnlege tradisjonen i den islandske sogelitteraturen.⁶⁶ I 1930 heldt Koht fleire foredrag der han presenterer sogene som historiske kjelder.⁶⁷ Her hevda han at sogene allment var verdifulle

⁶³ Titlestad 2009: 11

⁶⁴ Liestøl 1921: 11-13

⁶⁵ Sigurðsson 2004: 21

⁶⁶ Helle 2001: 22

⁶⁷ Koht 1938

kjelder til andslivet i den tid dei var skrivne i.⁶⁸ Koht tenkte nok først og fremst på samtidsogene, men han meinte også at ein kunne finne overraskande mange historiske fakta i sogene om ei meir fjern fortid. Årsaka var at dei bygde på ein uvanleg sterk munnleg tradisjon.⁶⁹ Her meiner Helle at Koht først og fremst tenkte på fortidsogene om dei norske kongane.⁷⁰ Den store avstanden mellom dei to tradisjonane i sogekritikken som Titlestad skisserer, ser ut til å allereie i stor grad ha blitt samla av Helle i sitt oversynsarbeid i 2001 med den Koht-Liestølske sagametodikken.

Skaldekvad

Skaldekvad er rekna for å vere pålitelige kjelder, både for historieskrivarane i mellomalderen og i dag. Skaldane sa fram kveda sine for kongen og hans menn. Dei er derfor samtidig skildringar, ofte baserte på hendingar skalden sjølv hadde teke del i.⁷¹ Sidan dei vart framførte for konge og andre, kunne folk frå samtida også kontrollere om det stemte.⁷² Snorre skriv i sin fortale:

Og vi hentet mest kunnskap frá det som er fortalt i de kvedene som ble kvedet for høvdingene sjøl eller sønnene deres. At det som fins i disse kvedene om deres ferder og kamper, tok vi for sant. Det er nok skaldevis å prise den mest som de nettopp står framfor, men ingen ville likevel våge å fortelle en mann sjøl om verk han skulle gjort, når alle som hørte på, visste at det var bare løgn og skryt, og han sjøl også. Det ville vere hån ikke ros.⁷³

På grunn av denne kvalitetssikringa som Snorre nemner er skaldekvada rekna som gode kjelder også i tråd med moderne kjeldekritikk. I tillegg er det framheva at skaldekvad har ei metrisk form, med kjenningar som gjorde at dei vart enkle å huske i deira originale form.⁷⁴

Dette var historieskrivarar i Norden klar over frå tidleg av og skaldekvad vart nytta regelmessig i kongesogene. Shami Gosh meiner at skaldekvada sitt komplekse språk og meteriske form, sikra eit konstant innhald over hundreåra som gjorde at skaldekvada som vart

⁶⁸ Helle 2001: 22

⁶⁹ Koht 1938: 123

⁷⁰ Helle 2001: 22

⁷¹ Gosh 2011: 18

⁷² Holtsmark og Arup Seip 1979: X.

⁷³ Heimskringla 1: 4 «Ok tókum vér þar mest dæmi af því, er sagt er í þeim kvæðum, er kveðin váru fyrir sjálfum höfðingjunum eða sonum þeirra, tókum vér þat alt fyrir satt, er í þeim kvæðum finnst um ferðir þeira eða orrostur. En þat er háttir skálda at lofa þann mest, er þá eru þeir fyrir, en engi mundi þat þora, at segja sjálfum honum þau verk hans, er allir þeir er heyrði vissi, at hégómi væri ok skrök, ok svá sjálfr hann, þat væri þá háð en eigi lof.» Heimskringla: 2

⁷⁴ Hagland 2008: 10.

skrivne ned på 1100- og 1200-talet var nøyaktige komposisjonar av dei eldre skaldekvada.⁷⁵ Krag skriv at eit problem med kongesogene er at dei er prega av bestemte synspunkt.⁷⁶ Han meiner det er heldig for oss at sogene også inneheld skaldekvad, «Sjølv om heller ikke de er frie for tendens, er de i det minste uavhengige av helhetsoppfatningen i sagaene».⁷⁷ Skaldekvada er altså gode supplerande kjelder til det vi kan lese i kongesogene.

For dette arbeidet er skaldekvada fyst og fremst aktuelle for å bekrefte det som står i sagaprosaien. Men vi må vere merksame på at det også er kjeldekritiske utfordringar når det gjeld skaldekvada. Helle gjer oss merksame på problem knytt opp om skaldekvada som kjelder. Dei kan ha vore nytta som generell dokumentasjon av at noko føregjekk, utan at det var lagt til grunn for den konkrete hendinga sogene fortel om.⁷⁸ Skaldestrofene kan også i stor grad ha ein litterær og estetisk funksjon i forhold til sogene, utan å egentlig vere kjelder for dei.⁷⁹ Krag har liknande synspunkt og seier at skaldekvada i vesentleg del er stereotype og i stor grad kunstferdige skildringar av militære hendingar.⁸⁰ Helle drar fram nettopp Krags tolking av skaldekvada som eit godt eksempel. Krag har nytta ein meir kritisk haldning til skaldediktingas historiske grunnlag, noko Helle meiner er eit metodisk framsteg.⁸¹ Når vi skal nytte oss av skaldekvad er det altså naudsynt å gå kritisk inn i denne kjeldegruppa på lik linje med kongesogene.

Landskapslover

Landskapslovene kjem frå lovgjevingsverksemd lokalt i Noreg. I frå midten av 900-talet var denne verksemda knytt til lagtinga. Fram til 1130 hadde vi lagtinga Borgarting, Frostating og Gulating. Seinare fekk vi også Borgartinget for området rundt Viken. Dei nedskrivne lovene vi har i dag avspeglar for det meste forholda på 1100- og 1200-talet.⁸² I mitt arbeid vil eg ikkje aktivt nytte dei eldre landskapslovene gjennom arbeidet. Eg vil dra fram rettarbøtene som vart delt ut i den aktuelle perioden. Desse kan vi lese om både i Gulatingslova og Frostatingslova. Det vil også kome ein grundig gjennomgang av eit avsnitt i Gulatingslova som viser til ei styretid med fleire kongar.

⁷⁵ Gosh 2011: 18

⁷⁶ Eit hovudsynspunkt er at rikskongedømet vart grunnlagt tidleg, at det omfattar heile landet og at det var knytt opp mot Harald Hårfagre og ætta hans.

⁷⁷ Krag 2000: 45

⁷⁸ Helle 2001: 30

⁷⁹ Helle 2001: 31

⁸⁰ Krag 2000): 45

⁸¹ Helle 2001: 31

⁸² Sveaas Andersen 1977: 21

Utanlandske kjelder

Utanlandske kjelder gir lite kunnskap om det norske samkongedømet. Dei er likevel nyttige når vi skal undersøke særskilde hendingar og kan vera verdifulle til å stadfeste hendingar som er omtala i dei norrøne sogene. Eg vil her kort nemne dei utanlandske kjeldene som fyrst og fremst skal nyttast. Ei viktig narrativ kjelde om norske politiske hendinga fram til 1070 åra er *Gesta Hammurgensis ecclesiae pontificum*, skriven av presten Adam av Bremen. I tillegg til skriftlege kjelder har Adam i stor grad bygd sitt verk på det tyske og danske heimelsmenn kunne fortelje. Danskekongen som låg i krig mot Harald Hardråde mesteparten av Haralds liv, Svein Estridsson var Adams hovudkjelde for hendingar i Norden.⁸³ Det danske og norske kongedømet var tett knytt opp mot kvarandre i mellomalderen og dei danske krønikene kan dermed også gi oss verdifulle innblikk i norske forholda. Av dei danske krønikene som blir regelmessig brukt har vi Sven Aggesen si korte historie om dei danske kongane, Saxo Grammaticus sitt omfattande historieverk *Gesta Danorum* og den korte *Roskildekrøniken*. I tillegg til desse er det også den islandske saga *Knytlinga saga*. Soga tar føre seg danske hendingar men har også hatt tilgang til *Heimskringla*. Knut Helle drar også fram Orknøyingenes saga som ei kjelde, særskild til dei norske forholda på 1100-talet.⁸⁴ Soga tar føre seg ein tidsbolck på omlag jarlane på Orknøyene i frå Harald Hårfagres tid og fram til rundt 1170.⁸⁵

Kjeldekritiske perspektiv for dette arbeidet

Diskusjonen rundt dei kjeldekritiske spørsmåla som blir skissert ovanfor viser at det er ulike syn på korleis ein skal bruke fortidssogene som kjelder. I lys av diskusjonen lyt også dette arbeidet få ein konsekvent metodikk for utnyttinga av kongesogene. Helle skriv at sagakritikken slik den utvikla seg på byrjinga av 1900-talet framleis er aktuell, men den må utviklast vidare.⁸⁶ Det er denne sagakritikken som vil bli utgangspunkt for den kjeldekritiske metodikken som vil gjelde for dette arbeidet. Vi er ikkje ute etter ein overordna metodisk sagakritikk for den generelle forskinga over tidleg mellomalder. Målet er å identifisere hendingar som er knytte opp mot samkongedøma og bedømme kor truverdige desse opplysningane er. Vi skal konsentrere oss om perioden frå 1046-1157. Det vil bli lagt vekt på den munnlege kulturen denne perioden var ein del av. Det er viktig å ha forståing får kor stor tyding munnlege beretningar hadde når vi går inn i kjeldene. Mitt mål er å undersøke samkongedømet som styreform, og greie ut om det er mogleg å identifisere tendensar som kan

⁸³ Sveaas Andersen 1977: 28-29

⁸⁴ Helle 1974: 16

⁸⁵ Indrebø 1929: 6

⁸⁶ Helle 2001: 37

kaste lys over opphavet til denne styringsforma. Hovudfokuset vårt vil derfor vere kongane i dei aktuelle styringsperiodane.

Helle legg vekt på at verken Koht eller andre som har tatt del i diskusjonen rundt sogekritikken i løpet av 1900-talet, kom med ein systematisk metodikk. Dette gjer det vanskelig å identifisere framgangsmåten til historikarar som nyttar sogene som kjelder. Helle har forsøkt å komme med ein overordna samanstilling av dei sogekritiske prinsippa i frå 1920 og 1930-åra. Dette er spørsmål som sidan har prega dei historiske framstillingane av vikingtid og tidleg kristen mellomalder.⁸⁷ Han nemner denne samanstillinga for den Koht-Liestølske sagametodikken.⁸⁸ Det er denne metodikken som vil vere utgangspunktet fr dei kjeldekritiske perspektiva for dette arbeidet.

Samtidighetsprinsippet er eit viktig aspekt når vi nyttar kongesogene som kjelder. Eit godt døme på ei samtidig soger som er aktuell for oss er *Hryggjarstykki* som fortel om Sigurd Slembe. Soga skildrar Sigurd frå han forsøkte å tileigne seg den norske kongemakta etter at han drap Harald Gille i 1136, og fram til han måtte gi tapt i kampen mot Haraldssønene i 1139. Islendingen Eirik Oddsson skal ha skrive ned denne soga rundt 1160. Han har altså sannsynligvis hatt tilgang på augevitne til hendingane. *Hryggjarstykki* er dessverre tapt i dag, men vi veit at både forfattarane til *Morkinskinna*, *Fagerskinna* og *Heimskringla* har nytta seg av denne soga. Vi kan altså setje stor lit til det som kongesogene seier om Sigurd Slembe og kampen med Haraldssønene. Samtidige skaldekvad vert også rekna for å vere pålitelige kjelder framfor kongesogene. Kjeldeverdien til skaldekvada er altså sett høgt, men mykje av det som står skriven i sogene byggjer ikkje på skaldekvad.⁸⁹ Dette er sjølvsagt ei utfordring der vi lyt vurdere den historiske truverda til den munnlege kulturen.

Ut over det kjeldekritiske kravet til samanfall i tid mellom hending og nedskriving, er det fleire sider ved kongesogene som vi kan konkludere med er uhistorisk stoff. Ved fleire høve i sogene er det døme på anakronisme og sagndannelse. Det er også fleire eksempel på samtidsprojeksjon der forfattaren klart viser til døme frå si eiga tid. Andre delar av sogene vi ikkje kan nytte i ein historisk framstilling av det narrative hendingsløpet er dialogar og talar som forfattarens forklaring på hendingar.

⁸⁷ Helle 2001: 22

⁸⁸ Helle 2001: 22

⁸⁹ Krag 2000: 45

Før vi byrjar å undersøke det historiske stoffet kongesogene er det først naudsynt å gå gjennom fleire metodiske spørsmål. Kan vi sei noko om forfattarens identitet og opphavsmiljø og vidare kva formålet med saga kan vere? Kor langt på veg kan vi gjere greie for kjeldegrunnlaget til forfattarane? Og til slutt er det sjølvsagt viktig for oss å kartlegge moglege slektskap og innbyrdes forhold mellom tekstane.

Kongesogene

Av forteljande kjelder over tidleg norsk mellomalderhistorie har vi fleire kongesoger som i stor grad dekker dei same hendingane. Tidlegare forskning har derfor vore opptatt av å kartlegge forholdet mellom dei forskjellige tekstane og identifisere kjeldene deira.⁹⁰ Dette vil også vere viktig for mitt arbeid sidan undersøkinga vil ta føre seg alle kongesogene. Gjennomgangen av kongesogene vil vere kronologisk frå eldst til yngst. Eg vil også dele sogene i to grupper der, dei eldste synoptiske sogene vert handsama fyrst og sidan dei tre yngre meir detaljerte sogene for seg.

Dei fyrste til å skrive ned historia til dei norske kongane var to islendingar i byrjinga av 1100-talet. Verka er tapt i dag, men ut i frå det som står i sogene vi har bevart i dag kan vi med tryggleik sei at dei har eksistert. Arbeidet til Sæmundr Sigfússon (1056-1133) vert nemnd i Odd Snorresson si soge om Olav Tryggvasson. Sæmundr skal ha skrive ned historia til Harald Hårfagre og dei ti neste kongane etter han. Det neste verket var skrive av Ari þorgilsson i hans fyrste versjon av *Islendingabók*. I følge *Heimskringla* skal Ari ha hatt med ein oversikt over *konunga ævi*, konganes liv. Vi veit ikkje kor mange kongar han tok med eller kor utfyllande han skreiv om desse. *Hryggjarstykki* er ei soge som tar føre seg historia til tronkrevjaren Sigurd Slembe i 1130-åra. Denne soga er tapt, men vi veit ho vart forfatta av islendingen Eirik Oddsson 1150.⁹¹ I soga om Sigurd Slembe får vi eit viktig innsyn i samstyre mellom brørne Inge Krogrugg, Sigurd Munn og Øystein Haraldsson. *Morkinskinna*, *Fagerskinna* og *Heimskringla* har også brukt denne i sine forfattarskap. Årsaka til at det kjem ein gjennomgang av desse tapte tekstane om dei norske kongane er at ein i fleire høver trur att dei seinare kongesogene har nytta desse som skriftlege kjelder.

Dei synoptiske kongesogene

Med synoptisk meiner vi eit kortfatta, oversiktleg samandrag. Vi har tre slike oversiktsverk over dei norske kongane, og dei skrivne i siste halvdel av 1100-talet.⁹² Den eldste er skriven

⁹⁰ Gosh 2011: 3

⁹¹ Jakobsson og Guðjónsson 2011: Band 1. s. XCVI

⁹² Mortensen 2003: 11-24, Salvesen 1969: 11-12

av munken Theodricus. Verket er skrive på latin og går under namnet *Historia de Antiquitate regum Norwagensium*. Vidare har vi den korte kongesoga *Ågrip af Noregs konungasögum* som er skrive på norrønt.⁹³ Her er forfattere ukjent. Til slutt har vi den latinske kongesoga *Historia Norwegie* der forfattere også er ukjent. Soga sluttar brått med Olav Haraldsson i 1015. Ho vil derfor av naturlege årsakar ikkje bli nytta i undersøkinga rundt samkongedøma. Men soga vil bli nytta når arbeidet undersøker tidsperioden hi tar føre seg. Ein kort gjennomgang av kjeldekritiske spørsmål til *Historia Norwegie* vil komme fortløpande i teksten når det dukkar opp. Eg vil no kome med ein gjennomgang av dei aktuelle sogene der vi forsøker å sjå dei i det metodiske perspektivet eg har klargjort ovanfor.

Dei synoptiske kongesogene er langt mindre detaljrike og byggjer i mindre grad på skaldekvad enn dei seinare kongesogene. Det vil seinare i hovudsak vere nettopp utdrag frå *Morkinskinna*, *Fagerskinna* og *Heimskringla* dette arbeidet vil nytte. *Historia de Antiquitate regum Norwagensium* og *Ågrip* vil likevel heile tida vere med i undersøkinga for å verifisere det som står i dei seinare sogene, trass i at dei ikkje er aktivt med i teksten.

Historia de Antiquitate regum Norwagensium av Theodricus Monachus

Tjodrek Munk skriv om perioden frå Harald Hårfagre Halvdansson til og med styringstida til Sigurd Magnusson Jorsalfare i 1130. Han seier sjølv at han ikkje ynskjer å skrive om tida frå 1130 fram mot si eiga tid: «Hermed slutter vi også verket vårt, for uverdige ville det være å gå videre til etterslekten minnet om alle de forbrytelser, drap, falske eder og frendemord som da fant sted».⁹⁴ Når var Tjodrek Munks eiga tid? Arbeidet er dedisert til Erkebiskopen i Nidaros, Øystein Erlendsson. Han var Erkebiskop i frå 1161 til 1188.⁹⁵ Ut i frå hendingar Tjodrek Munk nemner, meiner både Astrid Salvesen og Peter Foote at *Historia de Antiquitate regum Norwagensium* vart skrive etter 1177, og Foote meiner at perioden 1177-1178 er perioden det er mest nærliggande å tru at verket har blitt skrive ned.⁹⁶ Når det kjem til forfattere identitet så veit vi at det var ein munk som mest truleg hørte til Nidarholm kloster. Foote føreslår to moglege kandidatar blant dei norske geistlege i denne perioden men velger ikkje den ein framfor den andre.⁹⁷ Tjodrek skriv ikkje noko om at arbeidet var bestilt av ein patron

⁹³ Vidare vil vi referere til dette verket for *Ågrip*.

⁹⁴ *Historia de Antiquitate regum Norwagensium* s. 87. "Nos quoque hujus schedulæ hic finem facimus, indignum valde judicantes memoriæ posterorum trader scelera, homicidia, perjuriam, parricidia, sanctorum locorum contaminations." *Historia de Antiquitate regum Norwagensium* s.67.

⁹⁵ Foote 1998: ix

⁹⁶ Salvesen 1969: 11 og Foote 1998: xiii

⁹⁷ Foote 1998: x. Þórir biskop i Hamar (1189/90-1196) eller Þórir Guðmundarson, erkebiskop i Nidaros (1206-1214).

eller at det var ei oppgåve gitt til han av ein overordna.⁹⁸ Gjennom heile teksten er forfattaren tilstades med eigne synspunkt og meiningar, og vi møter ein historieskrivar frå slutten av 1100-talet som er opptatt av den kristne bodskapen og historisk presedens.⁹⁹

Når det kjem til kva for kjelder Tjodrek Munk kan ha nytta, legg han sjølv vekt på at han har nytta kunnskap frå Island. Innleiingsvis seier han at han nyttar seg av islendarane sitt minne, men han siterar ingen islandske skaldekvad direkte.¹⁰⁰ Foote og Bagge hevdar at Tjodrek Munk kan ha hatt kjennskap til dei islandske sogene til Ari Thorgilsson og Sæmund, men at han ikkje slavisk nytta dei som kjelder.¹⁰¹ Den einaste skriftlege kjelda Tjodrek referer direkte til er ein kort kongegenealogien *Catalogus Regum Novagensium*.¹⁰² Det kjem også fram av teksten at Tjodrek Munk har hatt kjennskap til verka *Acta Sancti Olavi* og den no tapte *Translatio Sancti Olavi*. I tillegg har han også hatt kjennskap til to franske historieskrivarar frå sitt eige hundreår.¹⁰³ Arbeidet til Tjodrek Munk må altså i stor grad bygge på informasjon han har skaffa seg gjennom kjelder som framleis berre fantes i den munnlege kulturen. Når det gjeld kva slektskap *Historia de Antiquitate regum Norwagensium* eventuelt har til dei resterande kongesogene som er aktuelle for dette arbeidet, vil det bli gjennomgått nedanfor.

Ågrip af Nóregis konungasögum

Ågrip har vi i dag berre overlevert i eit ufullstendig islandsk handskrift frå rundt fyrste del av 1200-talet.¹⁰⁴ Det byrjar med Harald Hårfagre og tar føre seg dei norske kongane fram til det siste samkongedømet mellom brørne Inge Krokrygg, Sigurd Munn og Øystein Haraldsson. Det er tidfesta at Ågrip vart skriven rundt 1190.¹⁰⁵ Bjarne Fidjestøl slår også fast at forfattaren av Ågrip må vere av norsk opphav, og ut i frå den inngåande kunnskapen han har til Trøndelag meiner Fidjestøl meir nøyaktig at vi kan konkludere med at forfattaren av Ågrip kom i frå området rundt Trondheim.¹⁰⁶ Eit godt døme på dette har vi frå samkongedømet mellom Magnus Berrføtt og Håkon Toresfostre. Forfattaren har inngåande kjennskap til hendingane den vinteren då begge kongane sat i Trøndelag, men då Magnus Berrføtt sigla sørover forsvinn han også ut av synsfeltet til forfattaren.¹⁰⁷

⁹⁸ Foote 1998: xi

⁹⁹ Foote 1998: .xxx

¹⁰⁰ *Historia de Antiquitate regum Norwagensium* s.47 og Gosh 2011: 12

¹⁰¹ Foote 1998: xvi og Bagge 2011: 73

¹⁰² Bagge 2011: 73

¹⁰³ Salvesen 1969: 12

¹⁰⁴ Aðalbjarnsarson 1937: 5

¹⁰⁵ Fidjestøl 1973: 8 og Gosh 1998: 7

¹⁰⁶ Fidjestøl 1973: 10-13

¹⁰⁷ Ågrip s.66

Kan vi seia noko om kven som kan ha bestilt denne saga over dei norske kongane? Koht meiner det er belegg for å finne opphavet til teksten, men innrømmer sjølv at det dessverre er uråd å konkludere med noko sidan vi manglar delar av teksten til *Ágrip* i dag.¹⁰⁸ Han legg fram moglegheita for at saga *Ágrip* vart skriven etter kong Sverre sitt ynskje. Det har han i frå Heimskringla der Snorre skriv i saga om kong Inge, «Så har kong Sverre latt skrive»¹⁰⁹ Koht trur her at Snorre talar om *Ágrip*. Dessverre er det ikkje mogleg å undersøke om Sverre har latt skrive dette i *Ágrip*, sidan saga om kong Inge er tapt for oss i dag. *Ágrip* stoppar med byrjinga av samkongedøme mellom sønene til Harald Gille, det følgjande er tapt men har mest truleg opphavleg gått heilt fram til 1177. Koht meiner likevel at han kan finne politiske haldningar mot Sverre sine motstandarar gjennom arbeidet. Forfattaren av *Ágrip* er blant ann langt meir positiv enn Tjodrek Munk til Harald Gille.¹¹⁰ Sjølv om vi ikkje kan bevise at det var kong Sverre som bestilte kongesoga *Ágrip* kan vi likevel sei noko om bakgrunnen for kvifor ho vart skapt. Den var eit produkt av det litterære samfunnet som vaks fram på kong Sverres tid. Dette er aktuelt å ta med seg vidare når vi skal sjå korleis *Ágrip* framstiller samkongedøma.

Vidare er det viktig å fastslå kjeldene til *Ágrip*, og då er det først og fremst spørsmålet om kongesoga til Tjodrek Munk har vore blant kjeldene? Spørsmålet rundt kjeldene til forfattaren har vore drøfta ved fleire høve når det kjem til undersøkingar av denne teksten. Det er i hovudsak forholdet mellom dei tre synoptiske kongesogene *Historia de Antiquitate regum Norwagensium*, *Historia Norwegie* og *Ágrip* som har blitt drøfta. Både Matthew J. Driscoll og Fidjestøl slår fast at forfattaren har nytta Tjodrek Munk sitt historieverk som kjelde, der forfattaren av *Ágrip* i fleire høve har sitert Tjodrek Munk omtrent ordrett.¹¹¹ Om forholdet mellom *Ágrip* og *Historia Norwegie* er det lite som tilseier at *Ágrip* har nytta *Historia Norwegie* som kjelde direkte, men det kan vere at dei har nytta same kjelder. Kandidatar her er sogene til islendingane Sæmund Sigfusson og Ari þorgilsson.¹¹² I tillegg til dei to tapte kongesogene kan *Ágrip* ha fleire moglege skriftlege kjelder, men som Driscoll påpeikar er det lite vi kan seie sikkert.¹¹³ Det vi kan sei er at forfattaren av *Ágrip* har nytta seg av munnlege

¹⁰⁸ Koht 1921: 179

¹⁰⁹ Heimskringla s.272. «Svá hefir Sverrir konungr ríta látit,» Heimskringla s.755

¹¹⁰ Koht 1921: 178-181

¹¹¹ Driscoll 1995:xv og Fidjestøl 1981: 27.

¹¹² Driscoll 1995: xv

¹¹³ «Bjarni Aðalbjarnson thought he must also have used a lot Hákona saga góða. Finnur Jonsson, among others, postulated a lost saga about the earls of Halðir, and Didrik Arup Seip proosed Eiríkr Oddson's lost work Hryggjarstykki as one of *Ágrip*'s sources. These can only ever remain conjectural. As Gudrun Lange's study shows, the only thing that can be said with any certainty about *Ágrip*'s written sources is that very little indeed can be said with much certainty.» Driscoll, M.J 1995: xvii

kjelder. *Ågrip* er den fyrste kongesoga der skaldekvad er nytta. Teksten har overlevert sju strofer og fragment. Tre av desse er ikkje kjend i frå andre kjelder. Fidjestøl hevdar at forfattere ikkje kan ha fått desse versa gjennom skrivne kjelder og det ser ut til at forfattere byggjer på norsk munnleg tradisjon.¹¹⁴ Kjeldegrunnlaget til *Ågrip* er uklart, og på ingen måte ferdig undersøkt. Det er få skriftlege kjelder vi med tryggleik kan sei at forfattere har nytta. Den einaste skriftlege kjelda forskarar ser ut til å vere einige om er historiarbeidet til Tjodrek Munk, og for mitt arbeid er det nettopp dette som er det overordna spørsmålet når det kom til kjeldegrunnlaget til *Ågrip*.

Dei yngre kongesogene

Bagge skil mellom geistlege og verdslege soger, der dei synoptiske sogene er produkt av ein geistleg tradisjon.¹¹⁵ Medlemmar av den verdslege historiografien er dei tre yngste kongesogene i denne undersøkinga, *Morkinskinna*, *Fagerskinna* og *Heimskringla*. Byrjinga på den verdslege historiografien tidfestar Bagge til omtrent same tid som dei synoptiske sogene.¹¹⁶ Kjenneteikn for sjangeren er ei verdsleg haldning. Som litterære verkemiddel blir der brukt talar og dialog i analyse og tolking, og gjennom heile arbeidet held forfattere seg i bakgrunnen. Eg skal her presentera sogene som i størst grad omtalar samkongedømet, *Morkinskinna*, *Fagerskinna* og *Heimskringla*.¹¹⁷ Eg vil nytte dei same spørsmåla her som eg nytta i gjennomgangen av dei synoptiske sogene. Når det kjem til gjennomgang av skriftlege kjelder vil eg i denne samanheng berre ta føre meg kjelder som er aktuelle for tidsrommet for mitt arbeid.

Morkinskinna

Morkinskinna er den fyrste av dei lengre kongesogene. Ho tar føre seg kongane i perioden frå 1030 fram til kong Øystein Haraldsson vart drepen i 1155. Soga skil seg både frå dei tidlegare synoptiske sogene og seinare kongesoger som *Heimskringla*, ved at over halvparten av teksten tar føre seg to kongar, Magnus den Gode og Harald Hardråde.¹¹⁸ Det har ikkje lukkast å identifisere forfattere til *Morkinskinna*, men at teksten har opphav på Island er klart.¹¹⁹ Tidspunkt for når *Morkinskinna* skal ha blitt til blir sett til rundt 1220.¹²⁰ Det er her naudsynt

¹¹⁴ Fidjestøl 1981: 27

¹¹⁵ Bagge 1991: 16

¹¹⁶ Bagge 1991: 16-17

¹¹⁷ Bagge 1991: 16-17

¹¹⁸ Akselberg 2003: 322

¹¹⁹ Det er særskild to oppfatningar som har vore gjeldane når det gjeld verkets opphav. Indrebø (1917) meinte at den eldste versjonen var skriven av ein sjølvstendig forfattar. Medan Jonsson (1932) meinte at det låg fleire sjølvstendige kongesoger til grunn for *Morkinskinna* som var satt saman av ein redaktør. Jakobsson og Guðjónsson 2011: Band 1. LXXVIII.

¹²⁰ Akselberg 2003:328

å ta føre seg utfordringa rundt det eksisterande handskriftet av *Morkinskinna* og tapte handskrift. Handskriftet av *Morkinskinna* som vi har i dag er datert til slutten av 1200-talet, og vi reknar med at det er ei avskrift frå eit eldre handskrift. Det eldste opphavlege handskriftet blir nemnd for *Eldste Morkinskinna*. Det som skil *Eldste Morkinskinna* og *Morkinskinna* frå kvarandre er at det eldre handskriftet ikkje hadde så mange tætter og anekdotar som det er i det handskriftet som er bevart.¹²¹ Årsaka til ein slik konklusjon er at ein reknar med at både *Fagerskinna* og *Heimskringla* har nytta *Morkinskinna* som kjelde, men hos desse finn vi ikkje tættene og anekdotane som vi har i det bevarte handskriftet av *Morkinskinna*.¹²² Det er altså det eldste handskriftet vi tidfestar til rundt 1220.

Om politisk påverknad i *Morkinskinna* meiner Theodore M. Andersson og Kari Ellen Gade at forfattern av saga set kong Inge svært høgt framfør brørne hans, i si innleiing til ei engelsk oversetjing av *Morkinskinna*.¹²³ Dette er eit viktig aspekt når eg seinare skal handsame samkongedømet mellom Magnus Blinde og Harald Gille og, når eg skal sjå nærare på kor stor rett Harald hadde til kongetittelen. Det er også viktig å ha med seg når eg handsamar samkongedømet under Inge Krokrygg og brørne hans.

Kva var så kjeldegrunnlaget til *Morkinskinna*? I likskap med både Tjodrek Munks *Historia de Antiquitate regum Norwagensium* og *Ågrip* er det ei allmenn oppfatning at saga støtter seg på munnlege kjelder.¹²⁴ Når det gjeld skaldekvad meiner Andersen og Gade at forfattern av *Morkinskinna* var godt kjend med skaldediktinga.¹²⁵ Teksten har heile 320 strofer og dei er ofte av namngjevne forfattarar.¹²⁶ Når det kjem til skrivne kjelder er det for meg interessant å sjå etter slektskap mellom *Morkinskinna* og dei øvre sogene eg nyttar i dette arbeidet. Her er forholdet mellom *Ågrip* og *Morkinskinna* interessant. *Ågrip* er lenge rekna for å vere ei av kjeldene til *Morkinskinna*, og det herskar liten tvil om at det er eit tekstleg samband mellom *Ågrip* og *Morkinskinna*.¹²⁷ Vidare er det viktig å klargjere at forfattern har henta saga o, Sigurd Slembe frå det tapte *Hryggjarstykki*.

¹²¹ Meir utfyllande informasjon om handskrifta sjå, Andersson og Gade 2000 og Jakobsson og Guðjónsson 2011: Band 1.

¹²² Akselberg 2003: 323-324

¹²³ Andersson og Gade 2000: 69-72

¹²⁴ Jakobsson og Guðjónsson 2011: Band 1. s.XCIX

¹²⁵ Jakobsson og Guðjónsson 2011: Band 1

¹²⁶ Det er 320 strofer om vi fyller ut dei første lakunene etter Flateyrbók. Fidjestøl, B. (1981) s.37

¹²⁷ Jakobsson og Guðjónsson 2011: Band 1. s.XCVII

Fagerskinna

Fagerskinna er ei soge som tar føre seg tida frå Halvdan Svarte og tida til 1177. Tidspunkt for når ho er skriven er satt til om lag 1220, gjerne noko seinare. Teksten er yngre enn *Morkinskinna*, som vi tidfestar til rundt 1220, og eldre enn *Heimskringla* som vi reknar med vart skriven ein gong på 1220-talet eller byrjinga av 1230-talet.¹²⁸ Forfattaren av teksten er ukjend, både Eyvind Fjeld Halvorsen og Alfred Jakobsen meiner at forfattaren er islandsk, men meiner at verket er ført i pennen i Trøndelag.¹²⁹ Gustav Indrebø meiner at teksten har ei motvilje mot Danmark. Eit døme på dette er perioden under Harald Hardråde. Forfattaren hevdar at Harald kravde Danmark med full rett og Magnus den Gode si velsigning. Denne forklaringa skil seg frå dei andre sogene. Årsaka til denne motviljen er i følgje Indrebø at *Fagerskinna* vart skriven for kongen Håkon Håkonsson som stod i opposisjon til Skule jarl som søkte støtte hos danskekongen.¹³⁰ Dersom dette stemmer er det altså mogleg å spore ein politisk budskap bak teksten. I følgje Gustav Storm viser forfattaren av *Fagerskinna* ei literær haldning, dette er også Jakobsen einig i.¹³¹ Han hentar det meste av informasjonen frå skriftlege kjelder og skaldekvad. Berre ein liten del av verket kan førast tilbake til munnleg overlevering. Forfattaren konsentrer seg også for det meste om politikk og kampar om kongemakta. Han har også skydd unna å føre i pennen noko overnaturlig, og på bakgrunn av dette har han fått tilnamnet rasjonalisten mellom sogeforfattarane.¹³² Forfattaren bak *Fagerskinna* er altså ein mann som har arbeidd etter moderne preferansar i form av kjeldebruk og det realhistoriske perspektivet.

Det er Indrebø som har kom med den mest inngåande studien av kjeldene til *Fagerskinna*, den seinare forskinga til Jakobsen byggjer i hovudtrekk på dei resultata Indrebø kom fram til.¹³³ I gjennomgangen av *Fagerskinna* vil også eg støtte meg til Indrebøs resultat. Av skaldekvad siterer *Fagerskinna* heilt eller delevis 271 strofer som stammar frå 40 forskjellige skaldar. Størstedelen av desse strofene kjem direkte frå dei skriftlege kjeldene, og ein bør særleg legge vekt på banda mellom *Morkinskinna* og *Fagerskinna* på dette punktet. Det er 88 heile eller halve strofer i *Morkinskinna* som vi finn igjen i *Fagerskinna* og då som oftast i same

¹²⁸ Hagland 2008: 19

¹²⁹ KLN 5, *Fagerskinna*, Eyvind Fjeld Halvorsen og Jakobssen 1981: 14

¹³⁰ Indrebø 1917: 275-284

¹³¹ Jakobsen 1980: 113

¹³² Titlestad 2008: 12

¹³³ Jakobssen 1980: 33

rekkefølge og samanheng som i *Morkinskinna*.¹³⁴ Det er som vi ser eit tett band mellom *Fagerskinna* og *Morkinskinna*.

Av dei skriftlege kjeldene til *Fagerskinna* kan vi vere rimelig sikre på fleire. Vi har allereie blitt merksame på dei tette banda mellom *Morkinskinna* og *Fagerskinna* gjennom bruken av skaldekvad. Det er ikkje handskriftet vi har i dag som forfattaren har nytta seg av, men *Morkinskinna* i si eldre form.¹³⁵ Av skriftlege kjelder som dekkar tidsrommet frå fyrste til siste samkongedøme har forfattaren av *Fagerskinna* også hatt tilgang til *Ågrip* og Eirik Oddsons *Hryggjarstykki*.¹³⁶ Forholdet mellom *Fagerskinna* og Snorres *Heimskringla* er omstridt, noko eg skal gå nærare inn på nedanfor.

Heimskringla av Snorre Sturlasson

Heimskringla representerer eit høgdepunkt i norrøn historiografi, og er ei islandsk kongesoge om dei norske kongane i frå dei eldste tider fram til 1177. Forfattaren har nytta seg av dei fleste tidlegare arbeida som omhandlar dei norske kongane.¹³⁷ Vi kan ikkje sei nøyaktig når *Heimskringla* vart skriven, men mest taler for åra kring 1230.¹³⁸ I følge Hallvard Lie er det ikkje lenger tvil når det kjem til forfattarskapet av *Heimskringla*. Det er sikkert at Snorre Sturlasson er mannen bak denne kongesoga.¹³⁹ Likevel har kritiske spørsmål rundt kven som kan vere forfattaren til *Heimskringla* blitt drøfta i ettertid av Lie sitt bastante fråsegn. Som Gosh gjer merksam på, er det ingen samtidige bevis som støtter opp om at Snorre Sturlasson forfatta *Heimskringla*. På bakgrunn av problematikken med å identifisere Snorre som forfattaren til *Heimskringla*, vel Gosh å ikkje konkludere verken for eller i mot.¹⁴⁰ Diskusjonen rundt forfattarskapet til Snorre Sturlasson held framleis fram. Vidare i dette arbeidet vil vi likevel vise til Snorre som forfattaren av *Heimskringla* sidan det i dag er den gjengse oppfatning i norsk forskning.

Heimskringla syner kjennskap til 85 skaldekvad men ei rekkje av diktfragmenta som er å finne i teksten kan vere dikt som har blitt overført i frå tidlegare skriftlege kjelder.¹⁴¹ Fidjestøl har kome med ein oversikt over kva for skaldekvad som kan ha kome frå skriftlege kjelder. Der kan vi sjå at det er seks fragment som sikkert kjem frå *Fagerskinna*, og heile 15 fragment

¹³⁴ Jakobssen 1980: 35-38

¹³⁵ Indrebø 1917: 12

¹³⁶ KLN 5, *Fagerskinna*, Eyvind Fjeld Halvorsen

¹³⁷ Bagge 1991: 14

¹³⁸ KLN 6, *Heimskringla*, Hallvard Lie

¹³⁹ KLN 6, *Heimskringla*, Hallvard Lie

¹⁴⁰ Gosh 2011: 16

¹⁴¹ Fidjestøl 1981: 41

som kan sporast tilbake til *Morkinskinna*.¹⁴² Vi lyt altså vere merksame på at skaldekvad hos *Heimskringla* kan førast tilbake til forfattarens bruk av skriftlege kjelder. Om dei skriftlege kjeldene til *Heimskringla* har vi allereie innleiingsvis slått fast at forfattaren har nytta seg av det meste av tidlegare skrivne verk som omhandlar dei norske kongane. I denne samanhengen vil vi berre gå gjennom skriftlege kjelder Snorre kan ha nytte for perioden for samkongedøma. Snorre nemner sjølv at han nyttar seg av tekstane til Ari þorgilsson og Eirik Oddsson. Vidare kjem Bagge med ei oversikt over Snorre sine skriftlege kjelder; Gjennom tekstlig samanlikning kan vi sjå at han har nytta seg av *Morkinskinna*. Det er også ei overordna semje blant forskarar at Snorre har nytta seg av *Fagerskinna*.¹⁴³ Lie meienar også at *Ågrip* har blitt nytta i arbeidet og det blir som Bagge konkluderer med, at Snorre nytta seg av dei fleste av sine forgjengarar.¹⁴⁴

¹⁴² Frå både *Fagerskinna* og *Morkinskinna* har *Heimskringla* for det meste tatt skaldekvad om Harald Hardråde. Fidjestøl 1981: 41-43

¹⁴³ Bagge 1991:20-21

¹⁴⁴ KLN 6, *Heimskringla*, Hallvard Lie og Bagge 1991:21

Del 1: Bakgrunn for samkongedømet som arvefølgeordning

For å kunne undersøke styreforma til samkongedømet nærare er det naudsynt å setje seg inn i opphavet til denne styreforma. Vi er her ute etter ei djupare innsikt i dei fundametale overtydingane som rettferdiggjorde retten til å ha fleire kongar. I denne delen av arbeidet vil eg fyrst sjå nærare på det germanske opphavet til den norske kongemakta. Fyrst vil vi ta føre oss oppfatninga at ei ætt hadde kongerett framfor andre, og vidare korleis denne oppfatninga har vist seg i andre germanske land. Vidare vil vi drøfte om det fanst ei slik ætt i Noreg under vikingtid og tidleg kristen mellomalder. Til slutt vil vi ta føre oss inngåinga av det fyrste samkongedøme for å sjå om det er mogleg å identifisere opphavet gjennom aktivt gå inn i dei historiske hendingane.

3. Germansk arveføljelov

Den norske styreforma i frå eldre tid bygger på det germanske kongedømet.¹⁴⁵ Hos germanarane var det ein fast krins med ætter som kom i frå gudane eller ei gruppe ætter som var best skikka til å ta seg av gudane. Det var ut i frå dette særeigne bandet til gudane at ein kunne bli valt til konge. Det var ein verdifull eigenskap som gjorde at ein mann kunne stå opp å bli konge over andre. Denne eigenskapen var ikkje noko kongsemnet hadde tileigna seg på nokon måte, det var ein eigenskap han var født med.¹⁴⁶ Den fundamentale overtydinga vi etterlyste innleiingsvis er førestillinga kongelig blod, *sanguis regis*, ei førestilling om at rett til kongemakt kom frå ætta.¹⁴⁷ Som den tyske historikaren Fritz Kern legg vekt på er det også faktorar som eit overlegent maktgrunnlag og rikdom i ei kongelig ætt med på å bestemme valet av konge, men den grunntanken om kongelig rett låg var å høyre til kongeætta.¹⁴⁸ Denne kongeverdien av ætta førte altså til at ikkje berre ein person hadde rett til kongehylling, men alle søner av denne ætta. Frå opphavet i førkristen tid hadde alle søner, ektefødd som uektefødd, arverett etter far sin.

Merovingarar og Karolingarar

Det er med bakgrunn i førestillinga om odel i ætta og lik arverett mellom alle kongssøner at ideen om eit feller styre mellom fleire kongar kunne oppstå. Vi finn døme på at denne førestillinga har eksistert lenge i germanske kongedømer. Vi skal no sjå nærare på desse og undersøke kvifor det utvikla seg til styreformer som liknar på samkongedømet i andre land. Det tidlegaste døme vi tar føre oss er Merovingarkongane der arveføljelova kjem til uttrykk

¹⁴⁵ KLN 9, *Konge*, Arne Bøe

¹⁴⁶ KLN 9, *Konge*, Arne Bøe

¹⁴⁷ Kern 1968: 14

¹⁴⁸ Kern 1968: 14

gjennom ei deling av kongedømet. Etter at den merovingiske kongen Clovis døydde i 511 vart kongedømet hans delt mellom dei fire sønene, Theuderic, Childebert, Chlodomer og Clothar.¹⁴⁹ I følgje den irske historikaren Edward James er det tradisjonelle synet blant historikarar at Clovis følgde frankisk (germansk) arvefølgjelov.¹⁵⁰ Eit anna godt eksempel er under karolingarane. Karl den Store gjorde sønene sine til underkongar i keisardømet sitt. Då Karl døydde i 814 var det bare ein son, Ludvig den Fromme som framleis var i live og han arva med dette heile det karolingske riket.¹⁵¹ Ludvig den Fromme heldt fram med sedvanen som faren hadde før han, og gjorde sønene sine til underkongar. Etter at Louis døydde i 840 braut det ut strid mellom dei tre sønene hans som framleis var i live. Den eldste sonen Lothar meinte han hadde einerett til kongeriket etter bestefaren Karl den Store. Dei to andre brørne gjorde opprør mot han og det var borgarkrig i tre år før Karolingariket vart delt i tre mellom dei tre sønene under freden i Verdun i 843.¹⁵² Desse eksempla speglar godt den germanske førestillinga om at arvefølgjelova gav alle kongssøner odell i kongeriket. I følgje Bjørgo er det, til tross for at riket vart delt opp mellom arvingane, framleis snakk om ei rikseining både idèelt og reelt.¹⁵³ «I Frankariket var det såleis eit forvaltningsmessig og politisk samvirke på tvers av regional inndeling, og tanken om at riket som einskap vart ofte realisert ved at dei ulike riksdelar igjen vart samla under ein konge». ¹⁵⁴ Her har vi gode døme på at det råda ei oppfatning om lik arverett til alle kongssøner, både ektefødde og uektefødde.

Var det kongedømer der styreforma utvikla seg mot eit liknande styresett som det norske samkongedømet? På grunn av den auka kyrkjelege innflytelsen i karolingariket vart uektefødde søner stadig meir konsekvent haldne utanfor arvefølgja. Dei uektefødde sønene til Karl den Store måtte avstå frå arven i kongedømet. Det same gjaldt for Ludvig den Fromme i 817 då han måtte gå med på at uektefødde vart utestengt frå arvefølgja dersom kongen etterlet seg ein legitim son. Kravet der arvingen måtte vera født innanfor ekteskapet hadde med dette meldt sin innkost i dei europeiske kongehusa. Men dei ektefødde sønene hadde framleis rett til å dele kongedømet mellom seg.¹⁵⁵ Det var først då den fyrstefødde vart favorisert til å arve riket at ordninga med lik arverett gjekk mot slutten. Arne Odd Johnsen kan spore tilløp til å føretrekke den eldste kongesonen til å ta over riket allereie under merovingerane og karolingarane men det var først under kapetingerane at primogenituret vart etablert. Det var

¹⁴⁹ James 1988: 91

¹⁵⁰ James 1988: 91

¹⁵¹ Nelson 1995: 110

¹⁵² Nelson 1995:120

¹⁵³ KLN 15, *Samkongedømme*, Narve Bjørgo

¹⁵⁴ KLN 15, *Samkongedømme*, Narve Bjørgo

¹⁵⁵ Johnsen 1948: 292

først med Ludvig den VI's regjering (1108-1137) at legitimitetsprinsippet og primogenitur hadde festa sitt grep i Frankrike.¹⁵⁶ I frå midten av 1100-talet vart dei franske kongane følgd på trona av sin eldste ektefødde son. På grunn av tett samarbeid med kyrkja vart Frankrike eit reint arvekongedøme der berre den eksisterande kongefamilien hadde rett til trona.¹⁵⁷

Førestillinga om at ei særskild slekt hadde ein opphøgd rett til kongemakt eksisterte altså framleis sterkt i det franske kongedømet, men ideen om lik arverett mellom alle kongssøner var i løpet av 1100-talet ikkje lenger ei grunnførestilling.

England

Arvefølgja i England møtte same utfordringane som vi har sett døme på i Frankrike og Noreg. Lik arverett for alle søner gjaldt også her. I ei tid då det ikkje var uvanlig for kongen å få barn med fleire kvinner kunne kampen om arven vere konfliktfylt. Dronningar vil alltid prøve å sikre sine eigne søner. Dette kunne føre til konflikt mellom kone og bror til ein avdød konge. Med den opne arvefølgja hadde både brør og søner arverett etter ein konge. Utviklinga mot aktiv bruk av legitimitetsprinsippet vart framskynda av dronningmødrer som ynskte å sikre sitt eige avkom.¹⁵⁸ William Erobraren delte arven sin etter det germanske arverettsprinsippet der den eldste sonen Robert fekk farsarven i Normandie, den mellomste William fekk England medan den yngste sonen ikkje fekk vidareverdige landområder å tale om. Konflikt mellom brørne førte til slutt til at den yngste, som vart Henry I av England, sat igjen med både det engelske kongedømet og hertugdømet i Normandie.¹⁵⁹ Idear rundt primogenitur hadde allereie på dette tidspunktet byrja å etablere seg i Frankrike, men det tok merkbart lang tid før det vart etablert i England. I tidsrommet mellom 1066 til 1216 er det berre eit tilfelle i den engelske arvefølgja at kongemakta gjekk i arv frå far til eldste son. Det var i 1189 då Rikard I arva kongedømet etter far sin Henry II.¹⁶⁰ Heilt fram til og med 1400-talet vart England herja av konfliktar som dreia seg om spørsmål rundt legitimitet og arverett.¹⁶¹ Der franske kongedømet var raskt ute med å fastsetje klare arvefølgjeregjar som gav auka stabilitet til landet, hang det germanske arverettsprinsippet lenge igjen i det engelske kongedynastiet. Under urolege periodar når ein konge døydde i England, var ikkje samstyre mellom fleire regentar eit alternativ som vart nytta.

¹⁵⁶ Johnsen 1948: 292-293

¹⁵⁷ Johnsen 1948: 294

¹⁵⁸ Stafford 1981: 9-13

¹⁵⁹ Gillingham 2010: 127-128

¹⁶⁰ Given-Wilson og Curteis 1984: 6

¹⁶¹ Given-Wilson og Curteis 1984: 6

Samandrag

I undersøkinga ovanfor har eg gjort greie for rammene rundt den germanske arvefølgjelova og vist korleis den utarta seg i franske og engelske områder. Vi ser her at arvefølgjelova utvikla seg forskjellig i dei ulike landa, trass i at kongedøma hadde nær kontakt med kvarandre.

Allereie på byrjinga av 1100-talet hadde førestillinga om primogenitur og legitimitetsprinsippet blitt ein naturleg del av arvefølgjereglane i Frankrike. I England finn vi ei anna utvikling. Der var legitimitet og arverett framleis stridsspørsmål heilt ut på 1400-talet. Det er ikkje ein oppdeling av kongens rikseiningar eller ordningar i form av samkongedøme i England slik vi finn i Noreg, sjølv om den germanske arvefølgjelova var gjeldane i mellomalderen.

4. Norden

Den germanske arveføljelova førte ikkje til at styreforma i Frankrike og England oppretta samstyre mellom fleire kongar. Trass i eit liknande idégrunnlag er det ikkje gitt at germanske kongedømet hadde samstyre som styreform. Her må vi sjølvstekt trekke inn kristendommen som kom inn i både det franske og engelske kongedømet på eit langt tidlegare tidspunkt enn i Noreg. Med kristendommen kom også legitimitetsprinsippet, men i Noreg kjem nødvendigvis ikkje legitimitetsprinsippet automatisk med kristendommen. Korleis er utviklinga i dei andre nordiske landa Sverige og Danmark? Bjørgo seier at det er eksempel som kan minne om det norske samkongedømet. Han slår vidare fast at kjeldegrunnlaget er for spinkelt og dømt for svake til at vi kan sei noko utfyllande om organisering og funksjon til samkongedømet ut i frå svenske og danske døme.¹⁶² For å undersøke opphavet til samkongedømet kan det likevel vere fruktbart å sjå nærare på den politiske styreforma som rådde i nabolanda.

Sverige

Svensk historie under 1000- og 1100-talet er ei vanskeleg tid å undersøke når det kjem til kjeldene. I følgje Dick Harrison er kjeldeutvalet så magert at det er vanskeleg å tileigne seg kunnskap om sjølv ledande personar i det svenske samfunnet – som kongar, dronningar og biskopar.¹⁶³ Dei territoriale grensene til eit tidleg svensk kongedøme er også utfordrande å identifisere sidan det fantes maktsenter både ved Vättern og Mälaren. Den fyrste kongen som kan dokumenterast som konge over både Vättern og Mälaren er Olof Skötkonung (ca.995-1022). Det er likevel fleire periodar gjennom den svenske mellomalderen at det politiske landskapet var prega av konkurrerande kongar fleire stadar i landet. Ut over fyrste halvdel av 1100-talet var Sverige framleis inga avklart eining.¹⁶⁴ I periodar med to kongar som sit i kvar sin landsdel kjem eg ikkje til å sjå nærare inn på.

Det er under styringstida til Inge d.e. (1070-talet til ca.1100) vi finn døme som kan minne om samstyre. Harrison nemner at kong Inge d.e. var i samstyre anten med broren Halsten eller Håkon röde. Det er ikkje stort å finne om desse moglege samstyra i kjeldene, men eg vil no sjå nærare på det som er eit forsøk på å kunne sei noko om styreforma på dette tidspunktet. Har det vore eit samstyre mellom den svenske kong Inge d.e. og ein medregent, og kan vi vidare seie noko om kvifor eit slikt samstyre kom i stand? I *Svenskt biografiskt lexikon* skriv

¹⁶² KLN 15, *Samkongedømme*, Narve Bjørgo

¹⁶³ Harrison 2002: 78

¹⁶⁴ Harrison 2002: 102-103

Hans Gillingstam at Inge d.e. vart konge i Västgötaland rundt 1080, der han også var ein av to kongar.¹⁶⁵

Det er sikkert at Inge d.e. eldre vart konge på denne tida grunna to pavebrev som er adressert til kongen I.¹⁶⁶ Det fyrste brevet er i frå pave Gregorius 7 til svenskanes (lat. *Suetonum*) konge I. Paven ynskjer at Inge d.e. sender ein biskop til Roma for å informere om forholda i Sverige og for å få tildelt instruksar. I det neste brevet har paven adressert brevet til västgötarnes (lat. *Wisigothorum*) to kongar, I og A. Eit spørsmål som har råda i svensk historieforskning er kven denne A. var? Det står som nemnt ovanfor mellom broren til Inge d.e. Halsten eller Håkan röde (lat. *Aquinus*). Hos Adam av Bremen kan vi lese om Halsten i Skolion 84. Adam fortel at på same tid som Harald Hardråde fell i England, døyr også den svenske kongen Stenkil. Etter han kjemper to menn der begge heiter Erik om kongemakta, og det ender med at begge døyr i eit stort slag. Etter slaget valte svenskane sonen til Stenkil Halsten til konge, men han vart snart avsett og jaga ut av landet. Etter at Halsten var avsett gjorde dei ein Anund til konge. Det tok ikkje lang tid før dei avsette han også, og valte i staden ein mann ved namn Håkan til konge.¹⁶⁷ Dette er Håkan röde. Adam nemner ingenting om kong Inge d.e. og heller ingenting om eit eventuelt samstyre. Det ser også ut til at det er snakk om hendingar som har skjedd over eit kortare tidsrom. Korleis kan vi forstå dette? Det er først og fremst naudsynt å finne ut når Adam av Bremen skreiv ned informasjonen om dei svenske kongane. Adam skal ha dedisert eit eksemplar av verket til erkebiskop Liemar i 1075 eller 1076. Likevel skal ikkje Adam ha vore ferdig med dette arbeidet, heldt fram med skrivinga fram til sin død i byrjinga av 1080-åra. Han retta i teksten og la til informasjon der det var plass. Var det for lite plass noterte han tillegg eller skolier. Det siste tillegget vi kan vere rimelig sikre på er skriven av Adam sjølv er nettopp om hendingane i Sverige.¹⁶⁸ Vi har altså her ei samtidig kjelde frå tida rundt år 1080 som ikkje nemner kong Inge d.e. og som seier at broren Hastein vart avsett før Håkan röde vart konge. Likevel veit vi ut i frå pavebrevet at Inge d.e. var konge over svenskane 4. oktober 1080.¹⁶⁹ Var det Hastein eller Håkan som var den andre kongen, paven adresserar brevet til? Det er her naudsynt å gå vidare til andre kjelder for utfyllande informasjon. Ei god kjelde om kongane mot slutten av 1000-talet er *Hervarar saga ok Heiðreks*. *Hervarar saga* er først og fremst ei fornalderssaga som tar føre seg germanske myter frå munnleg tradisjon. Men mot slutten finn vi ein oversikt over svenske regentar fram til

¹⁶⁵ Gillingstam 1971-1973: 799

¹⁶⁶ I må vere ein forkorting av namnet Inge.

¹⁶⁷ Adam av Bremen: 177

¹⁶⁸ Danielsen og Frihagen 1993: 14-15

¹⁶⁹ Harrison 2002: 102

byrjinga av 1100-talet som i følgje Alaric Hall minner langt meir om islendingesagaer i stil.¹⁷⁰ Dette stemmer godt med den svenske historikaren Henrik Schücks konklusjon om at siste delen av *Hervarar saga* er henta frå Ari þorgilssons *Islendigabók*.¹⁷¹ I *Hervarar saga* kan vi lese at kong Inge d.e. hadde ein lang regjeringsperiode. Mesteparten av teksten handlar om Inge d.e. i kampen mot den heidenske slektningen Blot-Svein der den kristne Inge sigrar til slutt. Heilt til slutt i saga får vi møte Inge d.e. sin bror Halstein. I følgje *Hervarar saga* var Halstein konge saman med Inge d.e., men døydde før Inge.¹⁷² Denne forteljinga skil seg frå det Adam av Bremen kunne fortelje om Halstein. I følgje Adam var Halstein forvist frå landet før Inge vart tatt til konge. Er det slik at desse kjeldene ekskluderer kvarandre eller fortel dei ganske enkelt om ulike tidspunkt. Kan det vere at Hastein kjem tilbake til Sverige etter å ha vore forvist til Russland, og vart konge saman med broren. Det er sjølvsagt svake belegg for å hevde noko slikt, men det er verdt å merke seg at det er sønene til nettopp Hastein som vert kongar etter at Inge d.e. dør. Kva så med Håkan röde? Adam av Bremen skriv at Håkan röde vart konge etter at både Hastein og Anund vart forvist frå landet. *Svenskt Biografiskt Lexikon* skriv at Håkan var konge i Sverige omkring 1070.¹⁷³ Ei kjelde som skriv meir om Håkan röde er *Den Äldre Väsötagens kungalängd*.¹⁷⁴ Her kan vi lese at Håkan röde var konge i tretten vintrar, men kronologien er feil og kjelda fortel at Håkan röde var konge før Stenkil.¹⁷⁵ Det er problematisk å tolke noko som helst om styringstida til Håkan röde gjennom denne kjelda sidan den inneheld slike openbare feil. Vidare lyt ein derfor sjå nærare på kva Adam av Bremen og *Hervarar saga* kan tilføra.

I følgje kongegenealogien til *Hervarar saga* er Håkan röde konge før Inge d.e., det er med andre ord ingen punkt i kjeldene som gir inntrykk av at det kan ha vore eit samstyre mellom Håkan og Inge slik Harrison har antyda. Ut i frå gjennomgangen av kjeldene ovanfor kan vi hevda at eit eventuelt samstyre må ha vore mellom brørne Inge d.e. og Halstein. Pavebrevet stadfestar at eit samstyre høgst truleg har funne stad, og ein nærare gjennomgang av Adam av Bremen si historie og *Hervarar saga* viser at det mest truleg er brørne pave Gregorius 7 adresserar i brevet sitt til.

¹⁷⁰ Hall 2005: 16

¹⁷¹ Schück argumenterar for at *Hervarar saga* må slutte på eit tidspunkt der Pilip var avliden medan broren framleis var i live. Det vil sei at den svenske kongerekka og *Hervarar saga* må ha blitt skriven ned omtrent på same tid som Ari skreiv si første utgåve av *Islendigabók*. Schück 1914: 7

¹⁷² *Hervarar saga* s.70-71.

¹⁷³ Gillingstam 1971-1973: 560

¹⁷⁴ Det har ikkje vore mogleg å finne ei utgåve av denne kjelda, men Hans Gillingstam viser til denne i sin artikkel om Håkan röde, i *Svenskt biografisk lexikon*. Gillingstam 1971-1973: 560

¹⁷⁵ Gillingstam 1971-1973: 560

Eit anna synspunkt som bekreftar konklusjonen ovanfor, kjem fram i førestillinga om ei kongeleg ætt og den germanske arvefølgjelova. Retten til kongehylling ligg innanfor ei særskild ætt der alle søner av ein konge har arverett i kongedømet. Ser vi eit døme på at arvefølgja mellom to brør vert praktisert med at begge brørne fekk kongehylling? Mykje kan tyde på det. Er det så mogleg å sei noko meir om dette samstyret likna på det norske samkongedømet i styreform? Nok ein gang hindrar den avgrensa kjeldesituasjonen moglegheita for ei nærare undersøking av dette. Vi kan ikkje sei sikkert om kongedømet vart halde samla som ei eining eller om det var snakk om ei riksdeling. Som Harrison påpeikar er det svenske kongedømet mot slutten av 1000-talet prega av stor politisk uro, der det i fleire høve er vanskelig å snakke om eit fungerande svensk kongedøme.¹⁷⁶ Likevel får vi ikkje intrykk av at det var nokon form for strid mellom brørne Hastein og Inge d.e.. Eit fredelig samstyre som fungerte innanfor rammevilkår som kan minne om det norske samkongedømet kan ikkje utelukkast. Vidare er etterfølgjarane til kongane Hastein og Inge også eit døme på at førestillinga om germansk arvefølgjelov eksisterte i Sverige på byrjinga av 1100-talet. Tidspunktet for når kong Inge d.e. døydde veit vi ikkje sikkert, det næraste vi kan sei er i byrjinga av 1100-talet. Den førre kong Hastein hadde i følgje *Hervarar saga* to søner der begge etterfølgde Inge d.e. i eit samstyre.¹⁷⁷ Både Schück og Harrison støttar seg på dette, og meiner at brørne faktisk fekk kongedømet saman.¹⁷⁸ Her har vi altså to døme frå det svenske kongedømet mot slutten av 1000-talet og byrjinga av 1100-talet, der nære slektningar er kongar på same tid i ei form for samstyre. Gjennom krig, fredsavtalar og giftemål veit vi at Sverige hadde nær kontakt med den norske styringseliten på dette tidspunktet. På same tidspunkt finn vi også fleire døme på at nære slektningar delte på kongeembetet. Brørne Magnus og Olav Haraldsson (1066-1069), søskenbarna Håkon Magnusson og Magnus Olavsson (1093-1094), og i fyrste del av 1100-talet kom samkongedømet med dei tre Magnussønene (1103-1123). Kjeldene seier for lite til at vi kan konkludere noko meir inngåande rundt desse samstyra, men det er verdt å merke seg at dei ikkje fortel noko om ei deling av kongedømet. Heller ingenting om ei eventuell ordning der den ein broren var overordna den andre. Grunna den vanskelige kjeldesituasjonen vil det ikkje vere mogleg å gå grundigare inn i den eventuelle styreforma til dei svenske samstyra, men mykje tyder på at Sverige og Noreg var tett knytt opp mot kvarandre med mange likskapsband, også i måten førestillinga om germansk arvefølgjelov.

¹⁷⁶ Harrison 2002: 75

¹⁷⁷ *Hervarar saga* s.71

¹⁷⁸ Schück 1914: 7 og Harrison 2002: 102

At dei norske samkongedøma byggjer på ein idébakgrunn som kan vere felles for fleire av dei nordiske rika er interessant, og er med på å bekrefte konturane av sedvanar, normer og praksisformer vi finn i undersøkinga av dei norske samkongedøma. Eg vil no gå nærare inn i dei danske forholda og sjå etter liknande styreformar i det riket Noreg hadde mest omfattande kontakten med.

Danmark

Danmark og Noreg var to rike med nære relasjonar i mellomalderen, der kongehusa var knytt tett opp mot kvarandre gjennom både krig, alliansar og giftarmål. I *Knytlinga saga* kan vi lese om tilstanden i Danmark etter Erik Emune sin død i 1137:

«At that time there were many people in Denmark descended from kings, and most of them were little more than boys. They all thought they stood close to the throne, but the nobles failed to agree, some wanting to give their support and others speaking against it, as always happens when people are at odds over something»¹⁷⁹

Vi kan her spore utfordringar i det danske kongehuset ved at det var ei stor mengd etterkommarar etter danske kongar i landet og ingen klare reglar over kven som hadde rett til å bli konge. Det danske forskingsmiljøet har i stor grad nytta Sven Aggesen si korte historie om dei danske kongane, Saxo Grammaticus sitt omfattande historieverk *Gesta Danorum* og den korte *Roskildekrøniken*. Den islandske saga *Knytlinga saga*, er også fruktbar å nytte i denne undersøkinga. Vi skal no kort sjå nærare på desse kjeldene og klargjere kjeldeverdien desse vil ha for dette arbeidet.

Den opphavlege teksten til *Roskildekrøniken* var ferdigstilt innan oktober 1139, fleire år før hendingane eg vil sjå nærare på.¹⁸⁰ Men det er også eit tillegg til krøniken, lagt til ein gong under styringstida til Valdemar Sejr (1202-1241). Dette tilleggget tar føre seg tidsrommet fram til slutten av Valdemar den Stores styringstid i 1182.¹⁸¹ Der den opphavlege delen av *Roskildekrøniken* er direkte knytt opp mot Roskilde der både kongar og biskopar vart vurdert etter om dei var til nytte eller skade for kyrkja i Roskilde, har tilleggget eit anna politisk budskap.¹⁸² Hos Lauritz Wibull kan vi lese at *Roskildekrøniken* skriv seg frå det tapande

¹⁷⁹ Knytlingasaga: 145

¹⁸⁰ Wibull 1928: 96

¹⁸¹ Gelting 2002: 92

¹⁸² Gelting 2002: 88

partiet i borgarkrigen.¹⁸³ Under tillegget er borgarkrigen over, og vi kan sjå at kongen Erik Lam vert omtalt i eit langt meir positivt ordlag enn i den opphavlege teksten.

Nøyaktig når Sven Aggesens korte historieverket vart ferdigstilt kan vi ikkje vite sikkert, men Eric Christiansen kjem med ein rimelig argumentasjon for året 1188.¹⁸⁴ Tidsrommet mellom hendingane og nedskrivningstida er i så fall kort. Forfattaren skal ha vore medlem av hirda til Valdemar den Store og Knud 6.¹⁸⁵ I hendingane vil eg sjå nærare på er Valdemar ein aktiv deltakar, arbeidet fremjer også aktivt Valdemar som helten. Trass i den klare partiske haldninga hos Sven Aggesen, lyt ein rekne arbeidet hans for å ha stor kjeldeverdi for mi undersøking.

Det mest omfattande arbeidet om dansk historie i frå mellomalderen er Saxo Grammaticus' Danmarkshistorie, *Gesta Danorum*. Sven Aggesen og Saxo Grammaticus har kjent til kvarandre. Sven Aggesens arbeid var ferdig før Saxo Grammaticus hadde fullført sitt, men Sven dersome at Saxo var i gang med sitt arbeid, og skriv at det er årsaka til at han sjølv har fatta seg kort, sidan Saxo skal gå langt grundigare til verks.¹⁸⁶ Krøniken *Gesta Danorum* må derfor ha vore påbyrja ein gong i løpet av 1180-åra. Nøyaktig år for når den vart skriven veit vi ikkje men Skogvaard-Pettersen hevdar at verket vart ferdig ein gong i tidsrommet 1208 og til 1219.¹⁸⁷ Saxo skriv med eit tydelig opplysende føremål der historia hadde som oppgåve å fortelje om kampen mellom Guds rike og djevelens rike. Eit føremål som til tider går ut over den historiske sanninga. Etter Curt Weibull sine studiar er det allment kjent at *Gesta Danorum* sin verdi som forteljande kjelde er avgrensa, også tidsrommet for Saxo si samtid. Dels fordi han nyttar kjelder vi framleis har tilgang til i dag, og dels fordi teksten hans har gjennomgått store bearbeidingar. Dette fører til at vi må nytta *Gesta Danorum* forsiktig.¹⁸⁸

I tillegg til dei danske krønikene har vi også den islandske saga, *Knytlinga saga*. Soga tar føre seg dei danske kongane i tidsrommet frå Harald Blåtann (rundt 940) og fram til Knut Valdemarsson (konge frå 1182 til 1202).¹⁸⁹ Verket er skriven med Snorre Sturlasson si Heimskringla som modell og Hermann Pálsson og Paul Edwards meiner at forfattaren av

¹⁸³ Weibull 1928

¹⁸⁴ Christiansen 1992: 26

¹⁸⁵ [http://www.denstoredanske.dk/Danmarkshistorien/Kirker_rejses_alle_vegne/Valdemarstiden_\(1157-1241\)/Danernes_bedrifter_Historieskrivning/Sven_Aggesen](http://www.denstoredanske.dk/Danmarkshistorien/Kirker_rejses_alle_vegne/Valdemarstiden_(1157-1241)/Danernes_bedrifter_Historieskrivning/Sven_Aggesen) Henta 19.10.2012.

¹⁸⁶ [http://www.denstoredanske.dk/Danmarkshistorien/Kirker_rejses_alle_vegne/Valdemarstiden_\(1157-1241\)/Danernes_bedrifter_Historieskrivning/Sven_Aggesen](http://www.denstoredanske.dk/Danmarkshistorien/Kirker_rejses_alle_vegne/Valdemarstiden_(1157-1241)/Danernes_bedrifter_Historieskrivning/Sven_Aggesen) Henta 19.10.2012.

¹⁸⁷ KLN 15, *Saxo*, Inge Skogvaard-Pettersen

¹⁸⁸ KLN 15, *Saxo*, Inge Skogvaard-Pettersen

¹⁸⁹ Pálsson og Edwards 1986: 9

Knytlinga saga, kan ha vore nevøen til Snorre Sturlasson.¹⁹⁰ Det er fleire argument for at Olav Tordsson (død 1259) kan ha vore forfattaren. Soga nemner sjølv i teksten at Olav Tordsson var ein periode i hoffet til Valdemar 2.¹⁹¹ Ei kjelde frå 1200-talet nemner også at Olav Tordsson hadde besøkt den danske kong Valdemar (*borgils saga skarða*), og vi har ei kjelde vi veit er skriven av Olav Tordsson som nemner hans forhold til den danske kongen.¹⁹² Av kjelder til den danske historia skal forfattaren hatt tilgang på Saxo Grammaticus si Danmarkshistorie. I tillegg til Saxo ser det ut til at forfattaren også har nytta *Heimskringla* og danske annaler.¹⁹³ Etter å no ha sett nærare på kjeldene vi kjem til å nytte i denne undersøkinga kan vi no gå sjå nærare på kva for hendingar i den danske rikshistoria som kan minne om det norske samkongedømet.

Ved inngåinga av det fyrste samkongedømet i Noreg i 1046, låg Magnus den Gode i krig med den danske tronkrevjaren Sven Estridsson. Sven overlevde Magnus og vart dansk konge etter hans død. Trass i hyppig krigføring med Harald Hardråde, klarte Sven å overleve også denne norske kongen. Sjølv var Sven Estridsson far til mange søner, ingen av dei ektefødde. Han valde ikkje å dele kongedømet mellom sønene sine som Harald Hardråde gjorde, likevel var dei fem neste kongane i Danmark søner av Svein Estridsson. Rekkefølgja mellom brørne ser ut til å vere etter alder.¹⁹⁴ Det ser derfor ut til at den danske makteliten har valt å følgje ei form for primogenitur snarare enn å nærme seg ei styreform som kan minne om det norske samkongedømet. Ei årsak til at berre ein kongeson vart valt til konge om gongen kan sjølv sagt forklarast med at det faktisk var så mange søner at eit samstyre ville blitt vanskelig.

Er det eksempel på at samstyre mellom fleire kongar i dansk historie? For å sjå nærare på det lyt vi gå inn i borgarkrigstida som oppstod i Danmark i 1131 etter drapet på Knut Lavard.¹⁹⁵ Etter drapet gjekk Danmark inn i ei tid prega av kampen om kongemakta mellom fleire tronkrevjarar. I 1146 vert to kongshemne hylla til kongar. Svend 3 Grathe vart hylla til konge i Sjælland og Skåne, medan Knud 3 Magnusson vart hylla til konge over Jylland. Begge vart kongar men det er ikkje her snakk om nokon form for samstyre. Dei neste åra var Danmark i stor grad prega av krigen mellom kongane og kampen om å verte einekonge i landet. Einaste hendinga som kan vitne om nokon form for samstyre mellom dei to regentane, er eit felles

¹⁹⁰ Pålsson og Edwards 1986: 18

¹⁹¹ *Knytlinga saga*: 175

¹⁹² Pålsson og Edwards 1986: 18-19

¹⁹³ KLN 8, *Knytlingasaga*, Gustav Albeck

¹⁹⁴ Skovgaard-Pettersen 2003, a: 179

¹⁹⁵ Skovgaard-Pettersen 2003, b: 353

korstog mot venderane.¹⁹⁶ Saxo Grammaticus skriv at kongane slutta fred og utveksla gislar før dei samla seg i kamp for kyrkja. Konflikten blussa opp att mellom Svend og Knud alt på vegen tilbake til Danmark.¹⁹⁷ I Noreg var det også tilfelle der kongane samla seg for å reise på hærferd utanlands. Eit godt døme på dette er Magnus den Gode og Harald Hardråde si hærferd til Danmark i 1047. Trass i at vi kan trekke liner mellom korstoget i 1146 og eksempel frå samkongedøma i Noreg er det neppe her snakk om ei styreform som kan minne om eit samkongedøme. Den sterke konflikten både før og etter korstoget vitnar ikkje om nokon form for felles styre. Gjennom det vi kan lese i Saxo kan vi også få inntrykk av at einaste årsaka til at dei danske kongane deltok i dette korstoget var på grunn av press frå kyrkja.

I 1146 skrinlegg Sven Grathe og Valdemar den Store Knut Lavards bein. Valdemar støtta Sven Grathe i krigen mot Knud Magnusson utan å kome med kongskrav, sjølv om også han var medlem av kongefamilien.¹⁹⁸ I 1152 la kong Sven det danske kongedømet i len under den tysk-romerske keisaren, men var plikta til å forsørgje Knud og Valdemar i form av len. Det er først etter denne avtalen at Valdemar går inn i allianse med Knud og forlova seg med halvsystema hans. Sven vart sett under så pass stort press at han måtte flykte i eksil i Tyskland. I følgje Kai Hørby er det no i 1154 at både Knud Magnusson og Valdemar let seg hylle til kongar samtidig, og styrte landet saman fram til Sven Grathe kom tilbake i 1157.¹⁹⁹ Ved Sven sin tilbakekomst samla alle partar seg til forlik. Forliket gjekk ut på at Sven skulle ha Skåne, Knud Sjælland og Valdemar Jylland. Forliket skulle stadfestast ved eit gilde i Roskilde 9.8.1157. Under dette gildet vart Knud Magnusson drepen av mennene til Sven Grathe. Valdemar vart skada men klarte å flykte.²⁰⁰ Etter eit par månadar fall Sven Grathe i eit slag og Valdemar vart einekonge.²⁰¹

Kva seier kjeldene om desse hendingane. For mitt arbeid er det moglege samstyre mellom Knud Magnusson og Valdemar interessant. Hadde dei eit samkongedøme i Danmark i frå 1154-1157? Avtalen mellom dei tre kongsemna i 1157 er også interessant. Sjølv om avtalen aldri vart en realitet, viser sjølve avtalen at det var ei førestilling om at ein kunne dele styret mellom fleire kongar i Danmark.

¹⁹⁶ Hørby 1983: 243 og Christensen 1981: 60

¹⁹⁷ Saxo Grammaticus: 161-165

¹⁹⁸ Hørby 1984: 233

¹⁹⁹ Hørby 1984: 233

²⁰⁰ Hørby 1983: 244

²⁰¹ Danstrup 1946: 72

Sven Aggesen nemner ingenting om samstyret mellom Knud Magnusson og Valdemar. Han er også svært kortfatta når det kjem til borgarkrigstida generelt. Tidspunktet frå Erik Lamb sin død og fram til Valdemar den Store sin siger i 1157, får ikkje ei full side i Eric Christiansen si omsetjing.²⁰² Det Sven kan fortelje oss er at Valdemar skiftar side i løpet av kampen. Seier så dei andre historieverka noko om Valdemar si kongehylling i 1154? *Roskildekrøniken*, *Gesta Danorum* og *Knytlingesagaen* nemner alle at Knud Magnusson og Valdemar den Store vart hylla til kongar i 1154. I *Roskildekrøniken* får vi inntrykk av at den danske eliten går saman i fredsforhandlingar og utnemner to kongar, Knud Magnusson og Valdemar den Store. Ein konsekvens av den doble kongehyllinga er at Sven Grathe må flykte til sin svigerfar i Sachsen.²⁰³ I følgje forfattaren av tillegget i *Roskildekrøniken* vart altså kong Sven pressa ut av landet ved ein allianse og dobbel kongehylling av Knud og Valdemar. I *Gesta Danorum* kjem også den doble kongehyllinga før Sven drar i eksil til Sachsen. Saxo skriv at Sven hadde prøvd å kaste Valdemar i fengsel medan han var i Sachsen, men Valdemar var svært populær og hadde brei støtte og kom seg trygt tilbake til Danmark. I ettertid samlar Knud og Valdemar seg i Viborg. Sven skal då ha kome mot dei for å forsøke å ta dei til fange. Då han vart oppdaga prøvde Sven å forklare at han ynskte å komme i samtale med Knud og Valdemar. Knud og Valdemar stolte ikkje på Sven, og let seg hyllast til kongar på jydernes ting.²⁰⁴ Ved å hylle også Valdemar til konge stod dei sterkare som to kongar mot kong Sven. Kva seier så *Knytlingasaga* om denne hendinga? I dette historieverket vart ikkje Valdemar hylla til konge før etter at Sven hadde dratt i eksil.²⁰⁵ Den danske historikaren Jørgen Olrik har gjennomført ein grundig studie der han ser på framstillinga av Danmark si historie gjennom forholdet mellom *Gesta Danorum* og *Knytlingesaga*.²⁰⁶ Hendingane rundt kongehyllinga til Knud og Valdemar er i stor grad likt framstilte i *Gesta Danorum* og *Knytlingasaga*. Trass i likskapstrekk merkar Olrik seg at forfattaren av *Knytlingasaga* ved fleire høve (også under denne hendinga) viser inngående kunnskap om Knud og Valdemar sine personlege skjebner.

²⁰² Sven Aggesen: 71-72

²⁰³ Roskildekrøniken: « I det tiende år samledes alle danske endelig, og idet de forhandlede om fred, valgte de to konger, Knud, som tidligere var valgte av jyderne, og Valdemar, søn f den hellige Knud hertug og martye. Fordrevet fra Danmark flygtede Svend derimot til Sachsen, til sin svigerfader hertugen av Sachsen, (...)» s.34-35

²⁰⁴ Saxo Grammaticus: «Men de havde spioner ude og havde for længst fået efterretning om hvad det var for lumske pkaner han havde med dem, så de ventede sig intet godt af hans løfter og lod sig i stedet udråbe til konger på jydernes landsting.» s.209

²⁰⁵ Knytlingasaga: “As soon as King Svein was gone, Vladimir had himself declared king. Everyone was in fovour since he was a very popular man. So both Vladimir and Knud had themselves formally anointed king, (...)” s. 152

²⁰⁶ Olrik 1930: 131-190

Dette forklarar Olrik med at forfattaren må ha hatt ein *hjemmelsmand* med god kunnskap til desse. Desse opplysningane kan derfor tene som kjelde til korreksjon av Saxo.²⁰⁷

Om den doble kongehyllinga fann stad før eller etter at kong Sven Grathe hadde dratt i eksil til Sachsen er det ikkje rom for å drøfte nærare i dette arbeidet. Det er likevel mogleg å dra ut konklusjonar frå denne gjennomgangen av kongehyllinga i 1154 som er fruktbare for mitt vidare arbeid. Eg har no sett nærare på same hendinga i tre forskjellige kjelder. Alle tre har oppstått under styringstida til Valdemar Sejr (1202-1241) som var sonen til Valdemar den Store. Opphavsmannen til tillegget i *Roskildekrøniken* veit vi lite om, men den endra ordlyden i frå sjølve krønika viser at forfattaren av tillegget er meir vennleg innstilt til Erik Lamb og Valdemar den Store som går sigrande ut av borgarkrigstida. Det er dermed belegg for å tru at tillegget kjem frå Valdemar Sejr sitt hoff. *Gesta Danorum* veit vi vart bestilt av erkebiskopen Absalon som var fosterbror til Valdemar den Store, og tett knytt opp mot den sigrande kongen i borgarkrigen. *Knytlingasaga* har i stor grad nytta *Gesta Danorum* som kjelde for perioden 1146-1187, men som vi har sett gjennom Olrik sitt arbeid brukte forfattaren av *Knytlingasaga* ei anna kjelde (godt mogleg munnleg) om hendingane rundt kongehyllinga i 1154.²⁰⁸ Alle kjeldene er dermed nært knytte opp mot Valdemar den Store og vi kan dermed rekne det for sikkert at det fann stad ei felles kongehylling i 1154. Kjeldene er samde i at Knud Magnusson og Valdemar Sejr var i nær allianse då dei begge lot seg hylle. Det må ha låge til grunn ei førestilling om eit felles styre for begge partar, noko som kan minne om samkongedømet i Noreg i styreform.

Kan vi vidare sei noko om korleis samstyret mellom Knud Magnusson og Valdemar den Store fungerte? Krønikene er samde i at Sven Grathe var i eksil i Sachsen i tre år. Om tidsrommet mellom 1154 til 1157 er det i hovudsak krigshandlingar historieskrivarane har brydd seg med å dokumentere. Etter at både Knud Magnusson og Valdemar den Store hadde blitt hylla til kongar reiste Magnus til Sverige. I følgje *Gesta Danorum* er det på grunn av den svenske kong Sverkers død at Knud må ta reisa. Mor til Knud var gift med danskekongen og trengte trøst og støtte.²⁰⁹ *Knytlingesagaen* fortel derimot at Knud drar for å hente kong Sverkers dotter som han skal gifte seg med.²¹⁰ Om desse forskjellige forklaringane på kvifor Knud drar

²⁰⁷ Olrik 1930: 141

²⁰⁸ Olrik 1930: 141

²⁰⁹ Saxo Grammaticus: 217

²¹⁰ *Knytlingasaga*: 152

til Sverige, seier Olrik at det mest truleg er *Knyttlingasagen* si forklaring vi kan lite på.²¹¹ Under Knud sitt opphald i Sverige trenger kong Sven på nytt inn i Danmark med støtte frå hertugen av Sachsen. At det framleis kan vere ein konge i landet trass i at Knud må reise til Sverige er ein klar styrke når det er eit samstyre mellom to kongar. Då Valdemar fekk etterretning om invasjonen til Sven sendte han straks bod etter Knud i Sverige. Knud kjem så fort han kan, men vert i følgje *Gesta Danorum* forsinka på grunn av uvær.²¹² Ut i frå desse hendingane kan vi etter kvart dra eit par slutningar om forma på samstyret mellom Knud og Valdemar. Det ser ut til at dei trass i samstyre var to sjølvstendige kongar som ikkje nødvendigvis trengte å opphalde seg på same plass. Denne fridomen til å dele seg opp vitnar også om at begge har kvar si hird. I fleire høver minner dette om samkongedøma i Noreg. Under Sven sitt angrep medan Knud var i Sverige ser det ut til at Knud og Valdemar forsøker å samle seg mot angrepet. Vidare i 1157 då Sven på nytt kjem går inn i Danmark med militærmakt samlar Knud og Valdemar ein hærstyrke i fellesskap og går i mot Sven som ei eining.²¹³ Det at dei går saman mot militære trugslar minner også om handlemåtar innanfor samkongedømet. Eit godt døme er når dei norske kongane Inge Krokrygg og Sigurd Munn går saman mot den trusselen Sigurd Slembe representerte. Ut i frå det kjeldene kan fortelje oss om samstyret i Danmark frå 1154 til 1157, har vi no identifisert fleire likskapstrekk med samkongedømet i Noreg. Når vi no vidare skal sjå nærare på forliket mellom dei tre kongane i 1157 får vi også fleire prov på at førestillinga om lik arverett til alle kongesøner og at det er mogleg å ordne dette med å gi alle tronkrevjarar kongetittel.

Sven går i 1157 på nytt til angrep på Danmark, denne gongen med ein vendisk hær. Med denne hæren skal han ha klart å erobre Fyn, der han møter Knud Magnusson og Valdemar den Store. Her skal Sven ha spurt Valdemar om fredsforhandlingar. Her er inngangen til forliksmøtet på Lolland der det danske kongedømet vart delt mellom tre kongsemne.²¹⁴ Under eit møte mellom kongane Sven og Valdemar, legg Sven myndigheten i Valdemar sine hender og lover å godkjenne avgjersla Valdemar kjem fram til. I *Gesta Danorum* kan vi lese:

Hvad enten det nu var fordi han satte sin lid til deres slægtskab, eller fordi han ville lægge slør over sit forræderi, overlod Sven det nu, med Knuds billigelse, til Valdemar at mægle i sagen og erklærede at ham ville gå ind på hvad som helst Valdemar nåede frem til.

Valdemar bestemte så at både de andre og han sjølv skulle have titel af konge, hvorefter

²¹¹ Drapet på den svenske kong Sverker skal ha skjedd ved juletider 1156, medan kong Svens invasjon kom tidlegare i desember. Olrik 1930: 142

²¹² Saxo Grammaticus: 217

²¹³ Saxo Grammaticus: 219, Knyttlinga saga: 153

²¹⁴ Hørby 1984: 233

han delte det samlede rige i tre: Som den fyrste del udskilte han de vældige Jylland, der er lige så folkerigt som det er vidstrakt, som den anden Sjælland og Fyn, og som den tredje Skåne med dertil hørende landskaber.²¹⁵

I ordlyden verkar forma på denne avtalen, *Gesta Danorum* gir oss eit omriss av her, svært lik samkongedøma i Noreg. Eg tenker då særskild på der teksten fortel at Valdemar delar det samla riket i tre. Dei resterande krønikene er også samstemte om at avtalen er ein tredeling av eit samla dansk kongedømet.²¹⁶ Det danske kongedømet ser ut til å framleis vere statsrettslig ei eining men landet vart delt opp i administrative delar. Vi kan også her dra klare liner tilbake til dei norske samkongedøma der kongane delte landet mellom seg i ein nordre eller austre lut.

Samandrag

Etter eit nærare innsyn i dei svenske og danske forholda har eg vist at dei nordiske landa var tett knytt saman i måten den germanske arvefølgjelova utarta seg i dei forskjellige landa. Grunna ein vanskeleg kjeldesituasjon til dei svenske forholda, fekk eg ikkje gjort stort anna enn å konkludere med at samstyre som styreform også hadde funne stad i det svenske kongedømet. I Danmark var tilgangen på kjelde betre og det var særskild perioden 1146-1157 som var interessant for mi undersøking. I denne perioden kan vi sjå at eit samstyre vart inngått i 1154 og eit nytt samsyre vart forsøkt inngått i 1157. Eg har med denne undersøkinga funne fram til fleire likskapstrekk mellom styreformene i dei nordiske landa under same tidsrom.

²¹⁵ “Tunc Sueno siue cognationis fidutia siue tegende fraudis studio Kanuto consentiente Waldemaro compositionis arbitrium tradit, probatarum se, quecumque per ipsum taxarentur, affirmas. Igitur Waldemarus ipsis sibi que regii nominis usurpation decreta trifariam totius regni orbem partitus, litie magnitudinem, non minus incolarum multitudinem quam spaciis abundantem, in unam portionem secreuit, in altera Sialandiam ac Fioniam, in tertia Scaniem cum attieitibus prouinciis locauit.” Saxo Grammaticus: 222-224.

²¹⁶ Roskildekrøniken: 35, Sven Aggesen: 71 og Knytlingasaga: 154

5. Kongedømet som odel i Hårfagreætta

Vi har no sett at arvefølgjeprinsippet har utarta seg annleis i Noreg samanlikna med England og Frankrike. Sjølv om vi har funne liknande førestillingar og handlemåtar i Sverige og Danmark er hendingane uklare eller for dårlig dokumentert til at vi kan trekke nokre større konklusjonar ut i frå ein gjennomgang av desse landa si styreform i mellomalderen. I Noreg vart det regelmessig praktisert at alle mannlege arvingar av ein konge fekk kongehylling. Men for å kunne krevje denne kongeretten måtte ein vere medlem av Hårfagre-ætta. Det er ein allment godtatt oppfatning at det norske riket vart odel i Hårfagre-ætta i løpet av 900-talet.²¹⁷ Dette synet er Claus Krag ueinig i. I følgje Krag er den oppfatninga ein seinare konstruksjon av det lærde miljøet på Island og i Noreg på 1100- og 1200-talet.²¹⁸ Han stiller seg kritisk til om Olav Tryggvasson, Olav den Heilage og Harald Hardråde faktisk var etterkommarar av Harald Hårfagre. Problemstillinga i arbeidet til Krag er ikkje knytt opp spørsmålet om Harald Hardråde faktisk var etterkommar etter Harald Hårfagre. Krag er ute etter å undersøkje om slektsbakgrunnen, eller Hårfagre-avstamninga, betydde noko for Harald Hardrådes veg til kongemakta. Var det ei førestilling om at Hårfagre-ætta hadde ein særskild odel i kongedømet? Om det viser seg å vere slik som Krag hevdar fjernar vi årsaksforklaringa til at samkongedømet som styreform kan kome i stand. Talar ikkje nettopp samkongedømet for at førestillinga om at ein særskild familie var overordna andre leiande familiar var til stades under 1000- og 1100-talet? Dette er spørsmål eg skal forsøke å finne svar på i undersøkinga nedanfor.

Krags arbeid byggjer på ein systematisk kritisk gjennomgang av kjeldene der han set spørsmål ved når førestillinga om Hårfagre-ætta oppstod, og tydinga vi i moderne tid har lagt til skaldekvada. Helle skriv at Krag nyttar ein metodisk fruktbar metode, men han seier seg ikkje einig med hans realhistoriske omvurderingar.²¹⁹ Eg skal no gå inn i dei same kjeldene og sjølv undersøke belegget for Krags konklusjon.

Kor oppstod ideen om at Hårfagre-ætta hadde odel i kongedømet? Krag meiner at svaret på dette er enkelt: Dei lærde historikarane på 1100- og 1200-talet brukte kongeætta som ein raud tråd gjennom framstillingane sine for å skape samanheng og system i teksten.²²⁰ Førestillinga om Hårfagre-ættas odelskrav finn vi regelmessig allereie regelmessig i dei eldste kongesogene *Ågrip* og historieverket til Tjodrek Munk. Krag meiner at desse verka er nært knytt opp mot

²¹⁷ Dørum 2001: 323

²¹⁸ Krag 1989

²¹⁹ Helle 2001: 37

²²⁰ Krag 1989: 301

det mønster som var for heilskap og samanheng i islandsk og norsk historieskriving, slik det har blitt framstilt heilt frå Sæmund Sigfusson og Ares þorgilssons tid. Han meiner også at forfattarane av *Ágrip* og *Historia de Antiquitate regum Norwagensium*, har vore påverka av desse kjeldene. Kjente Tjodrek Munk til dei to eldre islandske ættesogene? I følgje Bagge kan det hende at Tjodrek har hatt tilgang på desse sogene, men sidan dei er tapt for oss i dag kan vi ikkje seie det sikkert. Vi kan heller ikkje vite kor mykje han eventuelt har tatt frå dei islandske sogene.²²¹ Det verkar underleg at Krag er så rask med å konkludere med Tjodreks kjennskap til den islandske litteraturen. Det er sjølvsagt like lite mogleg å kunne sei sikkert at Tjodrek ikkje har hatt tilgang på Are og Sæmund som det motsette. I artikkelen, *Det norske riket som odel i Harald Hårfagres ætt*, kjem Knut Dørum med eit kritisk svar til Krag's konklusjonar.²²² Her går han nærare inn på kva vi veit om Sæmund Sigfusson. Han legg særlig vekt på at Sæmund studerte i Paris i sin ungdom i 1070-årene. Der fekk han innføring i den nye kritiske historieskrivinga. Her meiner Dørum at Sæmund tileigna seg kritiske metodar for å fastslå kronologi og faktiske hendingsløp. På kva for grunnlag Dørum kjem med desse konklusjonane viser han ikkje. John Megaard kan hevdar at Sæmund hadde eit lengre opphald i Frankrike, og det er nærliggande å tru at han på dette opphaldet har fått ein grundig innføring i historieskriving.²²³ Vidare legg Dørum vekt på at Sæmund vart fødd rundt 1050 og han må derfor ha hatt godt kjennskap til førestillingane om det norske kongehuset på 1000-talet. Han var sjølv ein mektig høvding på Island med kontaktar i Noreg, noko som blir stadfesta ved at sonen hans vart gift med dottera til Magnus Berrføtt.²²⁴ Dørum peikar på at datering for når førestillinga om Hårfagre-ætta sin odel i landet kan ha oppstått, må skuvast ned på 1000-talet, noko som gjer at tesen som Krag legg fram står svakare. Spørsmålet som melder seg er om Harald Hardråde og Magnus den Gode hadde ei førestilling om å vere av ei opphøgd ætt som hadde odelskrav over heile landet? Var det ikkje nettopp på grunn av kravet om odel at Harald Hardråde kunne krevje del i kongedømet? Argumentasjonen ovafor har ikkje gitt oss noko særskild formeining verken for eller i mot. Ideen om slektsskapet mellom Harald Hårfagre og Harald Hardråde kan vere ein konstruksjon av Sæmund på byrjinga av 1100-talet. Men det er heller ikkje urimelig å tru at både Olav den Heilage og Harald Hardråde hadde ein ide om at dei kom i frå ei opphøgd rett til kongehylling gjennom ætta dei stamma frå.

²²¹ Bagge 2011: 73

²²² Dørum 2001: 336

²²³ Megaard 2003: 373

²²⁴ Dørum 2001: 336

Arbeidet til Krag har sett eit nødvendig fokus på det magre kjeldegrunnlaget som tidlegare er nytta til å konkludere med at det var ein arverettstanke i Hårfagre-ætta. Men det var sjølvklart eit kontroversielt standpunkt då Krag la det fram, og det rokka i grunnmuren på eit godt etablert tradisjonelt syn. Den kjeldekritiske styrken bak argumentasjonen til Krag ligg i den grundige gjennomgangen av skaldekvada. Den tyngste argumentasjonen for at det var ein ide om ein arverettstanke i Hårfagre-ætta er gjennom bevis i samtidige skaldekvad. I følge Krag har tidlegare forskarar gitt kvada ei genealogisk tyding gjennom Hårfagre-perspektivet som ikkje nødvendigvis er der. Han tek også føre seg tydinga tidlegare forskarar har lagt i deler av skaldekvada. Det er i hovudsak tydinga av orda *ættleifð*, *ættlond*, *ættegrund* og *ættjörd* Krag finn problematiske. Tidlegare forskning hevdar at det er riket desse orda er knytt opp mot, og dette blir derfor brukt som bevis på at landet var knytt til ei spesiell ætt. Her er Krag ueinig og seier:

For det første er det et langt sprang fra et kongsemnes subjektive krav fordi han tilhører en slekt, og til det at denne slekten skulle ha en objektiv fortrinnsrett. At en konge sies å få sin «odel» e.l., vil ikke jeg legge mer i enn at han da får det han hevdet han hadde krav på.²²⁵

For meg er det vanskeleg å få samanhengen kva Krag egentlig meiner. At eit kongsemne hever sitt kongskrav gjennom å høyre til ei spesiell ætt, gir vel nettopp denne slekta eit objektiv fortrinnsrett framfor andre slekter? At omgrepet odel berre skal bety at eit kongsemne har eit krav og ikkje er knytt til arv verkar urimelig. Tidlegare forskning har slått fast att førestillinga utvalde ætter stod over andre var å finne i germanske riker.²²⁶ Ein kan få inntrykk av at Krag trekk konklusjonane sine for langt i forsøket på å ta liv av myten om Hårfagre-ætta. Vidare meiner han at orda *ættleifð*, *ættlond*, *ættegrund* og *ættjörd* er høvelige omskrivingar for land. At her er ord som ikkje skal ha noko med ætt og arv å gjere, meiner Dørum fell på sin eigen urimelegheit.²²⁷ Krag svara på denne kritikken i artikkelen, *Myten om Hårfagreættens odel*. Her går han inn i alle tilfelle orda *ættleifð*, *ættlond*, *ættegrund* og *ættjörd* har blitt nytta der tidlegare forskning meiner at dei kan peike tilbake til Harald Hårfagre.²²⁸ Krag meiner at døma er utilstrekkelige og ikkje nødvendigvis kan tolkast slik tidlegare forskning har gjort.²²⁹

²²⁵ Krag 1989: 299

²²⁶ Kern 1968: 14

²²⁷ Dørum 2001: 333

²²⁸ Krag 2002: 387-388

²²⁹ Krag 2002: 387-388

Gjennom Krag's kjeldekritiske gjennomgang av skaldekvada har han vist at vi ikkje kan nytte desse som endelege prov på at Hårfagre-ætta hadde odal i kongedømet. Men det er i fleire høve vanskeleg å førestille seg at kongesøner skal ha rett til kongemakta utan at det var ei førestilling om at arveretten var avgrensa til ei bestemt kongsætt. Innleiingsvis under omgrepsavklaringa av den germanske arvefølgjelova, la eg vekt på at det hos germanske stammer var det ein fast krins med ætter som kom i frå gudane eller ei gruppe ætter som vart rekna som best skikka til å ta seg av gudane.²³⁰ Det var ut i frå dette særeigne bandet til gudane at ein kunne bli valt til konge. Førestillinga om kongeleg blod, *sanguis regis*, er ei førestilling om at rett til kongemakt kom frå ætta.²³¹ Dette er ei førestilling vi kan føre langt tilbake i germanske kongedømer, noko eg har vist med gjennomgangen av eldre kongedømer i Frankrike og England ovanfor. Å avskrive at det ikkje var ei førestilling om ei opphøgd kongesætt over andre ætter i Noreg tidleg på 1000-talet er ikkje ein konklusjon vi kan slå oss til ro med, sjølv om Krag meiner det er mogleg. Innleiingsvis i denne diskusjonen spurte eg om ikkje eksistensen av samkongedømet som styreform i seg sjølv viser at førestillinga om ei opphøgd ætt har eksistert. Det er mogleg at det er det fyrste samkongedømet vi må søke mot for å kunne svare på utfordringane rundt Hårfagre-ætta.

Samstyre i det norske kongedømet

Ovanfor har vi sett nærare på døme på samstyre i dei nordiske nabolanda. Døma vi har sett på er hendingar frå den tida samkongedømet allereie var ei regelmessig styreform i Noreg. For å sjå nærare på opphavet til samkongedømet er det ikkje nok å samanlikne samkongedømet, med liknande styreformar i andre land. Ein bør også gå nærare inn i historia frå tida før det fyrste samkongedømet vart inngått, og forsøke å identifisere idear og førestillingar som kan ha lege til grunn for at det fyrste samkongedømet vart inngått. Sveaas Andersen legg vekt på at Harald Hårfagre prøvde å styre landet saman med sønene sine som underkongar, og at Eirik-sønene styrte riket sitt i fellesskap.²³² I tillegg til desse døma i Hårfagreætta var det også ei form for samstyre mellom ladejarlane som styrte landet under danskekongen på byrjinga av 1000-talet.²³³ Eg skal no sjå nærare på desse døma, og undersøke om styringsformer frå desse tilfella har vore levande i Magnus den Godeog hans menns førestilling om samstyre. Kan vi finne fellestrekk mellom styreformene på 900-talet og den forma for samkongedømet i 1046? Først skal eg byrje med å sjå nærare på kva kjelder som kan fortelje om forholdet mellom Harald og sønene hans, og om det er råd å seie noko om styret til Eirikssønene.

²³⁰ KLN 9, *Konge*, Arne Bøe

²³¹ Kern 1968: 14

²³² Sveaas Andersen 1977: 148

²³³ Krag: 2000: 54-55

Kjeldesituasjonen for norsk rikshistorie på 900-talet er den same som for perioden 1046-1157. Det er i hovudsak kongesogene med tilhøyrande skaldekvad som kan gje. Sogene er skrivne fleire hundreår etter at hendingane fann stad, og det er vanskeleg å skilje ut kva som er faktiske hendingar. *Morkinskinna* er ikkje ei aktuell kjelde sidan ho byrjar med Magnus den Gode og Harald Hardråde. Men i tillegg til *Ågrip*, Tjodrek Munk, *Fagerskinna* og *Heimskringla* kan vi også nytte den korte latinske kongesoga *Historia Norwegie*. *Historia Norwegie* er det andre av to latinske verk over det norske kongane, arbeidet til Tjodrek Munk er det første. *Historia Norwegie* er i frå siste halvdel av 1100-talet og gir strengt tatt lite ny informasjon over dei norske kongane utover det vi finn i dei andre kongesogene.

Trass i fleire strukturelle likskapar mellom *Historia Norwegie* og Tjodrek Munks arbeid over dei norske kongane, er det ingen slektskap mellom dei. Likskapen grunnar snarar i at forfattarane kom frå liknande bakgrunn.²³⁴ I ordlyden er den i fleire tilfelle nært knytt opp mot *Ågrip*, men dette slektsskapet kan forklarast med like kjelder. Det er truleg arbeida til Sæmund Sigfusson og Ari Thorgilsson.²³⁵ Utanom den norske sogelitteraturen veit vi at forfattaren av *Historia Norwegie* har brukt to utanlandske arbeid. Det av Adam av Bremen, *Gesta Hamburgensis ecclesiae pontificum* og Honorius av Autuns, *Imago mundi*.²³⁶

Sveaas Andersen hevdar at Harald Hårfagre søkte å styre landet saman med sønene sine. Dette får vi ikkje inntrykk av i *Ågrip*, Tjodrek Munks soge og *Fagerskinna* som nemner berre ein son, Eirik Blodøks. Tjodrek Munk fortel berre at Eirik overtok kongedømet etter faren.²³⁷ Men *Ågrip* og *Fagerskinna* opplyser at Eirik styrte to til tre år saman med faren.²³⁸ Er det eit samstyre mellom Harald Hårfagre og sonen Eirik her? *Ågrip* er som vanleg kort i sine kommentarar men i *Fagerskinna* kan vi lese:

Eirik Blodøks var kong Haralds yndlingssønn. Han satte Eirik til høvding over hirden, for kongen ble tungfør med alderen. Han hedret også Eirik med å sette han i høysetet sitt, og lot ham hete konge, ga ham makt til å styre hirden sin og stelle kongens saker og dømme etter landsloven. Med denne ordningen sto riket i tre vintre før kong Harald døde.²³⁹

²³⁴ Ekrem og Boje Mortensen 2003:16

²³⁵ Ekrem og Boje Mortensen 2003:16

²³⁶ Ekrem og Boje Mortensen 2003: 17

²³⁷ Tjodrek Munk: 51

²³⁸ *Ågrip*: 24 og *Fagerskinna*: 52. *Ågrip* seier to år medan *Fagerskinna* seier tre år.

²³⁹ *Fagerskinna*: 52. «Eirikr bloðæx sunr Harallz konungs er konungr unni mest. Oc með þui at Haralldr konungr var þungfær af ælli tignaðe hann Eirik i þui at hann læiddi hann i hasæte sitt oc sætti han hofðingia innan hirðar

Heimskringla opplyser også at Harald gav Eirik makta over landet då han var 80 år.²⁴⁰ Men kan vi kalla desse tre vintrane *Fagerskinna* nemner for eit samstyre? Slik *Fagerskinna* framstiller det verkar det heller som om Harald abdiserer til fordel for sonen Eirik, sidan han ikkje er i stand til å styre kongedømet sitt sjølv lenger. Eirik fekk styre i alle saker utan farens innblanding. Det er ingen form for samstyre mellom far og son i følge *Fagerskinna*. Dette minner på ingen måte på situasjonen mellom Magnus den Gode og Harald Hardråde. Her var det var to personar som i like stor grad ynskte å ta del i styringa av kongedømet. Vi kan på nytt gå tilbake til Sveaas Andersens utsegn om at Harald ynskte å styre landet saman med sønene sine.²⁴¹ Denne påstanden har han frå *Heimskringla*, der Snorre fortel at Harald lyste ut eit stort ting aust i landet. «Der gav han sønnene sine kongsnavn og gjorde det til lov at enhver av ættemennene hans skulle få kongedømme etter sin far, og jarledømme slulle den få som kom fra ætten hans på kvinnesiden».²⁴² Vidare greier Snorre ut om kva for søner som skal ha dei ulike landsdelane. Denne hendinga skal ha skjedd då Harald var 50 år, altså 30 år før han sette Eirik til overkonge over alle brørne sine. I *Historia Norwegie* kan vi finne informasjon som støttar opp om Snorres forklaring:

Of Harald Finehairs very many sons, those two, Eirik and Håkon, are said to have governed the seaboard in their father's stead, whereas the others held authority in the mountain region, although some met their end before they came to rule.²⁴³

Her er altså to uavhengige kjelder som viser at fleire av sønene til Harald Hårfagre fekk styre landet etter han. Det er her først å fremst naudsynt å setje seg inn i kva for politisk landskap Harald Hårfagre arbeidde i. Den vanlege oppfatninga av utstrekninga til Harald Hårfagres rike er at det var eit vestnorsk rike.²⁴⁴ Sveaas Andersen hevdar at kontrollen til Harald over andre delar enn Vestlandet må ha vore av meir formell karakter. Den reelle makta låg i hendene hos lokale høvdingar.²⁴⁵ Når vi ser Haralds handlingar ut i frå denne bakgrunnen, er det ikkje ein framand tanke at han ynskte å sikre kontroll over så store delar av landet som mogleg ved å halde landområda innanfor ætta. Ynskje hans om at alle etterkommarane skulle ha kongedøme etter faren, kan vi spore tilbake til den germanske arvefølgjelova som vi har tatt føre oss

oc let hann hæita konung gaf hanum at stiorna hirða sina oc valld at skifta konongs malom oc dæma lanz logh. Með þema hætte stoð ríkit .iij. vætr aðr en Haralldr konongr anndaðezk.» *Fagerskinna*: 23

²⁴⁰ *Heimskringla* 1: 84

²⁴¹ Sveaas Andersen 1977: 148

²⁴² *Heimskringla* 1: 78

²⁴³ «Ast e magna numerositate filiorum Haraldí Comatí illi duo, scilicet Ericus at Hacon, loco patris martimís imperasse memorantur, ceterique in montanis regnabant, quídám autem ex ípsís ante regnandí tempora uitam finierunt:» *Historia Norwegie*: 86-87.

²⁴⁴ Ersland 2000: 22

²⁴⁵ Sveaas Andersen: 89

tidlegare. Mot ein slik bakgrunn ville det ikkje ha vore ein framand tanke å dele ut landet mellom sønene sine. Trass i at førestillinga rundt arverett til alle kongssøner, finn eg dette dømet lite foreinleg med samkongedømet som styreform.

I perioden frå Harald Hårfagres rikssamling og fram til 1045 var styret av det norske området prega av småkongar (spesielt på austlandet) og overkongar, i følgje Authèn Blom.²⁴⁶ Dette vitnar ikkje noko vidare om samstyre, men snarare om fleire sjølvstendige makteiningar. Det er under dei same politiske strukturane at samstyret mellom Eirikssønene føregjekk. Etter at Håkon Adalsteinsfostre vart drepen, var det sønene til Eirik Blodøks som tok over Harald Hårfagres rike. Blant brørne er det Harald Gråfell som tydlig har den fremste stillinga blant brørne. Her er alle sogene samstemte. Då det er snakk om å velte makta til Eirikssønene er det Harald Gråfell som vert utsett for svik og drepen. *Fagerskinna* skriv at brørne hadde mange hirder, nokon som heldt seg ved sjøen og nokon som heldt seg i innlandet.²⁴⁷ Kan det vere at brørne hadde kvar si hird eller viser *Fagerskinna* her til hird i følgjet til andre småkongar? Det ser ut til at det under Eirikssønene fanst eit makthierarki med over- og underkongar.

Bjørgo skil tydeleg mellom overkongedøme og samkongedøme, men eg vil også opne for at det var ei samstyring mellom brørne i siste havdel av 900-talet. Slutten på Harald Gråfell sitt styre er sett til ca. 965-970.²⁴⁸ Etter Harald Gråfell sitt fall, var det ingen av Hårfagre-ætta som kunne hevde seg i maktkampen om Noreg. Det vart den danske kongen Harald Gormsson Blåtann som fekk overherredømet i Noreg. Til å styre landet sette han ein mann frå ei konkurrerande ætt, Håkon jarl av Ladeætta. Håkon jarl freista å skaffe eit meir uavhengig styre frå danskekongen, men vart aldri hylla til konge.²⁴⁹ I det korte tidsrommet frå 995 til 1000 var det Olav Tryggvasson som regjerte som norsk konge. I motsetning til Håkon jarl er Olav i sogene opplyst å vera av Hårfagre-ætta og fekk kongsnamn.²⁵⁰

Etter Olav Tryggvasons fall, i slaget ved Svolder, var det på ny danskekongen som hadde overherredøme over Noreg. Denne kongen under Svein Tjueskjegg. Igjen sette danskekongen Hårfagre-ættas motmenn til å styre landet. Eirik og Svein, sønene til ladejarlen Håkon. Forfattaren av *Ågrip* og Tjodrek Munk skriv at den danske kongen sette sønene til Håkon jarl til å styre heile landet.²⁵¹ *Fagerskinna* og *Heimskringla* er meir detaljorienterte. Dei fortel om

²⁴⁶ Blom 1972: 5

²⁴⁷ *Fagerskinna*: 82

²⁴⁸ Krag 2000: 267

²⁴⁹ Sveaas Andersen 1977: 100

²⁵⁰ Krag 1995: 137

²⁵¹ *Ågrip*: 43 og Tjodrek Munk: 36

ei oppdeling av kongedømet mellom den danske kongen Svein Tjueskjegg, svenskekongen Olav og Eirik jarl Håkonsson. Det ser også ut til at Eirik jarl får styre over danskekongen sin del, medan svenskekongen sette Svein jarl styre sin del.²⁵²

Forfattere av *Fagerskinna* skriv at Eirik er den fremste blant brørne.²⁵³ Dette er noko vi også får inntrykk av i alle kongesogene. Det er også Eirik som overtek skipet til Olav Tryggvason, Ormen Lange. Her har vi altså eit liknande døme på samstyre der brør styrer landet saman. På same måte som med Eirikssønene, ser det ut til at den eine broren hadde ei overordna rolle. Dette samstyre mellom jarlebrørne varte heilt til Eirik jarl reiste til England. Før han reiste frå landet sette han sonen Håkon Eiriksson til å styre hans del av landet.²⁵⁴

Der Eirik jarl hadde ei overordna rolle i samstyre mellom brørne, er det vanskelig å sei kven som eventuelt hadde ei overordna rolle mellom Svein og Håkon. I *Heimskringla* har vi derimot eit utsegn som vitnar om samarbeid. Snorre skriv at Svein og Håkon gjorde forlik med Erling Skjalgsson. Eirik jarl og Erling Skjalgsson var i strid så lenge Eirik oppheldt seg i landet, men etter at han drog til England, ser det ut til at Lade-jarlane fekk til ei fredelig ordning med Erling. Vi kan her sjå ein aktiv bruk av samstyre også utanfor Hårfagre-ætta, noko som berre stadfestar at den germanske arvefølgjelova er til stades i det norske samfunnet på byrjinga av 1000-talet.

Samstyret mellom Eirik og Håkon tok slutt då Olav Haraldsson kom til landet, og Olav kravde det norske kongedømet inn under Hårfagre-ætta. Det skal ha vore i 1015. Vi lyt her ta eit skritt fram for å sjå på tidsrommet mellom hendingane vi no har tatt føre oss og inngåinga av samkongedømet mellom Magnus den Gode og Harald Hardråde. Det fyrste dømet på eit samstyre var mellom Harald Hårfagre og sonen Eirik Blodøks rundt 930, det siste dømet er mellom Svein jarl og Håkon jarl som vart avslutta i 1015. I løpet dette tidsrommet på under hundre år har vi no sett fire døme på ei eller annan form for samstyre i riksstyringa. Å dele makt mellom slektningar kan derfor ikkje ha vore ein framand tanke for kongar og stormenn på 1000-talet.

Undersøkinga ovanfor viser at samstyre mellom fleire sleiktingar ikkje var uvanleg i Noreg under den fyrste perioden av riksstyringa. Det er her aktuelt å dra inn igjen diskusjonen rundt Hårfagre-ættas odal i det norske kongedømet. Ved alle høve der vi finn ei form for samstyre

²⁵² Fagerskinna: 151-152 og Heimskringla 1: 201

²⁵³ Fagerskinna: 153

²⁵⁴ Sidan Håkon Eriksson ikkje var myndig vart Einar Tambaraskjelve satt til å styre landet. Heimskringla 1: 214

mellom fleire norske kongar og riksstyrarar, er det alltid nære familieforhold mellom partane. Dette reflekterer ei sterk førestilling om at det var nødvendig å høyre til ei bestemt ætt for å kunne styre landet. Men det er som Krag peikar på her, det er ikkje berre Hårfagreætta som styrer i denne perioden. Det er også Ladejarl-ætta. Arne Bøe skriv at:

«Hos germanane var det ein fast krins av ætter som var eit slags fyrstadel. Ein gjekk ut i frå at dei ætta frå gudane, e.l. at dei i alle fall var best skikka til å ta seg av gudsdyrkinga. Blant dei vart den vald ut som skulle vera k, (konge) jfr. etymologien til ordet.»²⁵⁵

Slik vi kan forstå Bøe er det nødvendigvis ikkje berre ei slekt som har den opphøgde rolla over andre ætter i styringseliten. Norsk historieforsking har vore svært opptatt av at ladejarlane hadde eit underordna forhold til den danske kongen. Det vil likevel ikkje sei at det herska ei førestilling om at også medlemmar av denne slekta hadde fortrinnsrett til den norske kongemakta, om ikkje på lik linje med Hårfagre-ætta, så i alle fall overordna andre ætter i den norske makteliten. Skalden Eyvind Finnson, med tilnamnet Skaldaspiller, har dikta kvadet *Háleygjatal* om ladejarlane. Diktet skal ha blitt laga rundt 985 og er laga for Ladejarlen Håkon. Fyrste vers av diktet lyder slik: Jeg ønsker lyd til mit digt / Medens jeg fremfører sangen / så længe jeg opregner hans (Håkon Jarl) / slægt til guderne i digtet.²⁵⁶ Else Mundal hevdar at *Hálegjatal* formidlar at det mytiske som opphavet legitimerer kongemakt i den norrøne kulturen.²⁵⁷ Vidare meiner ho at kvadet til Håkon Jarl legitimerer kravet på makt for Håkon på lik line med kongsætta. Kvadet har altså eit klart politisk budskap, og viser at ladeætta nytta ætteopphavet som basis for politisk makt og kongskrav på lik line med Hårfagre-ætta. Vi veit også at Håkon forsøkte å lausrive seg frå den danske kongemakta, men ikkje lykkast. Førestillinga om at utvalde ætter med eit spesielt nært forhold til gudane var altså ei levande førestilling aktivt med hos både medlemmer av Hårfagreætta og ladejarlsætta i løpet av 900-talet og ut på 1000-talet. I 1029 var tida for at ladejarlane kunne utfordre Hårfagreætta over med at den siste mannlege medlemmen av ladejarls-ætta døydde.²⁵⁸ Olav den Heilage vart pressa ut av landet i 1028, og danskekongen Knut den Mektige sette frillesonen sin, Svein, og mora hans, Alfiva, til å styre det norske riket. Olav forsøkte å vinne landet tilbake med slaget på Stiklestad i 1030, men falt sjølv i slaget. Etter slaget på Stiklestad er det berre er ei av to konkurrerande ætter som står att, ætta dei islandske sogeforfattarane kalla Hårfagre-ætta. Sonen til Olav den Heilage vart etter nokre år henta tilbake til Noreg etter

²⁵⁵ KLN 9, *Konge*, Arne Bøe

²⁵⁶ Viljak hljóð / at Hqárs liði / meðan Gillings / gjöldum yppik, / meðan hans ætt / i hverlegi / galga farms/ til goða teljum. Ovmsett av Finnur Jónsson: 60

²⁵⁷ Mundal 1998: 113

²⁵⁸ Sveaas Andersen 1977: 138

å ha vore i eksil i Russland. Gjennom undersøkinga ovanfor har eg vist at førestillinga om at eit kongsemne måtte høyre til ei særskild ætt er å finne gjennom heile 900-talet. Vi kan derfor rekne med at førestillinga om den germanske arvefølgjelova var levande i den norske makteliten då Harald Hardråde kom tilbake til Noreg 1046. I det neste kapitelet vil eg sjå nærare på inngåinga av det fyrste samkongedømet, for å identifisere rådande førestillingar og ikkje minst motivasjon for inngåinga det fyrste samkongedømet.

Samandrag

Tidlegare i arbeidet har eg konkludert med at den germanske arvefølgjelova var grunnlaget for at samkongedømet som styreform kunne oppstå. Krag røkkar ved denne førestillinga når han stiller seg kritisk til at det var ei førestilling om at Hårfagreætta hadde ein opphøgd rett til å styre landet. Ved å sjå nærare på perioden frå Harald Hårfagre si rikssamling og fram mot det fyrste samkongedømet, meiner eg å kunne identifisere ei førestilling om at ein måtte vere medlem av ei særskild ætt for å kunne stille kongskrav. Påfølgjande har eg opna for at det i løpet av 900-talet ikkje var berre éi slik ætt i det norske kongedømet. Både ladejarlsætta og den danske kongemakta kom med liknande krav. Med fleire slike ætter må dei ha eksistert parallelt med kvarandre. Alle ættene med kongskrav til det norske kongedømet heldt til i forskjellige geografiske områder. Konklusjonen for denne undersøkinga er dermed at Krag trekk konklusjonane sine for langt i si undersøking av odelen i Hårfagreætta. Eg har også funne fram til at det regelmessig var samstyre mellom fleire medlemmar av ei ætt i tida opp mot det fyrste samkongedømet.

6. Inngåinga av det fyrste samkongedømet

I denne delen vil eg undersøke kva som kan ha vore årsak og motivasjon til at Magnus den Gode og Harald Hardråde tok i bruk samkongedømet som styreform. Eg vil behandle kongane kvar for seg for. Undersøkinga vil ta føre seg perioden fram til inngåinga av det fyrste samkongedømet. Ei grundigare undersøking over sjølve samstyret mellom kongane kjem seinare.

Kven tok initiativet til det fyrste samkongedømet?

I 1046 samla Magnus den Gode, Harald Hardråde og deira menn seg på ein stad som heitte Skjoldåker, og der arrangerte dei ei stor veitsle.²⁵⁹ Der vart Magnus og Harald forlikte om å dele landet mellom seg.²⁶⁰ Kva kan kongesogene fortelje oss om denne hendinga? Tjodrek Munk skreiv at Magnus føreslo at Harald skulle hjelpe han med å legge Danmark under seg. Harald ville mykje heller at Magnus skulle dele herredømet i Noreg sidan det var Haralds arverett. Her føreslår fosterfaren til Magnus, Einar Tambarskjelve, at Harald skal dele halve rikdommen sin med Magnus. Dei vart ikkje einige og Harald reiste bort til Svein Estridsson i Danmark og sluttar forbund med han.²⁶¹ Etter at Harald hadde slutta forbund med den danske tronkrevjaren lova Magnus Harald halve riket utan anna vederlag enn at han støtta Magnus i kampen mot Svein. Det er først då dei kjem saman i samkongedømet. *Ågrip* nemner ingenting om kven som først ville dele landet eller om Harald gjekk i forbund med Svein. Forfattaren konkluderer berre med at landet vart delt.²⁶² *Ågrip* greier mindre ut om hendingane rundt inngåinga av samkongedømet, men dei to tidlegaste kongesogene motseier ikkje kvarandre. I følgje Bjarni Aðalbjarnsson er dei fleste sakkjendige einige om at Tjodrek Munk har vore ei av kjeldene til forfattaren av *Ågrip*, så vi kan ikkje rekne denne informasjonen for to forskjellige uavhengige kjelder.²⁶³ *Ågrip* vart mest truleg skriven mot slutten av 1100-talet, den neste kongesoga er *Morkinskinna* som vart skriven på byrjinga av 1200-talet. Bjarni Aðalbjarnarson hevdar at *Morkinskinna* og *Ågrip* må ha nytta same kjelder i sitt arbeid.²⁶⁴ Kva for kjelder dette kan vere vert det ikkje sagt noko om, men det er viktig å ta med seg vidare i tolkinga av opplysningane i *Morkinskinna*. På same måte som Tjodrek Munk hevdar også forfattaren av *Morkinskinna* at det var Harald som føreslo å dele riket. Magnus sitt svar til denne

²⁵⁹ Omgrepet veitsle har to tydingar i følgje Halvard Bjørkvik. Veitsle som prestasjon, gjestebod eller veitsle som eit feudalrettslig omgrep. I denne konteksten er det den første tydinga som er agt til grunn. For meir informasjon om veitsler sjå: KLNLM, bind 19, *Veitsle*, Halvard Bjørkvik

²⁶⁰ *Morkinskinna*: 71.

²⁶¹ Tjodrek Munk: 76-77

²⁶² *Ågrip*: 59

²⁶³ Aðalbjarnarson 1937:5

²⁶⁴ Aðalbjarnarson 1937: 139

førespurnaden var i følge *Morkinskinna* at stormennene må bestemme. Forfatternen av *Morkinskinna* skriv at det er Einar Tambarskjelve som var kritisk til å dele landet:

Langt borte var du då, Harald, då vi vann landet frå Knytlingane. Og vi har ikkje noka lyst til å verta delte i to mellom hovdingar. Vi har jamleg tent ein i gongen, og slik skal det framleis vera medan kong Magnus held riket og livet sitt.²⁶⁵

Dei andre hovdingane seier seg einig med Einar, Harald må reise bort med uforretta sak. Slike samtalar har liten kjeldeverdi i seg sjølv. Einar Tambarskjelves tale er ein konstruksjon av forfatternen av *Morkinskinna*, som ikkje kan ha hatt kjelder til å gjengi det som vart sagt på møtet i 1046. På ei anna side er det ikkje urimelig at nettopp Einar Tambarskjelve var kritisk til at Harald Hardråde kom inn på maktarenaen.²⁶⁶ *Morkinskinna* opplyser også at Harald går i forbund med Svein Estridsson etter avslaget frå kong Magnus. Då såg Magnus bort i frå råda til stormennene, og sende ein førespurnad om han og Harald kan møtast i grid.²⁶⁷ Harald klarte å påvise svik frå Svein og danane, og gjekk i forlik med nevøen sin.²⁶⁸ Etter å ha reist frå Svein reiste ikkje Harald direkte til Magnus, men i staden til Oppland til odelen sin. Der bad han om ættenamn og at bøndene skulle hylle han til konge. Bøndene på Oppland var ikkje villige til å velje Harald til konge så lenge Magnus levde. Då reiste Harald vidare til Gudbrandsdalen. Der fant han Steigar-Tore som gav han kongsnamn. Deretter drog han tilbake til Oppland og vart hylla til konge.²⁶⁹ Det er først etter at Harald hadde blitt hylla til konge både i Gudbrandsdalen og på Oppland, at Magnus og Harald møttest for å gå i forbund, det vil seie samkongedøme.

Frå og med Magnus den Godes saga og fram til året 1157, er teksten i Fagerskinna omtrent ordrett den same som i *Morkinskinna*.²⁷⁰ Forskarar har føreslått at sogene har nytta like kjelder, men likskapen er for gjennomgåande til at det berre kan ha vore like skriftlige kjelder dei har til felles.²⁷¹ I dag er det Gustav Indrebøs teori som rår. Han meinte at det har funnest ein eldre og kortare form av *Morkinskinna*. Det er denne utgåva av *Morkinskinna* som

²⁶⁵ *Morkinskinna*: 69. «Fjarri vartu þá, Haraldr, er vér unnum land af Knýtgum. Ok ekki fýsumsk vér at tvískipask mille höfðingja. Höfum vér jafnan einum senn þjónat, ok svá mun enn vera meðan Magnús konungr heldr r'kinu ok lífi sínu.» Jakobsson og Gudjónsson 2011: 121

²⁶⁶ Einar Tambarskjelve var motstandar av Olav den Heilage.

²⁶⁷ I denne konteksten forstår vi omgrepet grid slik: Grid er fred eller trygd som ein kan få for ei viss tid eller på ein viss stad. KLN 5, *Grið*, Arne Bøe

²⁶⁸ *Morkinskinna*: 70

²⁶⁹ *Morkinskinna*: 71

²⁷⁰ Jakobsen 1980: 47

²⁷¹ Jakobsen 1980: 47

forfattere av *Fagerskinna* kan ha nytta.²⁷² Dette lyt vi ha i tankane når vi sett oss inn i kva *Fagerskinna* opplyser om inngåinga av det fyrste samkongedømet. Her møter Harald Hardråde først på Svein Estridsson, som føreslår at dei skal gå i forbund. Harald er ikkje negativ til dette, men ynskjer å treffe Magnus, først.²⁷³ Det fyrste møtet mellom Magnus og Harald er det same som vi kan lese i *Morkinskinna*. Harald kjem til Magnus og føreslår at dei skal dele riket mellom seg. Også her talar Einar Tambarskjelve mot å dele landet og Harald reiser bort.²⁷⁴ Han kjem igjen saman med Svein og inngår forbund. Deretter reiser Harald til Oppland til odelen sin, der han ber bøndene gi han kongsnamn. Bøndene i Opplanda nektar dette og Harald reiser vidare til Gudbrandsdalen der Steigar-Tore hyller Harald Hardråde til konge over Noreg.²⁷⁵ Etter kongehyllinga reiste han rundt på Opplanda der han også fekk kongsnamn.²⁷⁶ Det er først etter desse hendingane at Magnus og Harald møttest i Viken og vart forlikte om å dele kongedømet. Bortsett frå at *Fagerskinna* hevdar at Harald møtte Svein Estridsson før han møtte Magnus, er framstillinga den same som i *Morkinskinna*.

I Snorres *Heimskringla* kan vi lese at Harald først gjekk i forbund med Svein Estridsson. Då Magnus fekk høyre om dette heldt han rådslagning med mennene sine. Fleire tilbød seg å reise for å søke forlik med Harald. Dette vart godkjent og, vener av Magnus la fram eit tilbod om forlik og forbund. Harald skulle også ha halve kongedømet og dei skulle dele alt lausøre likt.²⁷⁷ *Heimskringla* er altså den einaste av kongesogene som hevdar at det var Magnus som var først ute med forslaget om å dele kongedømet. Vidare skil *Heimskringla* seg frå *Morkinskinna* og *Fagerskinna* ved at Harald ikkje reiser til Oppland og til Gudbrandsdalen til Steigar-Tore for å få kongsnamn. I staden reiser Harald direkte i møte med Magnus.²⁷⁸ Det er først etter at frendane hadde inngått samkongedøme at Steigar-Tore gav Harald kongsnamn.²⁷⁹ I følgje Bagge ser det ut til at Snorre har nytta det meste av den eksisterande sagalitteraturen som kjelder for sitt arbeid.²⁸⁰ Hallvard Lie hevdar spesifikt at Snorre nytta *Ågrip*, *Morkinskinna* og *Fagerskinna* som kjelder.²⁸¹ Ved å gå grundig gjennom akkurat denne hendinga i sagaene kan vi anta at Snorre har tolka eventuelle felles kjelder annleis enn dei andre forfattarane. Kan Snorre hatt kjelder dei andre sogeforfattarane ikkje hadde tilgang

²⁷² Jakobsen 1980: 47-48

²⁷³ *Fagerskinna*: 248

²⁷⁴ *Fagerskinna*: 249

²⁷⁵ *Fagerskinna*: 249-251

²⁷⁶ *Fagerskinna*: 252

²⁷⁷ *Heimskringla* 2: 129-130

²⁷⁸ *Heimskringla* 2: 131

²⁷⁹ *Heimskringla* 2: 132

²⁸⁰ Bagge 1991: 21

²⁸¹ KLN 6, *Heimskringla*, Hallvard Lie

på? Eller kan det rett og slett vere at Snorre ikkje brydde seg med å skriva om det fyrste møtet mellom Magnus og Harald, men byrja forteljinga med forbundet mellom Harald og Svein. Dersom det er slik, er alle sogene einige om kven som tok initiativet til samkongedømet.

Narve Bjørgo sitt arbeid om samkongedømet er aktuelt i denne samanhengen. Her freistar han å sjå samkongedømet meir som løysinga på eit problem (krig mellom tronkrevjarar) enn årsaka til eit problem (borgarkrigen).²⁸² For Bjørgo er altså samkongedømet ein fredsbevarande styringsform. Kan vi då sjå inngåinga av det fyrste samkongedømet som ei fredsbevarande handling? Dersom det var Magnus og hans menn som føreslo det, ville det ha vore fredsbevarande. I *Heimskringla* rådar mennene til Magnus han om å inngå forlik.²⁸³ At to tronkrevjarar kunne rive landet sundt, hadde nok både kongen sjølv og hans menn forståing for. Dersom vi set vår lit til Snorres versjon av forteljinga, kan vi altså sjå det som ein fredbevarande handling frå den styrande eliten i det norske kongedømet si side, etter at dei fant ut at Harald Hardråde og Svein Estridsson hadde gått i forbund. Dersom det var slik forfattarane til *Morkinskinna* og *Fagerskinna* framstiller det, er det ikkje eit fredbevarande motiv som styrar hendingane, men snarare Harald sitt ynskje om makt. Dette samsvarar med framstillinga til forfattarane av *Ågrip*, *Morkinskinna*, *Fagerskinna* og Tjodrek Munk som skriv at Harald Hardråde kom tilbake frå utlandet med eit mål for auge, å krevje arven sin i kongedømet. Dette var han villig til å få gjennom ved hjelp av både Magnus den Gode og den danske tronkrevjaren Svein Estridsson. Om vi skal kunne sei noko meir om kva som var motivet for samkongedømet er det naudsynt å gå eit skritt tilbake og prøve å svare på kvifor dei valde samkongedømet som styreform.

Harald i keisarens teneste

Å samanlikne keisarmakta i Det austromerske riket og kongemakta i Noreg på 1000-talet er ikkje noko som vanlegvis vert gjort i norsk historieforsking. I form og utvikling ligg det norske kongedømet på 1000-talet og Det austromerske keisardømet langt i frå kvarandre. Eg vil likevel undersøke om det kan vere eit idégrunnlag for samkongedømet i det Bysantiske keisardømet. Formelt hadde keisaren absolutt makt. Han var øvste lovgjevar, dommar og hærførar, og han kunne til- og avsetje embetsmenn både i den verdslege og kyrkjelege administrasjonen.²⁸⁴ Samanlikna med det norske riket hadde Bysants ein sentraladministrasjon som stod langt framfor i utvikling. Keisarens makt vart understreka

²⁸² Bjørgo 1970

²⁸³ Heimskringla 2: 130

²⁸⁴ Bagge 2004: 55

gjennom ein religiøs ideologi som samla både kristne og tradisjonelle romerske element.²⁸⁵ Trass i keisarens makt var det ikkje uvanlig at keisaren utropte ein medkeisar. Tittelen caesar vart gitt til ein underkeisar. Denne tittelen vart ofte gitt til søner eller andre arvingar av keisardømet.²⁸⁶ Det er i mot denne bakgrunnen Løyte meiner at Harald Hardråde fekk ideen om samkongedøme som styringsform. Krijnie N. Ciggaar merkjer seg også at Harald valde å styre saman med nevøen etter at han kom tilbake til Noreg etter ni år, i keisarens teneste (1034 til 1043). Ciggar presiserer at delt leiarskap var vanleg i Bysants. Ikkje så lenge før Harald byrja i teneste hos keisaren var brørne Basil 2 (958-1025) og Constantin (960-1028) keisarar saman.²⁸⁷ Også medan Harald sjølv var i Konstantinopel vart det innført eit delt styre mellom systrene Zoe og Theodora.²⁸⁸ Som Ciggaar påpeikar, kunne ein hindre militære konfrontasjonar med slike løysingar.²⁸⁹ Om Haralds opphald i Bysants har vi eit avsnitt i eit anonymt greske arbeid som på norsk er oversett til, *Råd til keisaren*.²⁹⁰ Dette manuskriptet vart først funne i eit kyrkjearkiv i Moskva i 1881. Den er ein del av ei samling forteljingar som ser ut til å ha blitt skriven under den bysantiske keisaren Micheal 7 (1071-1078).²⁹¹ Forfattaren av avsnittet som omhandlar Harald hevder at han tente saman med Harald under erobringa av Bulgaria, og avsnittet må ha blitt skriven ned etter at Harald reiste tilbake til Noreg.²⁹² Eg skal ikkje gjengi heile avsnittet her, men heller dra fram dei delane som kan seie noko om Haralds forhold til det bysantiske styresettet:

Araltes var Søn af Kongen i Varangia og havde til Broder Júlavos. Som efter sin Faders død arvede fædrene Rige og gjorde sin broder Araltes til den anden i Riget efter sig. Men denne, som var ung og havde fattet beundring for den romerske Magt, drog du og gjorde Knæfald for den høisalige keiser Hr. Michael Paflagon: (...) Men efter Michaels Død og den følgende Keisers, hans søstersøns, Død vilde (Araltes) i Keiser Monomacho's Tid drage hjem til sit Land, og blev ikke tilladt ham, men man lagde Hindringer i veien for hans Reise (egl. Udgangen blev han trang); dog kom han i hemmelighed bort og blev Konge i sit Land istedenfor sin Broder Jólavos; og han var ikke fornærmet over at være udnævnt til Manglabites eller Spatharokandidatos, men ogsaa som Konge bevarede han Troskab og Kjærlighed mod Romerne.²⁹³

²⁸⁵ Bagge 2004: 55

²⁸⁶ McCormick 1991: 363

²⁸⁷ Ciggaar 1996: 109

²⁸⁸ Angold 1984: 36

²⁸⁹ Ciggaar 1996: 109

²⁹⁰ Gustav Storm fekk oversett deler av denne greske teksten til norsk. Storm, G.: 1884

²⁹¹ Ellis Davidson 1976: 208

²⁹² Ellis Davidson 1976: 208

²⁹³ Storm 1884: 359-361

Dette avsnittet vitnar om at forfattaren hadde god kjennskap til Haralds historie. Det er også mogleg å tolke det slik at Harald hadde ei vennleg innstilling til den bysantiske styringsideologien. Men er ei vennleg innstilling ovanfor Bysants nok til at Harald aktivt ville gjere styreforma der til ein modell for si styringstid som konge i Noreg? Den bysantiske keisaren utropte gjerne den han hadde peikt seg ut som sin arvtakar til juniorkeisar.²⁹⁴ Det kan sjå ut til at det var dette Harald gjorde då han utnemnte sonen Magnus, til å styre landet medan han reiste for å invadere England i 1066.²⁹⁵ Den utnemnte juniorkeisaren i Bysants hadde ein klart underordna stilling i forholdet til keisaren. Eit samkongedøme er kjenneteikna ved at kongane har ei sidestilt rolle ovanfor kvarandre.

Bjørgo skil mellom samkongedøme og eit overkongedøme: «det skil seg frå det siste ved at samkongane normalt har same rang og myndighet.»²⁹⁶ Lat oss sjå nærare på døma vi har dratt fram blant dei bysantiske herskarane, nemlig mellom brørne Basil 2 og Konstantin 8 og systrene Zoe og Theodora. Både Basil 2 (958-1025) og Konstantin 8 (960-1028) vart krona medan dei endå var småborn. Basil i 960 og Konstantin vart krona til medkeisar i 962.²⁹⁷ Dette kan minne om inngåinga av enkelte samkongedøme i Noreg der dei hylla fleire brør til kongar; I 1066 med Magnus og Olav Haraldsson, i 1103 med Øystein, Sigurd og Olav og til slutt i 1136 med brørne Inge og Sigurd Haraldsson.²⁹⁸ Vi kan dra flest likskapar med det siste samkongedømet, sidan både Inge og Sigurd var born då dei gjekk inn i samkongedømet. Men i motsetning til dei norske samkongedøma mellom brørne der det var ei førestilling om lik rang og myndighet, hadde Konstantin ei beskjeden rolle utan nokon særlig form for politisk makt før broren døydde i 1025.²⁹⁹ I det døme som Ciggaar drar fram som ein inspirasjon til Harald er det altså ein klar over- og underordna rolle mellom keisarane. Harald Hardråde har neppe funne noko inspirasjon til samkongedømet som styringsform i dette tilfelle. Harald måtte i fleire tilfelle tola ei underordna stilling i høve til Magnus i form for sete ved bordet og retten til å leggje skipa ved kongsbryggene.³⁰⁰ Men Harald hadde ikkje ei tilbaketrekt rolle utan politisk makt, slik som Konstantin hadde. Eg meiner vi ikkje kan dra parallellar mellom desse døma slik Ciggaar har gjort.

²⁹⁴ McCormick 1991: 363

²⁹⁵ Heimskringla 2: 173

²⁹⁶ Bjørgo 1982: 15.

²⁹⁷ Brand og Cutler 1991: 261, Brand og Cutler 1991: 503

²⁹⁸ Den siste broren Øystein vart ikkje hylla til konge før 1142.

²⁹⁹ Brand og Cutler 1991: 503

³⁰⁰ Heimskringla 2: 131

Eit døme på deling av keisarmakta medan Harald Hardråde framleis var i keisarens teneste er det mellom systrene Zoe og Theodora i 1042. Etter opprøret mot Mikael 5 vart Theodora krona.³⁰¹ Men dei som støtta Zoe ville ha henne tilbake som keisarinne. Til slutt vart det semje om at systrene skulle styre saman. Det var eit kort samstyre som ikkje fungerte godt og situasjonen vart løyst ved at Zoe gifta seg med Konstantin Monomakhos som gjekk inn i rolla som keisar.³⁰² Korleis maktforholdet var mellom systrene er vanskelig å seie, men Harald var til stades under opprøret mot Mikael 5 då systrene vart keiserinner saman.³⁰³ Vi kan her kome tilbake til Ciggaars hypotese om at samstyre er ei diplomatisk løysing i staden for ein militær konfrontasjon.³⁰⁴ Kan det vere at Harald såg fordelane ved å finne ei diplomatisk løysing i det tilfellet fanst fleire potensielle herskarar?

I alle kongesogene utanom *Heimskringla* skriv forfattaren at det var Harald som føreslo at han og nevøen skulle inngå samkongedøme. Kva som kan vere årsaka til at Snorre legg fram forteljinga annleis enn dei andre forfattarane kan vere fleire. Vi veit at Snorre har nytta både *Morkinskinna* og *Fagerskinna* som kjelde, og ein foreløpig konklusjon på Snorres versjon, er at han tolka hendingane annleis enn forfattarane av *Morkinskinna* og *Fagerskinna*. Eg har også føreslått at Snorre ikkje har brydd seg med å nemne fyrste møtet mellom Harald og Magnus. Men kan vi no etter å ha sett oss inn i Harald sitt opphald i Bysants, utale oss noko vidare om kven av Harald og Magnus som føreslo samkongedømet og kva som var motivet for dette? Eg har tidlegare nemnt Bjørgo sitt ynskje om å sjå inngåinga av samkongedømet som ein fredsbevarande handling. Ciggaar sin vilje til å forklare samstyre som ein diplomatisk handling støtter opp om dette synet. Det eg er opptatt av, er om vi kan seie at Harald fekk ei førestilling om å ville løyse konflikta med Magnus på ein diplomatisk måte. Harald var midt oppi hendingane under opprøret mot Mikael 5 i 1042. Det var etter ordre frå Theodora at Harald blinda Mikael V.³⁰⁵ Dette vitnar om nær kontakt med den styrande eliten. Han må derfor ha fått med seg gnissingane mellom dei som støtta dei to systrene, og den endelege avtalen om at dei skulle styre saman. Det kunne lett ha kome til nye valdelige trefningar om systrene ikkje inngått i eit samstyre. Kan det vere at Harald såg kor lettvindt ei slik diplomatisk løysing kunne vere i staden for ein militær konfrontasjon med nevøen heime i Noreg. Magnus den Gode hadde vore konge i frå 1035 og hadde blitt ein populær konge. Eg vil opne for at det

³⁰¹ Micheal den 5 var nevø av den tidlegare keisaren Michael den 4 og vart adoptert av Zoe. Mikael den 5 sendte den populære keiserinna Zoe i eksil, som førte til opprør.

³⁰² Angold 1984: 36

³⁰³ Blöndal 1978: 91 og Ellis Davidson 1976: 225-227

³⁰⁴ Ciggaar 1996: 109

³⁰⁵ Blöndal 1978: 91 og Ellis Davidson 1976: 225-227

er ein moglegheit for det. Eg vil gå så langt som å setja fram den hypotesen at Harald såg fordelane i å velje samstyre. Motivet til Harald var enklaste innpass til kongemakta. Eg meiner ikkje at Harald fekk idear om korleis samkongedømet som styringsform skulle fungere. Vi manglar framleis sjølve katalysatoren til at samkongedøme oppstod, men vi kan seie at Harald sitt opphald i Bysants kan ha vore med på å forme hendingane i Noreg. Etter ein gjennomgang av nokre av Harald sine opplevingar i Bysants, kan vi slå fast at tanken om å dele kongemakta neppe var framand for Harald. Tidlegare har eg vist at førestillinga om samstyre var vanleg i Noreg også før kongefelleskapet mellom Magnus og Harald. Likevel kan det direkte møtet Harald hadde med samstyre som styreform i Bysants hatt innverknad på løysinga som Magnus og Harald vart einige om.. Det er ikkje utenkeleg at det faktisk var Harald som først føreslo inngåinga av eit samstyre mellom han og Magnus. Etter å ha fastslått moglegheita for at Harald kan ha vore pådrivaren for det fyrste samkongedømet lyt vi sjå nærare på Magnus den Gode og forholda i Noreg. Kan vi finne motivasjonen for inngåinga av eit samstyre også her?

Magnus vel å dele riket med Harald

Korleis kan vi forklare at Magnus den Gode valde samkongedøme i 1046? Innan Magnus vart konge i 1035 hadde både den danske kongen og ladeætta mista maktgrunnlaget. Der småkongane tidlegare kunne skifte lojalitet til den parten som kunne skaffe dei flest fordelar, stod no Magnus den Gode som einekonge.³⁰⁶ I tida frå 1045 hevdar Grethe Authén Blom at ingen del av landet lenger kunne utgjere lokale rike styrt av ein småkonge.³⁰⁷ Dersom Authen Blom har rett i dette, var det ikkje lenger eit småkongedøme i Opplanda for Harald Hardråde å ta over då han kom tilbake til landet i 1046. Skulle han få kongsnamn måtte han altså søke høgare enn arven etter faren, han måtte prøve å få legitim rett til å krevja halvbroren Olav den Heilage sitt kongedøme.

Tjodrek Munk skriv at Harald ville at Magnus skulle dele kongedømet med han fordi det var hans arverett.³⁰⁸ *Ågrip* skriv også at Harald hadde rett til å bli konge etter ætta si.³⁰⁹ I *Morkinskinna* og *Fagerskinna* får vi også inntrykk av at Harald hevda kravet han hadde gjennom ætta si då han drog til Opplanda for å krevje kongsnamn. Her er det mogleg å tolke det slik at førestillinga om Haralds kongekrav stod så sterkt at det ikkje var mogleg å nekte han det. Men det mindre kongedømet han i tidlegare tider hadde krav på eksisterte ikkje.

³⁰⁶ Krag 2000: 65

³⁰⁷ Blom 1972: 5

³⁰⁸ Tjodrek Munk: 76

³⁰⁹ *Ågrip*: 59

Derfor let lenger, Harald lot kravet gå vidare til del i overkongedømet Noreg. Vi lyt også ta med i rekninga kva situasjon Magnus den Gode og hans menn var i då Harald kom tilbake frå Bysants. Etter at den danske kongen Hardeknut døydde (1042), hadde Magnus gjennomført regelmessige militære aksjonar sørover mot Danmark. Krig var kostbart. Vi kan lese den same historia om at alt gullet Magnus eigde då han gjekk inn i samkongedømet var ein ring, i *Morkinskinna*, *Fagerskinna* og *Heimskringla*:

Kong Harald tok opp staupet og sa: «Hvor er nå det gullet, Magnus frende, som du kan stille opp mot dette knappehodet?» Da svarer kong Magnus: «Det har vært mye ufred og så store leidanger at nesten alt gull og sølv i min varetekt har gått med. Nå er det ikke mer gull i min varetekt enn denne ringen.»³¹⁰

Kongesogene fortel oss at Magnus ikkje hadde mykje rikdom att i 1046, noko som er truverdig dersom på bakgrunn av den omfattande krigføringa og behovet for å knytte til seg stormenn både i Noreg og Danmark. Kan det vere eit økonomisk motiv for den norske kongen og mennene hans? Vi har også skaldekvad som fortel at Harald gir gull til Magnus. Den islandske skalden Bolverk Arnasson har dette verset i dråpa om Harald Hardråde:

Mandige hærfører, du/ fikk det herlige landet/ da du møtte Magnus frende./ Gul han fikk i møtet./ Forliket mellom frender/ endte i fred og gammen;/ men Svein hadde siden/ snare strid i vente.³¹¹

Dette verset finn vi i *Morkinskinna*, *Fagerskinna* og *Heimskringla*.³¹² Det står i samanheng med stykket der Harald Hardråde gir gåver til Steigar-Tore, og det kan verka som om forfatarane vil understreke at Harald var ein gåvmild konge. I tillegg fortel kvadet oss at Harald gav Magnus gull, noko som støttar tanken om eit økonomisk motiv for Magnus til å inngå samkongedømet.

Alle kongesogene eg har nytta i denne undersøkinga, utanom *Heimskringla*, fortel at Harald Hardråde reiser bort utan ein avtale med Magnus etter det fyrste møtet. Det ser derfor ut til at det økonomiske motivet ikkje var sterkt nok til at Magnus ville inngå eit samkongedøme i første omgang. Den største talsmannen imot ein allianse mellom Magnus og Harald skal i

³¹⁰ Heimskringla 2: 133. «tók Haraldr konungr upp staupit ok mælti: Hvar er nú þatt gull, Magnús frændi! Er þú reiðir í móti þessum knapphöfða? Þá svaraði Magnús konungr: Svá hefir gefizt úfriðr ok stórir leiðangrar, at náliga alt gull ok silfr er upp gengit, þat er í minni varðveizlu er. Nú er eigi meira gull en hringr þessi í minni eign.» Heimskringla: 564.

³¹¹ Heimskringla 2: 133. «Heimil varð, er ek heyrða,/ hoddstriðir! Þer siðan/ græn, en gull bautt hánum,/ grund, er Magnús fundut;/ Endisk ykkar frænda/ allfriðliga á miðli/ sátt, en siðan vætti/ Sveinn rómöldu einnar. Heimskringla: 565

³¹² Morkinskinna: 73, Fagerskinna: 255, Heimskringla 2: 133

følgje sogene ha vore Einar Tambarskjelve. Einar var ein mektig mann allereie under Olav Haraldsson si tid. Han var gift med dottera til Håkon Jarl. Etter at danskekongen Knut den Mektige tok det norske kongedømet til lydrike mot slutten av 1029, var det fleire stormenn som forventa jarleverdighet og Einar Tambarskjelve var også ein av desse. Det viste seg raskt at det danske overherredømet ikkje hadde tiltenkt dei norske stormennene noko politisk rolle.³¹³ Som svar på dette henta Einar og Kalv Arnesson Olav den Heilages son tilbake til landet, og Einar tok på seg rolla som fosterfaren til Magnus. Einar Tambarskjelve var altså ein maktfaktor ein måtte rekne med.

Både i *Fagerskinna* og *Morkinskinna* tala Einar i mot å dele landet. Sidan desse sogene ligg så nært kvarandre, legg eg fram det som står i dei under eitt. Einar la vekt på at stormennene i landet jamleg hadde tent ein konge, og han ynskte å fortsette med det så lenge kongen hans, Magnus, levde. Han fekk med seg resten av stormenne på dette.³¹⁴ Er dette Einar Tambarskjelves syn eller er det synet til forfattarane bak *Morkinskinna* og *Fagerskinna*? Kva kan denne motviljen mot å dele riket stamme frå? Er det ein motvilje mot å bryte eksisterande tradisjonar og styresett, slik vi får inntrykk av i *Morkinskinna* og *Fagerskinna*, eller er det ein rein personleg motvilje frå ein stormann som ikkje vil misse sin leiande posisjon i kongedømet? Tidlegare har eg konkludert med at samstyre mellom fleire kongar og jarlar ikkje var ei ukjent førestilling for styringseliten på 1000-talet. Forsøket på å forklare Einars motvilje som motvilje til å bryte tradisjonar, minner om ei forklaring sogeforfattarane har freista å forklare hendinga med i ettertid. Vi bør absolutt rekne med at det var eit personleg motiv som gjorde at Einar var kritisk til Harald Hardråde.

Kvifor snudde stormennene i spørsmålet om delinga av riket mellom Magnus og Harald? Er det som Sveaas Andersen hevdar at stormenne søkte å få i stand eit forlik snarare enn å stille seg bak kvart sitt kongsmerke i kampen om riksherredømet?³¹⁵ Talar vi her om eit diplomatisk motiv? Kan det vere at Magnus og resten av stormennene hans såg nytten i å ha Harald Hardråde på sitt parti, både utifrå militære og økonomiske årsakar? Etter å ha avvist Harald sitt forslag om å dele kongedømet, kan det sjå ut til at Magnus kom på andre tankar. Han var i ferd med å gå tom for ressursar til å halde fram med den kostbare krigføringa i Danmark. Han stod også i opposisjon mot ein utfordrande allianse mellom svenskekongen Jakob Anund og Svein Estridsson. Magnus hadde altså eit stort behov for ein alliert i kampen

³¹³ Sveaas Andersen 1977: 138

³¹⁴ *Fagerskinna*: 249 og *Morkinskinna*: 69

³¹⁵ Sveaas Andersen 1977: 148

om overherredøme i Danmark. Han trong også økonomisk hjelp for å fortsette kampen. Utfordringa låg nok i å få store menn som Einar Tambarskjelve til å innsjå at dei faktisk hadde behov for ein allianse med den erfarne krigaren, og at prisen var halve kongedømet. Magnus gav likevel ikkje Harald meir enn han måtte. Danmark ser det ut til at han held for seg sjølv. *Ågrip* fortel at Maguns styrte over heile Danmark og halve Noreg.³¹⁶

Samandrag

I undersøkinga ovanfor har vi sett nærare på årsakar og motivasjonar for at Magnus den Gode og Harald Hardråde valde å inngå det fyrste samkongedømet. Som vist tidlegare var ikkje samstyre ei ukjent førestilling i det norske riket, i tida fram mot 1046. Denne konklusjonen fekk vi styrka i undersøkinga over, der samkongedømet ser ut til å ha vore ei naturleg løysing for Magnus den Gode og mennene hans. Det ser også ut til at samstyre var ei ynskja ordning for Harald Hardråde. Årsaka til inngåinga av det fyrste samkongedømet kan med andre ord sporast tilbake til førestillinga om at medlemmer av ei særskild ætt hadde rett til kongemakta. I tillegg kan det også forklarast med personleg motivasjon til at Magnus og Harald enda opp med denne løysinga.

³¹⁶ *Ågrip*: 59

Del 2: Utforminga av samkongedømet

I fyrste del av denne undersøkinga såg vi nærare på samkongedømet som ei arvefølgeordning. Konklusjonen ut i frå den undersøkinga er at førestillingar om enkelte formar for samstyre har funne stad så langt tilbake som til Harald Hårfagre si tid.

Undersøkinga såg også ut forbi riksgrensene til det norske kongedømet og fant liknande dømer der samstyre vart nytta som styreform i både Sverige og Danmark. Men samanlikna med det norske kongedømet var det langt færre døme og ei langt mindre nytta ordning i nabolanda.

Vidare i denne undersøkinga skal vi sjå nærare på dei seks samkongedøma i frå tidsrommet 1046 til 1157. Målet er å undersøke korleis dei administrativt fungerte som styreformer. Med administrative styreformer meiner vi i dette arbeidet, dei politiske framgangsmåtane kongane valde i styringa og korleis maktforholdet var mellom partane. Vi vil også forsøke å identifisere kva før førestillingar som låg til grunn for dei politiske hendingane i denne perioden. Arbeidet vil ta føre seg samkongedøma enkeltvis der vi kronologisk setter oss inn i kvart enkelt. Det overordna målet vil vere å finne tendensar og utviklingar i styreforma, der vi ser etter sedvanar og praksisformar som går att og endrar seg i løpet av perioden.

7. Magnus Gode og Harald Hardråde

Å klargjere kva det var som kjenneteikna det fyrste samkongedømet er viktig for eit samanliknande perspektiv på tendensar og utvikling av dei kommande samkongedøma. Samkongedømet mellom Magnus den Gode og Harald Hardråde var kortvarig sidan Magnus døydde alt i 1047. Eg skal no sjå nærare på den korte tida dei var kongar saman. Målet vil vere å undersøke korleis maktdelinga mellom kongane arta seg. Det er i hovudsak *Morkinskinna*, *Fagerskinna* og *Heimskringla* som fortel noko om samstyret mellom kongane. *Morkinskinna* har likevel fleire forteljingar som berre er å finne i denne saga. Mykje av dette er tætter som kan vere seinare interpolasjonar i teksten.³¹⁷

Eit samla styre i riket

Då Magnus gav halve riket til Harald kom han også med ei rekke krav som Harald måtte halde. Forfattaren av *Ågrip* legg vekt på at Harald fekk halve kongedømet som han hadde rett på, men det var i like stor grad ei gáve frá den Magnus.³¹⁸ Dei yngre kongesogene har her meir å seie om sjølvve inngåinga av samkongedømet, og krava Magnus gav Harald. Ordlyden er lik hos dei alle tre, her er utrag i frá *Morkinskinna*:

Då mælte kong Magnus: «med denne røykjeppe gjev eg deg halve Noregs rike med all skatt og skyld og all eigedom, som høyrer til, men den avtalen at du skal vere konge allstad i Noreg, med same rett som eg. Men når vi to er saman, skal eg vera fyrstemann i helsing, teneste og sæte. Dersom det er tre høgborne menn til stades, skal eg sitja i midten, Eg skal hava rett til kongsplass i hamn og ved bryggje. Du skal og støtta og styrke mi makt til gjengjeld for at eg har gjort deg til ein så stor mann i Noreg at eg trudde at ingen i skulle verta så stor medan min hovudskalle var over jorda.»³¹⁹

Kor mykje kan vi tolke ut i frå denne samtalen som forfattarane har lagt i munnen på Magnus den Gode? Skalden Tjodolv fortel også at Magnus gav Harald halve landet: «Siden Olavss son bød/ deg halve riket i eie./ Glade frender møttes/ vel forlikt med møtet.»³²⁰ At landet vart

³¹⁷ Akselberg 2004: 330-331

³¹⁸ *Ågrip*: 59

³¹⁹ *Morkinskinna*: 72. Þá mælti Magnús konungr: «með þessum reyrspota gefum vér yðr hálf Nóregs(konungs) veldi með öllum skatti ok skuld ok allri eign, með þessum formála at þú skalt vera jafnréttir konungr í öllum stöðum í Nóregi sem ek; ok þa er vér erum allir saman skal ek vera fyrirmaðr okkarr í heilsun ok þjónkun ok sæti, ok ef þrir eru tígnir menn skulu vér í miðju vera. Vér skulum hafa konunglægi ok konungsbyggjur. Þér skuluð ok styðja ok styrkja vårt ríki í þann stað, er vér höfum gørt (yðr) þann mann í Nóregi er vér hugðum at engi skyldi vera, meðan várr hauss væri fyr ofan jörð.» *Morkinskinna* 2: 126

³²⁰ *Heimskringla* 2:131. Bauð hálf við sik síðan/ sonr Ólafs þer hála, frændr hykk at þar fyndisk/ fegnir, lönd ok þegna. *Heimskringla*: 562

delt kan vi derfor rekne for truleg. Gjennom orda til Magnus får vi inntrykk av at det ikkje her er snakk om nokon geografisk deling av landet,³²¹ snarare som sogene fortel, ei deling av riksinntektene. Vi kan lese at kongane i stor grad heldt seg samla den vinteren dei var kongar saman. *Heimskringla* er den einaste av kongesogene som fortel om at kongane drog nordover mot Trondheim om vinteren. Dei heldt også gjestebod på Opplanda, nokre gongar saman og nokre gonger kvar for seg. Det ser altså ut til at trass i moglegheita for å forsterke maktgrunnlaget sitt, med auka mobilitet i kongemakta, held dei saman stort sett i same området, dersom vi skal tru på det som står i *Heimskringla*. I styreform ser det altså ut til at dei på dette området opererte som eit tradisjonelt ambulerande kongedøme, og reiste saman.

Morkinskinna som har eit langt større materiale rundt samstyret mellom Magnus og Harald. Gjennom tættene som berre er å finne i *Morkinskinna* er det sju forteljingar der kongane operer kvar for seg og to forteljingar der ei opptrer saman.³²² Gjennom *Morkinskinna* får vi altså inntrykk av at dei to kongane ofte reiste åleine, men ut i frå forteljingane var den andre parten aldri langt unna, og dukkar opp etter kvart.³²³ Dei utfyllande forteljingane vi finn i *Morkinskinna* treng derfor ikkje utelukke det som *Heimskringla* fortel. Tættene i *Morkinskinna* kan derfor sidestillast med resten av sagateksten. Det er også blant desse tættene at vi kan lese i *Morkinskinna* at Harald samla inn skattar og landskyld åleine. Dette er med på å støtte synet om at delinga av landet, egentlig var ei form for deling av riksinntektene.³²⁴

Kongesogene fortel at Magnus kravde at Harald hadde ei underordna rolle i form av plassering ved høgsete og krav til å legge til kongshamn. Det kjem då også nesten til strid mellom kongane ein gong Harald legg seg til ved kongshamna før Magnus hadde kome fram. Denne forteljinga kan vi lese om i *Morkinskinna*, *Fagerskinna* og *Heimskringla*. Magnus skal ha blitt svært arg då han såg at Harald hadde tatt hamneplassen som var tiltenkt kongen. Sogene fortel at det lett kunne enda med strid mellom kongane, hadde det ikkje vore for at Harald gav seg.³²⁵ Så lenge Magnus levde ser det ut til at Harald måtte godta ei underordna rolle i samkongedømet.

³²¹ Oppdeling i form av ein nordre og austre lut som vi får dømer på under dei neste samkongedøma.

³²² *Morkinskinna*: 75-97

³²³ *Morkinskinna*: 76-79, 85-86

³²⁴ *Morkinskinna* :79

³²⁵ *Morkinskinna*: 73 *Fagerskinna*: 258 og *Heimskringla* 2: 134

Det fyrste samkongedømet tilfredstille dermed ikkje føresetnadane Bjørgo set for kva eit samkongedøme er. Han er av den oppfatning at kongane i eit samkongedøme var likestilte.³²⁶ I denne samanhengen er samstyre mellom Magnus og Harald snarare etter overkongedøme etter Bjørgo sine omgrep. Er det då rett å nemne samstyret mellom Magnus og Harald for eit samkongedøme? Gjennom delinga av riksinntektene som vi såg nærare på ovanfor verkar det som at er lik deling mellom partane. *Morkinskinna* nemner at Harald fekk kritikk frå bøndene då han samla inn for stor del av skattane og landskylda til seg sjølv. Det vart likevel ingen open strid mellom kongane av denne saka.³²⁷ Denne saka er ikkje nemnt i *Fagerskinna* og *Morkinskinna*. Ei anna sak som tyder på at kongane var på likefot, var hærferda til Danmark. *Morkinskinna*, *Fagerskinna* og *Heimskringla* fortel alle at kongane lyste ut leidang på vårparten og sigla mot Danmark.³²⁸ Det er dermed også faktorar i samstyret til Magnus og Harald som kan minne om eit samstyre.

Samandrag

Delinga av kongedømet mellom Magnus og Harald ser ut til å fyrst og fremst vore ein deling av riksinntektene. Nokon deling av landområder ser det ikkje ut til at det er snakk om. Harald hadde ei underordna stilling til Magnus i form av sete og plass ved hamna. Dette skil seg frå den moderne oppfatninga av samkongedømet, der ein meiner at kongane i eit samkongedøme skal vere likestilte. Det er likevel faktorar som gjer at samstyret mellom Magnus og Harald kan bli nemnd for eit samkongedøme. Dei delte på riksinntektene og dei hadde begge kvar si hird. Militære handlingar har også skjedd i fellesskap. Begge kongane ropte ut leidang til Danmark. Som styreform minner det fyrste samkongedømet i stor grad om eit ambulerande einekongedøme. Kongane reiste rundt i same område, og det ser ut til at dei aldri var langt i frå kvarandre. Dei var ikkje på veitsle i kvar sin landsdel som vi gjerne ser i dei neste samkongedøma.

³²⁶ KLN 15, *Samkongedømme*, Narve Bjørgo

³²⁷ *Morkinskinna*: 79-81

³²⁸ *Morkinskinna*: 98, *Fagerskinna*: 259, *Heimskringla* 2: 134

8. Magnus Haraldsson og Olav Kyrre

I 1066 gjekk styret til Harald Hardråde mot slutten. Den store krigarkongen som i ettertida er kjend for sitt harde styre sigla ut frå Solund med nærare 240 skip.³²⁹ Tilbake i Noreg sat den eldste sonen til Harald, Magnus, som skulle styre landet medan Harald var på hærferd. Med seg på reisa hadde han storparten av familien sin. Kone og døtrer sette han igjen på Orknøyene, men den yngste sonen, Olav, var med like til England. I slaget ved Stamford bru vart Harald drepen. Med Haralds bortgang var det duka for eit nytt samkongedøme. Mellom brørne Magnus og Olav. Det var eit kort samstyre som tok slutt i 1069 då Magnus døydde. Vi skal likevel sjå nærare på motivasjon og årsakar bak dette samkongedømet. Samkongedømet mellom Magnus den Gode og Harald Hardråde 20 år tidlegare hadde vore spent og prega av byrjande konflikter før Magnus døydde. Magnus Haraldsson hadde allereie styrt riket åleine omtrent eit år før Olav kom tilbake til Noreg sommaren 1067.

Magnus og Olav vert kongar

Ovanfor la eg vekt på at samkongedømet mellom Magnus den Gode og Harald Hårfagre ikkje var vidareverdig harmonisk samstyre den korte tida det stod på. I ettertida verkar det då gjerne litt merkelig at den norske eliten nok ein gong gjekk in for denne ordninga. Tidlegare har eg gått inn på den germanske arvefølgjelova. Eg har også vist fram til at førestillinga om lik arverett mellom kongesønene fanst i det norske kongedømet på 1000-talet. Ut frå det sogene fortel, fekk Harald Hardråde berre to søner. Desse fekk han med same kvinna Tora Torbergsdatter. At begge sønene skulle ha like arverett i den grad at begge skulle få kongsnamn ser klart ut i følgje handlingane hans. Harald let Magnus som var eldst bli igjen for å styre landet, medan han tok med seg den yngste sonen, Olav, til England. Det kan verke som at Harald hadde tenkt at Olav skulle arve det engelske kongedømet, medan Magnus skulle arve Noreg. Dette dømet er ikkje det einaste eksempelet på at ein norsk konge freista å utvide arven til sønene sine. På eit seinare tidspunkt tok Magnus Berrføtt med seg sonen Sigurd på sin siste ekspedisjonen vestover i 1102. Motivasjonen var tydelig å feste Sigurd sin kongelige autoritet over området. Dette kjem fram på bakgrunn av at Sigurd vart trulova med dottera til den irske kongen over Munster/Connaught.³³⁰ Det er også interessant at Sigurd hadde ein eldre bror, Øystein, som faren ikkje tok med seg på ekspedisjonen. Det kan sjå ut til at den eldste kongesonen vart etla til å først og fremst ta over det norske riket.

³²⁹ Tjønn2010: 166

³³⁰ Sveaas Andersen 1977: 176

Spørsmålet er kvifor Olav vart hylla til konge då han kom tilbake til Noreg? For å kunne svare på dette lyt eg også under dette samkongedømet sjå på tidlegare arveordningar, nett som eg gjorde med samkongedømet mellom Magnus den Gode og Harald Hårfagre. Tidlegare har eg påvist at brør regelmessig hadde ei form for samstyre, både Eirikssønene og jarlebrørne Håkon og Svein er døme på dette. Førestillingane om samstyre var ikkje fullstendig fjern for makteliten i 1046. Eg ser nærare på inngåinga av samkongedømet mellom Magnus og Olav, er det naudsynt å ha i tankane den overordna politiske situasjonen hirdmennene og lendmennene stod i våren 1067. Harald Hardråde er for ettertida kjend for eit hardt styre der han kunne vere nådelaus mot fiendar. Drapet på Einar Tambarskjelve og sonen Endrine er eit godt døme på dette. Måten han slo ned opprøret på Opplanda er eit anna. På bakgrunn av dette lykkast det for Harald å konsolidere kongemakta i eit politisk landskap utan store motstandarar. Vi kan altså rekne med at det var ei tilnærma samla maktelite som Magnus og Olav stod ovanfor. Det kunne sjølvklart utspegle seg annleis enn det faktisk gjorde, nemlig at ein samla maktelite samla seg om ein av brørne. I 1067 kom Olav siglande frå Orknøyane med restane av farens hær, og var sannsynligvis klar til å krevje sin del av arven. For ein samla maktelite kan det ikkje ha vore vanskelig å godta eit samkongedøme mellom to brør som etter alt å døme hadde eit godt forhold til kvarandre. I kjeldene får vi inntrykk av at samstyre mellom brørne var ei roleg slutning, og utan konflikhtar. I den stutte saga om Olav Kyrre er det ikkje nemnt konflikt mellom brørne. I *Morkinskinna* står det: «Den sumaren tok Olav kongedømet i Noreg saman med Magnus, bror sin, og dei var begge kongar ei tid før Magnus fekk banesott.»³³¹ Ser vi her konturane av ein samla maktelite som ynskjer å fordele makta etter Harald på best mogleg måte? Ved å sikre begge brørne kongsnamn opna dei ikkje for splid mellom brørne. Det vart heller ikkje mogleg for enkelte stormenn å samle seg rundt eine broren i opposisjon mot den styrande eliten. Sogene legg heller ikkje stor vekt på at riket fekk samstyre. Det kan tyde på at det var naturleg å inngå eit samkongedøme. Både på grunn av tidlegare tradisjonar gjennom arvefølgjelov og tidlegare samstyre, og på grunn av den samla situasjonen makteliten i Noreg stod ovanfor våren 1067.

Eit kortvarig samstyre

Om inngåinga av samkongedømet mellom sønene til Harald Hardråde seier kongesogene lite. *Morkinskinna*, *Fagerskinna* og *Heimskringla* fortel alle at landet vart delt mellom brørne i ein nordre og austre lut.³³² I form ser det ut til at dette samstyre skil seg frå det førre

³³¹ Morkinskinna: 191

³³² Morkinskinna: 192 Fagerskinna: 310 Heimskringla 2: 185

samkongedømmet mellom Magnus den Gode og Harald Hardråde. Munch seier dette om samstyret mellom Magnus Haraldsson og Olav Kyrre:

Thi Overeenskomsten mellem Magnus den Gode og Harald Hardraade blev ikkje tagen til Mønster; den gik nemlig du paa en Fællesregjering for det hele Rige, medens derimot Riget nu blev deelt mellem Harald Hardraades Sønner, saaledes at envher fik sin bestemte Part at herske over, Magnus den nordre Deel, det vil sige Opplandene, Gulatings- og Frostatings-Lagen tilligemed Haalogaland, og Olaf den østre, eller Viken.³³³

Munchs konklusjonar rundt samstyret mellom Magnus den Gode og Harald Hardråde stemmer godt med konklusjonane også dette arbeidet har kome fram til gjennom undersøkinga av det fyrste samkongedømmet. Som eg har nemnt ovanfor var det fyrste samkongedømmet prega av eit spent forhold mellom kongane. Det kan sjå ut til at ein har tatt lærdom av dette og forsøket å innføre ei ny praksisform for samkongedømmet under Olav og Magnus. Kongesogene og skaldekvad nemner ikkje noko som tolkast som eit spent forhold mellom brørne.

Det er ei hending som moglegvis kan gi oss eit innsyn i korleis dei to kongane samhandla i utanrikspolitiske saker, det er striden mellom den danske og norske kongemakta i 1068. Etter at Harald Hardråde var død, meinte den danske kongen, Svein Estridsson at fredsavtalen mellom Noreg og Danmark var over. Han skulle berre vera gyldig så lenge Harald Hardråde eller Svein Estridsson levde.³³⁴ I *Morkinskinna* kan vi lese at det kom til slag mellom nordmennene og danskane utanfor Halland, og striden endte med ein fredsavtale i Konghelle.³³⁵ Magnus Haraldsson vert ikkje nemnt i samanheng med denne striden i *Morkinskinna*. *Fagerskinna* og *Heimskringla* nemner ikkje noko slag i det heile, her går forfattarane rett til fredsavtalen i Konghelle.³³⁶ Kom det så til eit slag mellom den norske og danske kongemakta? Ut frå skaldekveda som er med i *Morkinskinna* konkluderer Munch med at slaget må ha funne stad, og at det må ha enda med tap for Olav Kyrre.³³⁷ Dette er Storm ueinig i. Han problematiserer innhaldet av skaldekveda, og konkluderer med at dei fortel om heilt andre hendingar enn i den konteksten *Morkinskinna* legg dei fram. I følgje Storm lyt vi derfor setje større lit til det vi kan lese i *Fagerskinna* og *Heimskringla* og dermed skrive slaget

³³³ Munch 5, 1942: 340

³³⁴ *Morkinskinna* 194, *Fagerskinna*: 319, *Heimskringla* 2: 185

³³⁵ *Morkinskinna* 194

³³⁶ *Fagerskinna* 320, *Morkinskinna*: 186

³³⁷ Munch 5, 1942: 342

mellom Olav Kyrre og Sven Estridsson ut av historia.³³⁸ Trass i at Storm set spørsmål til om det vart utkjempa eit slag mellom Noreg og Danmark, ser det likevel ut til at han meiner at fredsavtalen mellom Olav Kyrre og Sven Estridsson fann stad. Det er også kvad i kongesogene som fortel at Olav nekta den danske kongen del i Noreg.³³⁹

Spelte så Magnus Haraldsson ei rolle i denne hendinga? I skaldekvada vert han ikkje nemnt i denne samanhengen og av kongesogene er det berre *Heimskringla* som nemner at begge brørne tok ut leidang.³⁴⁰ Munch daterer fredsavtalen mellom Olav Kyrre og Svein Estridsson til 1068, eit årstal også seinare historikarar har godtatt.³⁴¹ Adam av Bremen nemner også begge brørne i samband med denne hendinga. Der Adam drar fram Svein Estridsson sine bragder, kan vi lese dette: «Den berømteste af alle barbarerne var på den tid danernes konge Svein, som lagde en dæmper på nordmannerens konger Olaph og Magnus.»³⁴² I tillegg til *Heimskringla*, har vi dermed to kjelder som fortel at Magnus Haraldsson tok del i desse hendingane. I eit oversyn over utanrikspolitiske handlingar i samkongedøma reknar Bagge at denne hendinga er ei samla utanrikspolitisk handling.³⁴³ Munch argumenterer for at Olav stod for denne utanrikspolitiske handlinga åleine. Han argumenterer for at Magnus allereie på dette tidspunktet var blitt sjuk, og at Olav Kyrre handla åleine.³⁴⁴ Kva er bakgrunnen for Munch sin konklusjon? Kjelda for både sagaforfattarane og dagens historikarar er kvadet Olafsdråpa av skalden Stein Herdisson.³⁴⁵ Munch tolkar det likevel slik at Magnus blir nemnt i denne Olavsdråpa:

Endå ein gong førebudde kongen den fæslege striden i den endelause kampen; den dugande kongen bad dei koma med hærskjold frå aust. Langskipa førde endå meir folk ut på sjøen litt nordanfor Stad; to fyrstar trådde tunvollen til kvalen (sjøen).³⁴⁶

I følgje Munch skal Magnus Haraldsson ha følgd med skipa frå nord om Stad.³⁴⁷ Kor truleg er det at kvadet her meiner dei to brørne når han referer til dei to fyrstane? Verset handlar om at

³³⁸ Storm: 1892: 96-99

³³⁹ Morkinskinna: 197, Fagerskinna: 319, Heimskringla 2: 186

³⁴⁰ Ordet allmenning kan tyde fleire ting, men i dette høvet tyder det rett og slett full leidang, eller fult. KLNLM 1, *Alminding*, Lars Reinton,

³⁴¹ Munch 5, 1942: 343, Krag 1995: 239

³⁴² Adam av Bremen: 177. Illo tempore clarissimus inter barbaros fuit Suein rex Danorum, qui reges Nortmannorum Olaph et Magnum constrinxit magna virtute. Adam av Bremen: 198

³⁴³ Bagge 1975: 268. Fotnote 85

³⁴⁴ Munch 5, 1942: 342-343

³⁴⁵ Storm 1892: 96

³⁴⁶ Morkinskinna: 195. Enn at gǫrva gunni/ gramr bjósk við styr ramman;/ herskilldi bað halda/ Haustgeðr konungr austan./ Út færðu lið lítlu/ lǫng borð fyr Stað norðan/ - trǫðu túnvöll reyðr/ tveir dǫglingar – meira. Morkinskinna: 6

³⁴⁷ Munch 5, 1942: 342

det vert kalla ut full leidang. Delar av hæren kom i frå aust og andre delen kom i frå nord. Ut i frå delinga av landet der Olav Kyrre hadde den austre luten medan Magnus Haraldsson vart tildelt den nordlege luten, er ikkje dette usannsynleg. Det støtter opp om det vi kan lese i *Heimskringla*, som hevdar at begge brørne lyste ut full allmenning.³⁴⁸ Det ser av kvadet ut til at begge kongane tok del i denne utanrikspolitiske handlinga, som Bagge også argumenterer mot. Vi kjem likevel ikkje unna at det ser ut til at det berre var Olav Kyrre som var til stades under møtet med Svein Estridsson. *Morkinskinna*, *Fagerskinna* og *Heimskringla* fortel alle om hendinga som dei illustrerer med vers i frå Stein Herdisson.³⁴⁹ Adam av Bremen nemner også at ein fredavtale vart inngått, og at Ingerid, dottera til Svein Estridsson, vart gift med nordmennes kongen.³⁵⁰ *Morkinskinna* og *Fagerskinna* fortel at det er Olav Kyrre den danske prinsessa vart gift med, og at det skjedde i samband med fredsmøtet i Konghelle.³⁵¹ Dei danske krønikene nemner ingenting om striden mellom Svein Estridsson og dei norske kongane. Heller ingenting om giftarmålet mellom Svend si dotter Ingerid og Olav Kyrre. Likevel bør man setje stor lit til det Adam av Bremen kan fortelje i denne samanhengen rundt giftarmålet til Ingerid Sveinsdatter, sidan Svein Estridsson var blant kjeldene til Adam. Mykje tyder altså på at Olav var åleine under fredsavtalen med Svein Estridsson. Giftarmålet mellom den danske prinsessa og Olav Kyrre er ein god indikasjon på dette. Den andre årsaka til at vi sluttar oss til denne konklusjonen er geografien. Fredsavtalen fant naturleg nok stad i Olav Kyrre sin del av landet, og det kan av reint praktiske årsakar vore at det berre var Olav som var til stades. Undersøkinga av striden mellom den norske og danske kongemakta viser altså at kongane kunne opptre både saman og sjølvstendig i utanrikspolitikken, også innanfor ei og same sak.

Samandrag

Det tydar på at inngåinga av samkongedømet mellom Magnus Haraldsson og Olav Kyrre, var eit naturleg val i 1066. Både arvefølgjelova og tidlegare sedvane i frå 900- og 1000-talet talar for dette. Å utrope begge brørne til kongar verka også konsoliderande for makteliten i landet.

I styreform skil det seg frå det fyrste samkongedømet ved at det no vart ei administrative deling av landet i form av lutar, der brørne styrde over kvar sin lut. Det tydar på at kongane for det meste oppholdt seg i kvar sin del av riket. Denne inndelinga ser ut til å ha vore ei ny løysing ein kom fram til under dette samkongedømet. I konflikten med danskekongen handla

³⁴⁸ Heimskringla 2: 185

³⁴⁹ Morkinskinna: 195, Fagerskinna: 319, Heimskringla 2: 186

³⁵⁰ Adam av Bremen: 177

³⁵¹ Morkinskinna: 195, Fagerskinna: 322

kongane både saman og sjølvstendig. Både Olav og Magnus var saman om å kalle ut leidang mot Danmark, medan Olav var åleine under fredsforhandlingane i Konghelle. Årsaka til dette trur eg i stor grad kan forklarast med inndelinga av lutar mellom kongane.

9. Magnus Berrføtt og Håkon Toresfostre

Etter at Magnus Haraldsson døydde sottedauden i 1069 styrte broren Olav Kyrre landet åleine i omlag eit kvart århundre. Til å følgje seg hadde Olav berre ein son, Magnus. Men han var ikkje den einaste kongesonen med arverett til det norske kongedømet. Magnus Haraldsson fekk også ein son, Håkon. Han vart fostra hos storbonden Steigar-Tore. I kongesogene fekk han tilnamnet Toresfostre. Kvifor vart ikkje Håkon tatt til konge saman med Olav Kyrre etter at Magnus Haraldsson var død? I følgje prinsippet hadde Håkon rett til å krevje sin odel i kongedømet. Talar vi her om eit mogleg samkongedøme det aldri vart noko av eller er det andre årsakar til at Olav Kyrre styrte landet åleine etter brorens død? Ved inngåinga av samkongedømet mellom Magnus Berrføtt og Håkon Toresfostre finn vi to forskjellige grupperingar rundt kongsemna. Narve Bjørgo meiner at samkongedømet i 1093 er vesensforskjellig frå dei andre samkongedøma i det at Magnus veik tilbake for å godkjenne Håkons kongskrav.³⁵² Vi skal no gå nærare inn på samkongedømet mellom Magnus og Håkon. Kan vi svare på om deira samkongedøme er vesensforskjellig i frå dei overordna?

Generasjonsregelen i Gulatingslova

Då Magnus Haraldsson døydde vart Olav Kyrre einekonge ut si styringstid. Men Magnus hadde ein son. Håkon Toresfostre var berre eit år gamal då faren døydde. I så ung alder kunne han ikkje reise krav om kongemakt ved å krevje sin del av farsarven. Mot utgangen av Olav Kyrre sitt styre var Håkon derimot ein vaksen mann og godt rusta til å krevje arven etter far sin. Ei forklaring til at Håkon ikkje kravde kongsmakt under Olav Kyrres styre kan ha vore generasjonsreglar som gjaldt for samstyre. Bjørgo følgjer det tradisjonelle synet som meiner at tronfølgja var regulert ved at eit fellestyre skulle vere mellom kvar generasjons kongssøner. Dersom ein av kongane i eit samkongedøme døydde, slik tilfellet var mellom Magnus Haraldsson og Olav Kyrre, arva den andre parten resten av kongedømet. Søner av den avlidne hadde ingen arverett før alle kongar i ein regjeringsperiode døydde.³⁵³ Grunnlaget for dette synet er generasjonsregelen i Gulatingslova: «Men um det er 3 kongar på same tid i landet, er det likevel ei styringstid».³⁵⁴ Denne lovstaden har vore nytta i to samanhengar i eldre forskning. For det fyrstesom vitnemål at Noreg framleis var prinsipiell ein rikseinskap også når kongedømmet var delt i eit samkongedøme. For det andre som eit vitnemål om gangen i arveskiftet. Fellestyret skulle gjelde kvar generasjon av kongssøner.³⁵⁵ Men det kan vere problematisk å rekne med at det eksisterte ein regel som sa at fellestyre skulle følgje kvar

³⁵² Bjørgo 1970: 5

³⁵³ Bjørgo 1970: 19

³⁵⁴ Gulatingslovi: 250

³⁵⁵ Bjørgo 1976: 206

generasjon. Mellom Magnus den Gode og Harald Hardråde var dette aldri ei problemstilling sidan Magnus døydde tidleg utan mannlege arvingar. Det er først med Magnus Haraldssons bortgang at ein slik eventuell regel trer i kraft. Bjørgo legg vekt på at dette dømet styrkar den moglege regelen om at tronskifte skulle følgje generasjonane. Bagge meiner det er feil å tolke denne regelen ut frå Gulatingslova. Kapitlet i Gulatingslova handlar om innløysing av jord som har kome inn under kongen.³⁵⁶ I den samanhengen var det nødvendig å presisere at eit samkongedømet med tre kongar tel som eit. Bagge peikar på at lovstaden ikkje er opptatt av forholdet mellom kongane, og seier derfor ikkje noko særlig om rikseininga. Dermed kan det heller ikkje nyttast som eit argument for ei spesiell tronfølgjeordning.³⁵⁷ For å påvise eksistensen av generasjonsregelen meiner Bagge vi bør sjå på eksempel der denne tronfølgjeordninga vart praktisert. Men før eg går vidare med undersøkinga med eksempel på at generasjonsregelen vart gjennomført, skal eg sjå nærare på sjølve lovteksten.

Gulatingslova vart nytta fram til 1274 då Magnus Lagabøters Landslov vart innført. Teksten har tydelig fått tilført nye kapittel i løpet av heile perioden han var i bruk. Av lova har vi i dag berre eitt omtrentlig fullstendig eksemplar.³⁵⁸ Det manuskriptet er datert til kring 1250.³⁵⁹ Omsetjinga til Knut Robberstad byggjer på dette dokumentet.³⁶⁰ Det eg legg vekt når det gjeld generasjonsregelen er at teksten spesifikt nemner eit samstyre med tre kongar. Samstyre med tre kongar har vi avgrensa i to tilfelle. Det mellom Magnussønene frå 1103 til 1115. Og det mellom Haraldssønene etter at Øystein Haraldsson vart medkonge i 1142, og fram til 1155. I følgje Robbestad kan generasjonsregelen ha blitt skriven ein gong etter 1115, og truleg før 1163 då Magnus Erlingsson fastsette ei ny tronfølgjeordning.³⁶¹ Det verkar derfor urimelig å leggje stor vekt på eit lovavsnitt som omhandlar korleis jord kjem under kongen og som er skriven ned ei tid etter hendingane vi drøfter.

Bagge finn to døme der denne regelen kan ha blitt praktisert. Det gjeld Sigurd Jorsalfare og broren Harald Gille og Håkon Herdebreis krav på trona i 1157 medan onkelen Inge framleis var konge.³⁶² Når det gjeld Sigurd Jorsalfare og Harald Gille må ein leggje vekt på at alle

³⁵⁶ No um jord kjem under kongen, då ska me løysa den jordi frå årmannen hans. Frå den årmannen som har påtaleretten i det fylket som jordi ligg i. Um det ikkje er kongsårmannen som er nærast. Me skal ha løyst jordi fyrr styringstidi til tri kongar er lidi. Um det då ikkje er løyst, ligg jordi som ho er komi. Men um det er 3 kongar på same tid i landet, er det likevel ei styringstid. (G 271 i NGL: 250-251)

³⁵⁷ Bagge 1975: 244

³⁵⁸ Keyser 1846: XI

³⁵⁹ Robberstad 1969: 10

³⁶⁰ Robberstad 1969: 9

³⁶¹ <http://snl.no/Gulatingsloven>. 11.09.12

³⁶² Bagge 1975: 244

kongsøner hadde rett til arv i kongedømet, men det var ikkje eit krav. Det ville gjere einekongedømet rettsstridig. Det verkar meir nærliggande at vi her har ein konge, Sigurd, som ikkje er interessert i å dele kongedømet for seg og sonen. Eit døme Bagge ikkje drar fram, er samkongedømet mellom Magnus Blinde og onkelen Harald Gille. Her har vi eit samkongedøme som viser at generasjonsregelen ikkje var i bruk når det gjeld arverett til kongemakt og som dermed støttar Bagges syn. Kan kapittel G 271 verkeleg fortelje oss om eit tronfølgeprinsipp vi ser blir nytta i 1069 då Magnus Haraldsson dør? Har vi ikkje då lett for å tolke for mykje inn i hendingane? Det kan godt vere at historikarar som har tatt føre seg dette kapitlet i Gulatingslova har vore meir opptatt av at det var to forskjellige generasjonar, enn av sjølve styringstida til eit samkongedøme. Det er knapt naudsynt å påpeike at det fyrste samkongedømet mellom Magnus den Gode og Harald Hardråde var mellom to forskjellige generasjonar. Er det ikkje meir nærliggande å tolke generasjonsregelen slik: Regjeringstida til eit samkongedøme skulle fullførast, uavhengig om nokon av kongane dør, før nye kongar vart hylla for med ein ny konge vil ei ny styringstid ta til. At tronfølgeordninga då i hovudsak ville følge generasjonane ville vere ein konsekvens. Ei slik tolking gir ei plausibel forklaring på kvifor vi ikkje ser eit nytt samkongedøme i 1069. Men vi skal vere forsiktige med å ikkje gjere akkurat det vi ovanfor har kritisert tidlegare forskarar for å gjere, nemlig å overtolke. Håkon Toresfostre var berre eitt år då faren dør då onkelen vart einekonge. Innan han er gamal nok til å krevje arven etter far sin, har onkelen i så stor grad konsolidert sitt styre at det må ha vore vanskeleg for ein ung mann og krevje sin del i eit samkongedøme. Tidlegare har den samla styringseliten etter Harald Hardråde vorte vektlagt. Det var berre tre år sidan ein samla elite valde å hylle begge sønene til Harald til kongar. Samkongedømet mellom brørne skal etter alt å døme ha vore eit fredelig samstyre. Ein av årsakane til at ingen fremja kongskravet til Håkon kan vere at Olav Kyrre hadde brei støtte blant dei mektigaste mennene i det norske kongedømet. Utan mektige menn til å tale sin sak, var det ikkje store politiske styrken bak ein eitt år gamal kongsson.

Håkon Toresfostres kongskrav

Kan Håkon ha blitt sett til side reint maktpolitisk av onkelen? Bagge opnar for at det er ein moglegheit.³⁶³ Kan vi spore eit politisk motsetningsforhold mellom Olav Kyrre og Håkon Toresfostre? I kjeldematerialet får vi ikkje inntrykk av eit slikt motsetningsforhold. Snarare kan vi få inntrykk av at Håkon faktisk vart brukt som kongens mann mot slutten av Olav Kyrres regjeringstid. I *Heimskringla* kan vi lese om Håkon: «Han hadde vært nord i landet til

³⁶³ Bagge 1975: 244

Bjarmeland, hold strid der og vunnet seier».³⁶⁴ Kongesogene fortel ikkje meir om denne hendinga, men Halvdan Koht meiner at det er Olav Kyrre som har sendt nevøen på denne ekspedisjonen.³⁶⁵ Bakgrunnen for at Koht meiner dette er ein grundig gjennomgang av det norske kongedømetts aktivitetar nordover mot Bjarmeland. Den fyrste kongen som dreiv kongemakta nord forbi Finnmark og aust mot Kvitehavet var Harald Gråfell (961- ca.970), Olav den Heilage sende hirdmannen sin Karle frå Langøy til Bjarmeland. Koht meiner det viser ei langvarig interesse for Bjarmeland, og ein tendens til at kongane sendte menn på ekspedisjonar dit.³⁶⁶ Ut i frå kongesoga får vi inntrykk av at Håkon gjorde denne ferda før han vart konge. Dersom der er slik Koht skriv, at reisa skjedde kring 1090, kan det også stemme godt med alderen til Håkon. I følge *Ågrip* var Håkon 25 år då han vart konge.³⁶⁷ Det var ikkje framand å sende kongssøner på hærferd før dei vart kongar. Det mest nærliggande dømet er far til Håkon sjølv, Magnus Haraldsson. Han var på hærferd vestover, på oppdrag frå far sin, då han framleis var i tenåra. Dersom denne reisa ikkje hadde vore i regi av kong Olav Kyrre, ville det truleg ha vore opptakten til ein konflikt vi ikkje høyrer om i den ordknappe saga om den fredsame kongen. Bjørge poengterer også dette synspunktet.³⁶⁸ Ut frå denne drøftinga vil eg konkludere at det ikkje er belegg i kjeldene for at Olav Kyrre tilsidesette Håkon Toresfostre når det gjeld arverett til kongedømet. Dersom det er slik vi har fått inntrykk av ovanfor, var det ikkje framand at Håkon ynskte å krevje sin odel i kongedømet. Han var allereie ein aktiv del av riksstyringa til Olav Kyrre men arvekravet kunne først avklarast etter at Olav var død. Det må ha tent motivasjonen for at Håkon kom med kongskrav saman med Magnus Berrføtt i 1093. Men kan det også ha vore fleire årsaker til at Håkon vart hylla til konge på tinget på Opplanda i 1093? Magnus Olavsson var son av den avdøde kongen som hadde styrt landet i 27 år, 24 av dei åleine. Olav Kyrre døydde på garden Haukbø i Ranriket ikkje langt frå Viken. Magnus Olavsson vart hylla til konge i Viken, mest truleg med hirda til far sin til stades. Det vil seie at storparten av den styrande eliten i landet stod bak Magnus. Skal vi tru kongesogene fekk Steigar-Tore hylla fostersonen sin til konge på Opplanda så fort moglegheita baud seg. Som ung mann var nettopp Steigar-Tore den fyrste som gav Harald Hardråde kongsnamn då Harald kom tilbake til Noreg. Vi får inntrykk av at vi har med ein ambisiøs mann å gjere som hevder seg der han kan, og ikkje er redd for å gripe sjansen når han byr seg. Her kan vi sjå endå ein årsak til kvifor Håkon fremja kongskravet i 1093, nemleg

³⁶⁴ Heimskringla 2: 192

³⁶⁵ Koht 1929: 27

³⁶⁶ Koht 1929

³⁶⁷ *Ågrip*: 65

³⁶⁸ Bjørge 1976: 207

ein ambisiøs stormann rundt. Etter at Håkon var hylla til konge på Opplanda fortel Snorre at Håkon og Tore reiser nordover til Trondheim for å få han hylla på Eyratinget i Nidaros. Eyratinget vart tidleg ein sentral hyllingsstad, først for stormennene i Trøndelag og så vidare for dei norske kongane.³⁶⁹ Sveaas Andersen legg fram Eyratinget som det fremste hyllingstinget saman med Borgartinget og Haugatinget.³⁷⁰ Både faren, Magnus Haraldsson, og Harald Hardråde, bestefaren til Håkon vart også hylla på Eyratinget, noko som mest truleg kan ha vore med på å legitimere og styrke hans arverett til det norske kongedømet.

Eg vil no sjå nærare på sjølv kongehyllinga eller konungstekja. I følgje Sveaas Andersen må kongehyllinga (konungstekja) ha vore eit lovheimla tronfølgeprinsipp.³⁷¹ Ved ein gjennomgang av eldre og yngre sagatradisjon er det mogleg å rekonstruere kva ritual som utgjorde og legitimerte kongehyllinga. Konungstekja vart utført på hyllingsting, Eyratinget og Haugatinget var begge viktige ting i denne samanhengen. Sjølv kongehyllinga bestod av ein avtale mellom kongen og bøndene og eit val:

For det første tilkom det tingmennene å avgjøre om han tilhørte kongsætten og ved denne tilhørighet hadde odelsrett til riket (riket oppfattes som kongsættens privateiendom). For det annet måtte kongsemnet gi tilsagn om han ville overholde, eventuelt bedre lovene. Etter at disse viktige spørsmålene var klarlagt på en tilfredsstillende måte for begge parter, tildømte tingfolket kongsemnet «land og tegner» og en ansett bonde ga ham kongsnavn. Dette var en rettsstiftende handling og impliserer et valg. Men valget var bundet til mannlige, ekte eller uekte medlemmer av kongsætten.³⁷²

Håkon vart valt til konge på tinget var med konungstekja. Det var ein rettsstiftande handling som Magnus Berrføtt vanskelig kunne protestere mot. Grethe Authén Blom skriv at Håkon var svært raus mot trønderane som takk for kongehyllinga.³⁷³ Det er nok i samheng med rettarbøtene at Authén Blom kjem med denne påstanden.³⁷⁴ Når vi ser nærare på rettarbøtene Håkon gav ser vi at kongesogene ikkje er fullstendig samstemte om når dette skjedde. Bagge har alt undersøkt desse skilnadane og har kome fram til ein forklaring på ulikskapane mellom kongesogene. Det er hans konklusjonar som blir lagt fram her. *Ågrip* legg Håkons utdeling av rettarbøtene til den fyrste jula både Håkon og Magnus feira i Trondheim. I Morkinskinna gir Håkon rettarbøter heile to gongar, både under konungstekja og under julefeiringa.

³⁶⁹ Sveaas Andersen 1977: 61

³⁷⁰ Sveaas Andersen 1977: 259

³⁷¹ Sveaas Andersen 1977: 275

³⁷² Sveaas Andersen 1977: 275

³⁷³ Authén Blom 1956: 122

³⁷⁴ Rettarbøter er tillegg til lova.

Morkinskinna reknar også med at samkongedømet mellom Magnus og Håkon varte i to år. Bagge forklarer denne doblinga med at den versjonen av *Morkinskinna* vi har i dag er interpolert.³⁷⁵ Det er ein nærliggande forklaring til teksten sidan vi veit at den eksisterande versjonen av *Morkinskinna* er interpolert i fleire høve.³⁷⁶ Den siste omtalen av rettarbøtene er nesten ordlik *Ågrip*. Både *Heimskringla* og *Morkinskinna* lar Håkon dele ut rettarbøtene i samanheng med konungstekja. Den fyrste delen av *Morkinskinna* sitt utsegn om rettarbøtene, der Håkon deler ut rettarbøter under konungstekja, er svært likt *Fagerskinna*. *Fagerskinna* skal ha nytta den eldre *Morkinskinna* som kjelde. Altså ein versjon av *Morkinskinna* frå før ho vart interpolert. På grunn av dette tidfestar Bagge to tidfestingar av når rettarbøtene vart delte ut i den eldre litterære sogetradisjonen. Bagges gjennomgang og forklaring er på dei fleste områder tilfredstillande. Men ho er gjerne ikkje like sterk som den kan verke i fyrste omgang. Argumentasjonen byggjer på at årsaka til at Håkon delte ut rettarbøter i samanheng med jula, og at samkongedømet varer i to år i *Morkinskinna*, er fordi ho er interpolert av *Ågrip*. *Morkinskinna* har altså fått ein vinter ekstra i følgje Bagge. *Fagerskinna* skal ikkje ha nytta den eksisterande versjonen av *Morkinskinna* men eit eldre manuskript. Det vi her bør vere merksame på er at også *Fagerskinna* fortel at samkongedømet under Magnus og Håkon varte i to vintrar.³⁷⁷ Bagges argumentasjon om interpolasjon står dermed ikkje like sterkt. Likevel vert ikkje gjennomgangen uvesentlig med tanke på å tidfeste når rettarbøtene vart utdelt. Var det under konungstekja eller julefeiringa at Håkon delte ut rettarbøtene? Bagge meiner det er mest truleg at rettarbøtene vart delt ut under Håkon si kongehylling på Eyratinget.³⁷⁸ I samanheng med det Hans Jacob Orning skriv om konungstekja, seier han at kongens makt kunne samanliknast med kor stort oppmøte det var på tinget.³⁷⁹ Ovanfor har vi allereie gjort merksam på at storparten av den styrande eliten rundt Olav Kyrre var aust i landet under konungstekja til Magnus. Kan det vere at Håkon måtte love bøndene i Trondheim rettarbøter for å få kongehyllinga si? I *Heimskringla* kan vi lese at trønderane berre gav Håkon kongsnamn over halve kongedømet:

Magnus, kong Olavs son, ble straks etter kong Olavs død tatt til konge over hele Norge i Viken. Men da opplendingene fikk vite om kong Olavs død, tok de Håkon Toresfostre, søskenbarn til Magnus, til konge. Siden for kong Håkon og Tore nord til Trondheim, og

³⁷⁵ Bagge 1975: 246

³⁷⁶ Akselberg 2004

³⁷⁷ «Den andre vinteren av deres styre var begge frendene, (...) *Fagerskinna*: 325. «Annan vætr rikis þeirra Magnus oc Haconar frendanna». *Fagerskinna*: 309

³⁷⁸ Bagge 1975: 246

³⁷⁹ Orning 2008: 104

da de kom til Nidaros, stevnet han Øreting, og på det tinget krevde Håkon kongsnavn, og bøndene gikk med på å ta ham til konge over halve landet, slik som hans far kong Magnus hadde hatt det.³⁸⁰

Kvifor legg Snorre vekt på at trønderane berre gir Håkon kongehylling i den luten far hans hadde? Det kan tolkast som at storparten av eliten rundt Olav Kyrre framleis var i området rundt Viken, og bøndene i Trøndelag ikkje våga å strekke seg ut forbi sitt eige område. Dei forskjellige landsdelane dei to kongane konsentrerte makta si rundt, samsvarer også med farsarven deira. Magnus Haraldsson hadde den nordre luten, medan Olav Kyrre hadde den austre luten. Det ser ut til at inndelinga av den nordre og austre luten under Magnus og Olav framleis var ein aktiv førestilling 25 år seinare.

Det kan sjå ut til at Håkon og Steigar-Tore handla raskt etter at Olav Kyrre var avliden. Dette kan vere årsaka til at Håkon delte ut rettarbøtene i samanheng med konungstekja.

Rettarbøtene kan ha vore ei form for betaling. Vi har no sett at Håkon Toresfostre mest truleg gjekk inn i samkongedømet med Magnus Berrføtt utan medkongen sitt samtykke. Vi kan då spørje oss kvifor Magnus godtar Håkon som medkonge? Hadde ikkje Magnus Berrføtt rikdomen og mennene til faren i ryggen?

Ein prinsipiell politisk strid?

Bjørge nemner striden mellom Magnus og Håkon for ein prinsipiell politisk strid. Der usemja mellom Magnus den Gode og Harald Hardråde var ein personkrangel er striden mellom Magnus Berrføtt og Håkon Toresfostre prinsipiell i den grad at Magnus ikkje ynskte å godkjenne Håkons krav.³⁸¹ Bjørge forklarar denne motviljen Magnus følte for Håkons delingskrav med psykologiske drag. «Reint tronfølgerettslig må det her vera prosedert på ein «beste rett» for søner av siste avlidne konge».³⁸² Dersom dette stemmer, kan vi allereie i 1093 sjå ein byrjande tendens mot legitimitetsprinsippet og vidare primogenitur, sjølv om det framleis skulle ta ei stund før desse førestillingane for alvor kom til Noreg. Det er ikkje urimelig at Magnus følte han hadde eit særeige i kongedømet til fordel for søskenbarnet. Men talar vi her om ein prinsipiell politisk strid? I oversiktsbindet, *Norsk historie 1, 750-1537*, vert

³⁸⁰ Heimskringla 2: 190. «Magnús son Ólafs konungs var þegar tekinn til konungs í Víkinni eptir andlát Ólafs konungs yfir allan Noreg. En er Upplendingar spurðu andlát Ólafs konungs, þá tóku þeir til konungs Håkon þórisfóstra, bræðungMagnús. Síðan fóru þeir Håkon ok þórir norðr til þrándheims, en er þeir kórnu til Niðaróss, þá stefndi hann Eyrapping, ok á því þingi beiðir Håkon sér kónungs nafns, ok var honum þat veitt, at bæendr tóku hann til konungs yfir hálf land, svá sem haft hafði Magnús konungr faðir hans». Heimskringla: 636.

³⁸¹ Bjørge 1970: 5

³⁸² Bjørge 1970: 5

konflikten mellom Magnus og Håkon nemnt for personlege motsetningsforhold.³⁸³ At Magnus ikkje ynskjer å dele kongedømet, men å styre over like stor del som Olav hadde gjort i 24. år, er det vi kan nemne for personlege motsetningsforhold. Men dersom det er slik som Bjørgo hevder at Magnus ikkje ville godkjenne Håkon sitt krav, vert det ei prinsipiell avvising av det eksisterande tronfølgeprinsippet. Men avviste Magnus verkelig Håkon sitt kongskrav? Det er lite som gir oss inntrykk av det. Snarare tvert om seier Magnus sjølv etter at Håkon er død at han vedkjente Håkon sitt krav sidan han også var ættboren til landet på lik line med Magnus.³⁸⁴ Konflikten mellom Magnus Berrføtt og Håkon Toresfostre ser dermed ikkje ut til å ha eit prinsipielt politisk aspekt.

Den rettslige og formelle tyngda bak Håkon si kongehylling må her vektleggast. Med kongehylling var Håkon konge på linje med Magnus. At det ikkje fortløpande etter kongehyllinga kom til open konflikt mellom kongane må, vi også sjå på som eit teikn på at Magnus godkjente Håkons krav til kongerett. I dei to tidlegare samkongedøma har vi sett at den germanske arvefølgjelova var ein levande førestilling på 1000-talet. Førestillinga om at kongedømet var ein personlig arv i kongsslekta møter vi igjen i Morkinskinna like etter Håkons død. Etter at Håkon var avliden klarte ikkje fosterfaren Steigar-Tore å gjere forlik med Magnus Berrføtt. I staden prøvde han og fleire trønderar å gjere Svein, son av Harald Flette, til konge. Dette tok Magnus ille opp sidan denne Svein ikkje var av den norske kongeætta:

«Kva større skam og svivyrding kan ein gjera kongen sin, som er ættboren til dette landet, enn det dei har gjort mot meg. Dei har teke ein mann som er småboren til å styra. Det er slik denne mannen er. Så lenge som frenden min, Håkon, levde, var det god grunn til at dei heldt riket under honom, og vi let det sviva, men dette er vanærande».³⁸⁵

I dette utsegne vedkjenner Magnus at Håkon hadde krav til kongemakta. Vi får også ei forklaring frå sogeforfattaren på kvifor det ikkje kom til konflikt like etter at Håkon vart hylla til konge. Det kan sjå ut til at begge partar har forsøkt å halde freden etter at samkongedømet vart inngått

³⁸³ Moseng, Opsahl, Pettersen og Sandmos 1999: 80

³⁸⁴ Morkinskinna: 203

³⁸⁵ Morkinskinna: 203. «Hvat megi meiri skömm ok svivirðing gera sínum konungi, þeim er ættborinn er til lands þessa, en þat er þeir hafa gort við mik, tekit einn mann småborinn ok ekki konungborinn til ríkis, svá sem þessi maðr er. Var þat nokkur várkunn meðan Håkon frændi várr lifði at þeir heldi undir hann ríki, ok létum vér þá eptir því svífa, en þetta er ósæmunda». Morkinskinna 2: 21-22.

Samandrag

Ovanfor såg vi på om generasjonsregelen i Gulatingsloven kunne forklare kvifor Håkon Toresfostre ikkje vart vald til konge i 1069. Konklusjonen er at det ikkje er mogleg å anvende denne generasjonsregelen i dette tilfellet og eg forklarar heller Olav Kyrre sitte einekongedøme med reint praktiske årsakar. Håkon var ung og hadde for liten støtte til at han kunne kome med kongskrav. Vidare drøftar Bjørgo om det var ein prinsipiell politisk strid mellom kongane i 1093. Dette er eit syn eg argumenterer i mot. Ein prinsipiell motstand frå Magnus si side, ser ikkje ut til å kome før etter Håkons død. Då laut han konkurrere mot ein arving som ikkje hadde arverette til kongedømet. Farsarven er viktig i denne samanhengen. Vi ser at kongane i byrjinga heldt seg i same luten som fedrene deira hadde hatt. Vi kan dermed spore ein kontinuitet i frå samkongedømet mellom Magnus Haraldsson og Olav Kyrre og ei sjå ei auka tilhøyrse til den direkte arven etter faren.

10. Sigurd Jorsalfare, Øystein Magnusson og Olav Magnusson

Magnus Berrføtt var einekonge i ni år før han døydde i Irland i 1103. Han hadde levd etter orda Snorre gav han: «Til ære skal en ha en konge, ikke til et langt liv».³⁸⁶ Til å arve seg hadde Magnus tre søner. Ingen av var ektefødde og ingen var fullbrør. Øystein må ha vore rundt 14 år då faren døydde, Sigurd eit år yngre og den yngste sonen Olav var bare tre-fire år gamal.³⁸⁷ Sigurd følgde med faren vestover i 1102. Der vart Sigurd trulova med dottera til kongen Muirkertach over Munster/Connaught. Sigurd var 12 og den irske prinsessa var fem år. Samkongedømet i 1103 gir oss noko heilt nytt. Der det tidlegare berre hadde vore to kongar var det no tre. Dei to eldste brørne skal ha rådd over den yngste broren, Olavs del av landet. Det fjerde samkongedømet skil seg også frå dei tidlegare i lengde. Der det lengste samkongedøme tidlegare varde i berre tre år mellom Magnus Haraldsson og Olav Kyrre, varte dette samkongedømet i heile 20 år fram til Øystein døydde i 1123 og Sigurd vart einekonge.

Alle tre sønene får kongehylling

Tidlegare har vi sett spørsmål ved kvifor Håkon Toresfostre ikkje vart hylla til konge etter at faren døydde i 1069. Etter ein grundig gjennomgang kom vi fram til at det ikkje var ein generasjonsregel som styrte hendingane i 1069. Snarare er det rimelig at det var for få støttespelarar bak den unge Håkon, som sjølv ikkje var gamal nok til å krevje kongehylling. Burde vi ikkje då sjå eit liknande eksempel under samkongedømet i 1103, der den yngste broren, Olav, vart tilsidesett? At vi får eit annleis utfall under Berrføttssønene kan ha fleire årsakar. For det fyrstevar det ingen levande eldre medlemmar av slekta som kunne kome med kongskrav. Som Sveaas Andersen gjer oss merksame på var også Øystein og Sigurd så unge at det i byrjinga var hirdmenn og lendemenn som var sterkt inne i bilete som rådgjevarar og styringsmenn.³⁸⁸ Bortsett frå at både Håkon Toresfostre og Olav Magnusson var svært unge då far deira døydde, og eit eventuelt kongskrav var mogleg, er det få likskapar mellom 1069 og hendingane i 1103. Skal vi leggje vekt på likskapstrekk med tidlegare samkongedøme er det samstyre mellom Magnus Haraldsson og Olav Kyrre i 1067 som liknar mest. På same måte som med Berrføttssønene var det også her berre brør som hadde kongskrav. Bagge meiner at der det er brør som er vaksne opp saman, og der alle er behandla som tronarvingar er det liten moglegheit for konflikt.³⁸⁹ Dette kan nok stemme i samanheng med samkongedømet mellom Berrføttssønene. Årsaker og motiv for å hylle alle sønene til Magnus Berrføtt til kongar verkar opplagte. Ingen av kongesønene var myndige då Magnus døydde.

³⁸⁶ Heimskringla 2: 204. «Til frægðar skal konung hafa, en ekki til langlífs». Heimskringla: 660

³⁸⁷ Sveaas Andersen 1977: 177

³⁸⁸ Sveaas Andersen 1977: 177

³⁸⁹ Bagge 1976: 250

Som Sveaas Andersen Har peika på, må det i byrjinga ha vore eit apparat av hirdmenn og lendemenn som styrte landet. Det tydeligaste beviset på dette er at den sørvestlege politikken til Magnus Berrføtt vart avslutta. Det var ein politikk som kravde store ressursar og at bøndene måtte tåle lange fråvær frå gardane sine.³⁹⁰ Det var derfor i dei fleste si interesse å ta med seg Sigurd heim att til Noreg, og hylle han til konge saman med brørne hans. At alle tre brørne vart hylla til kongar, var også ein samlande styrke for mennene rundt dei. Med alle kongsemna samla under ei fane var det ikkje mogleg for motstandarar å samle seg bak forskjellige arvingar. Vi får heller ikkje på nokon måte inntrykk av at det var konflikhtar i samanheng med å hylle dei tre.

Samstyre mellom Berrføttsonene

Sidan sjølve samstyret varer lengre enn tidlegare samkongedøme bør det i større grad vere mogleg å identifisere tendensar og utvikling under perioden.

Kongesogene er samde i at alle tre brørne vart hylla til kongar. I dei tre største sogene kan vi også lese at landet vart delt i lutar mellom kongane:

Sigurd hadde den austre luten av landet til rådvelde, både når det gjaldt veitsler og skattar. Kong Øystein hadde den nordre luten kring Trondheim. Dei tok begge vare på den luten av landet, som Olav åtte, for han var berre tre vintrar gamal då han vart teken til konge.³⁹¹

I realiteten var det berre eit samkongedøme mellom to brør, sidan den yngste broren, Olav, døydde før han fekk ta del i å styret. Om samstyre mellom Sigurd og Øystein legg Sveaas Andersen vekt på den kyrkjepolitiske utviklinga, ein nordisk retta politikk og interesser i fjernhandelen.³⁹² Det er med utgangspunkt i desse tre tema eg skal sjå nærare på samstyret.

Kva kan vi sei om den kyrkjepolitiske utviklinga under samkongedømet mellom Sigurd og Øystein? Står dei samla bak dei politiske handlingane eller er det ein politikk dei utøver kvar for seg? Om kong Øystein kan vi lese at han sette i gang omfattande byggeverksemd medan broren var på jorsalferd. Det meste av bygge verksemda kan vi knytte til kystrøka frå Bergen og nordover:

Han let gjera den store halla i Bjørgvin, som er det største og mest vidgjetne hus, som har vore av tre i Noreg. Han let byggja kyrkja til den heilage Mikael på Nordnes, og han gav

³⁹⁰ Moseng, Opsahl, Pettersen og Sandmo 1999: 82

³⁹¹ Morkinskinna: 226. Det same står også i Fagerskinna: 342 og i Heimskringla 2: 205

³⁹² Sveaas Andersen 1977: 180-184

gods til eit munkekloster der, og det er det mest ærefulle klosteret som er bygt av stein. Han let byggja Apostelkyrkja i kongsgarden i Bjørgvin. Kong Øystein let byggja ein festning ved Agdenes og ei hamn og ei kyrkje ved Vågan i Hålogaland og la gods til. Han let òg byggja eit stort hærskip med drakehovud slik som ormen lange hadde vore bygd. Konge Øystein let gjera Nikolaskyrkja i Nidaros.³⁹³

I tillegg til all denne byggeverksemda, skal han også ha bygd eit gjestehus for reisande på Dovre. Denne kyrkjebygginga, klostergrunnlegginga og donasjonen av jordegods er alle delar av arbeidet for utviklinga og den kristne konsolideringa i landet. Øystein fekk også lagt Jemtland inn under Noreg medan broren var bortreist. Sveaas Andersen meiner at Øystein var ute etter å utvide den norske kyrkjias innflytelse i eit område der folk framleis³⁹⁴ Øystein har altså kome med fleire handfaste handlingar som fremja utviklinga av den kyrkjelege organisasjonen utan konsultasjon eller i samråd med broren. Bakgrunnen for dette var nok at Øystein i praksis styrte som einekonge i dei åra Sigurd var bortreist.

Under Sigurd sitt opphald i Jerusalem fekk Sigurd eit spon av den heilage krossen i gåve av kong Baldvin. I *Ågrip*, *Morkinskinna* og *Heimskringla* kan vi lese at Sigurd fekk denne gåva mot at han skulle fremje kristendommen, når han kom tilbake til Noreg. Han skulle forsøke å opprette erkebispestol, krossen skulle ligge ilag med Olav den Heilage sine relikviar og Sigurd skulle innføre tidend og betale tiend sjølv.³⁹⁵ Sveaas Andersen hevdar at det ikkje er noko som tydar på at Sigurd forsøkte å opprette eit erkesete.³⁹⁶ Det tyder likevel på at Sigurd oppretta eit bispesete. Den anglonormanniske historieskrivaren, Orderic Vitalis, som skreiv rundt 1135, skriv at Sigurd Jorsalfare grunnla kloster og bispedømme i Stavanger.³⁹⁷ Geir Atle Ersland konkluderer med at Sigurd oppretta bispesetet ein gong i tidsrommet mellom 1123 og 1130.³⁹⁸ Om lovnaden at spona frå krossen skulle ligge saman med Heilage Olav vart heller ikkje gjennomført. Den let han oppbevare i Konghelle. Om innføringa av tienden står det at Sigurd Jorsalfare holdt det han hadde lovt på det punktet og innførte han.³⁹⁹ Tienda var ein årleg skatt som utgjorde ein tiendedel innanfor avkastinga innanfor dei tre hovudnæringane i landet, åkerbruk, husdyrhold og fiske.⁴⁰⁰ I følgje Krag skal det vere allment godkjent blant

³⁹³ Morkinskinna: 238

³⁹⁴ Sveaas Andersen 1977: 182

³⁹⁵ Ågrip: 74, Morkinskinna: 234, Heimskringla 2: 210-211

³⁹⁶ Sveaas Andersen 1977: 181

³⁹⁷ Ersland 2012: 55

³⁹⁸ Ersland 2012: 60

³⁹⁹ Heimskringala 2: 215

⁴⁰⁰ Krag: 1995: 283

historikarar at tienda vart innført i Noreg av Sigurd Jorsalfare.⁴⁰¹ Sveaas Andersen hevdar at det er rimeleg å rekne med at tienden vart søkt satt ut i livet i tidsrommet 1120 til 1140.⁴⁰² Han skriv også at Øystein må ha støtta Sigurd for å få innført tiende.⁴⁰³ At innføringa av tienda vart gjennomført med Øystein sitt samtykke er mogleg å anta sidan det ikkje er råd å finne teikn på motvilje frå broren si side i kjeldene. Men Øystein vert på ingen måte knytt opp mot innføringa av tienden i kjeldene og det kan sjå ut til at dette var noko Sigurd gjorde åleine. Av kyrkjebygg skal Sigurd også ha reist ei kyrkje i Konghelle der han som nemnt oppbevarte spona frå den heilage krossen.⁴⁰⁴ Av lovnadane Sigurd gav i Jerusalem, ser det ut til at han til dels han utførte det han lovde. Tienda vart innført under Sigurd og Øysteins styringstid, spona til krossen valde Sigurd å snarare oppbevare i Konghelle og noko erkebispesete vart ikkje oppretta. Det tyder likevel på at Sigurd aktivt forsøkte å utbetre den kyrkjelige administrasjonen, ved å opprette bispesete i Stavanger. Men det skal ha skjedd fyrst etter at broren var død. Sigurds byggeverksemd i den austre luten ser dermed ut til å ha kome i stand fyrst etter at han vart einekonge. Inntrykket vi sit att med etter ein gjennomgang av brørne sin kyrkjepolitikk er at dei begge er opptatt av å fremje kyrkja i landet, men at dei gjer det uavhengig av kvarandre og det ser ut til at dei i stor grad konsentrerer seg om den luten dei sjølve hadde ansvaret for.

Eg skal også no sjå nærare på om vi kan finne dei same tendensane i den norske og nordiske politikken. Er dei samla om politiske vedtak og handlingar eller handlar dei sjølvstendig på lik line som med kyrkjepolitikken? I tida før Sigurd reiste på Jorsalferd ser det ut til at brørne framleis stod samla. Det kan vi seie ut i frå rettarbota som vart utferda i alle tre brørne sitt namn. Kongesogene nemner denne rettarbota, og vi har sjølve teksten bevart i Frostatingslova.⁴⁰⁵ Regesta Norvegica tidfester at rettarbota må ha kome ut ein gong i tidsrommet mellom inngåinga av samkongedømet i 1103 og Sigurd Jorsalfare si utanlandsreise i 1107.⁴⁰⁶ Vi får her altså eit døme på at offentlege handlingar vart utført i fellesskap i den fyrstetida av samstyret. Årsaka til dette kan nok godt vere at det var ein samla

⁴⁰¹ Han grunngir dette synet med informasjon frå ei gammal bispeliste frå Nidaros som eg ikkje har vore i stand til å finne tak i. Krag 1995: 281

⁴⁰² Sveaas Andersen 1977: 335

⁴⁰³ Sveaas Andersen 1977: 181

⁴⁰⁴ Morkinskinna: 264

⁴⁰⁵ Rettarbota avskaffe alle krav om årlege gåver og avgifter av gardsbruket, og alle krav på landøre til kongen. Om det fell ein arv etter utlegg mann skal arven gå til næraste arving. Men om utlegg mann kjem att skal han sjølv i samråd med kongen taka arven. Kvar mann har løyve til å fritt reise frå landet i fredstid. Kvar mann skal kunne slå seg ned der han vil og kjem han tilbake skal han ha att alt som er sitt. Gods som er grave ned i jorda eig den som finn det men jordeigaren skal ha landnåm. År mannen og ikkje bonden skal reise hus for kongen. Frostatingslova, XVI. 1994: 216

⁴⁰⁶ Regesta Norvegica, bind 1, nr.56 fotnote 1.

gruppe stormenn som stod bak dei unge kongane. Under Sigurd si reise må Øystein i stor grad ha fungert som einekonge, men vi ser ut ifrå byggeverksemda hans at han i størst grad konsentrerte seg om dei vestlege og nordlege områda av landet. I 1111 kom Sigurd tilbake til landet og samstyret var på nytt ei reell styreform i landet.

Sigurd konsentrere byggeverksemda si mest til aust i landet og då fyst og fremst i Konghelle. Kan vi også sjå dette i samheng med ein med ein vestvendt og austvendt politikk? I følgje den yngre sagatradisjonen (Morkinskinna og Heimskringla) bygde Sigurd eit forsvarsanlegg på Kongehelle. Han bygde eit kastell, ei kastellkyrkje og voller. Innanfor kastellområdet bygde han ein kongsgard. Sveaas Andersen meiner at Sigurd sat mykje i Konghelle, og at de langvarige opphalda må sjåast i lys av kongens forsvarsbehov, snarare enn eit uttrykk for territorial ekspansjonspolitik. ⁴⁰⁷ Området rundt Gautelva hadde stor handel som den norske kongen må ha ynskt å verne om. Konghelle som handelsby hadde også på denne tida fått ein konkurrent frå sveakongen sitt økonomiske senter i området, Lödöse som låg lenger oppe i Gautelva. ⁴⁰⁸ Er så Sigurd aleine om denne sør-austvendte nordiske politikken? Vinteren 1115 då kong Olav døyde, fortel Heimskringla at Øystein sat aust i Sarpsborg. ⁴⁰⁹ I þingsaga kan vi lese at Sigurd Ranesson rauk ukklar med kong Sigurd i Trondheim og vel å reise sørover til kong Øystein som sat aust i Vika. ⁴¹⁰ Denne hendinga må ha skjedd før vinteren 1115 sidan kong Olav er med på den påfølgjande rettsaken. Vi har altså to døme på at også Øystein var aust i landet der han kunne vise styrken til det norske kongedømet. Vi veit ikkje kor Sigurd og Øystein oppholdt seg år for år, men det ser ut til at det i stor grad alltid var ein konge aust i landet. Det kan her vere mogleg å sjå tendensane til ein samla politisk målsetjing om at den norske kongemakta skulle vere ein del av den nordiske politikken. Vi kan blant anna forklare det med tette dynastiske forbindelsar. ⁴¹¹ At kongane bytta på å sitte aust i landet kan her forklarast som eit ynskje om at dei valde å halde veitsle skjedde i samråd med kvarandre. Så trass i at kongane på mange punkt opererte sær sjølvstendig, kan vi også spore ei form for samarbeid mellom dei. At kongane var så sjølvstendige som vi her har funne døme på, er nok heller ikkje uvanlige når vi tenkjer på dei lange avstandane det var mellom landsdelane. Vi har også døme på at kongane sat saman. Den mest kjende episoden må vere vinteren dei

⁴⁰⁷ Sveaas Andersen 1977: 183

⁴⁰⁸ Sveaas Andersen 1977: 184

⁴⁰⁹ Heimskringla 2: 214

⁴¹⁰ Morkinskinna: 249

⁴¹¹ Eit godt døme er dottera til den svenske kong Inge d.e. som vart gift med Magnus Berrføtt. Etter at den norske kongen var død vart Margrete Fredkolla på ny gift med den danske kongen, der ho fekk sonen Niels som ho igjen ynskte å få gjort til svensk konge. Sveaas Andersen meiner at det er i samheng med dette nordiske forholdet at Sigurd egentlig drar på leidangstog til Sør-Sverige. Sveaas Andersen 1977: 182

begge sit i Opplanda og den kjende mannjamninga mellom brørne kom i stand. Under slike samlingar må det ha vore naturleg å diskutere saker som vedkom kongedømet.⁴¹²

Kong Sigurd sender ein mann ved namn Ivar Fljóðum vestover til Irland for å krevje skatteskyldnad frå Magnus Berrføtt sitt gamle rike.⁴¹³ Kong Sigurd sat i Trondheim og Øystein sat aust landet då Ivar vart sendt vest til Ulster i Irland. Avgjersla om å krevje skatteinntekter ser difor ut til å vere Sigurds avgjersle åleine. Vi har her eit døme på at kongane kunne ta sjølvstendige utanrikspolitiske avgjersle.

Ved å gå inn og følgje samstyret til Berrføttssønene har vi fått eit klarare bilete på korleis eit forhold var mellom kongane i eit samkongedøme over lengre tid. Vi ser at dei i stor grad opperar sjølvstendig, men at politikken deira bær preg av at dei begge følgjer ei felles politisk målsetjing i den delen av landet dei oppheld seg.

Prinsipiell avvising av samkongedømet?

Ein gong etter kong Øystein var død kom Harald Gillekrist (vidare Gille), frå Irland, og sa han var son av Magnus Berrføtt. Harald fekk lov til å bevise sin farsarv ved å ta jernprova, der han skulle gå over glødande plogjarn. Men før han kunne gå prøva måtte han love med eid at han ikkje skulle krevje kongedømet så lenge Sigurd Jorsalfare eller sonen Magnus levde. Bjørgo argumenterer for at Sigurd Jorsalfare sitt krav var ein prinsipiell avvising av samkongedømet som styreform, og må derfor sjåast som eit vendepunkt i ei stegvis utvikling mot individualsuksesjon.⁴¹⁴ Dette er eit syn Bagge er ueinig i. Vi skal no gå nærare inn i denne diskusjonen og drøfte fram eit sjølvstendig synspunkt for dette arbeidet.

I sin artikkel frå 1970 retta Bjørgo ein kritikk mot den eldre forskinga rundt samkongedøma.⁴¹⁵ Av dei punkta han vektlegg mest er hendinga der Sigurd Jorsalfare får broren Harald Gille til å fråskrive seg alle kongskrav så lenge Sigurd og sonen, Magnus, lever. Sigurd kjem der med ein prinsipiell avvising av samkongedømet som styreform. Med dei rikspolitiske hendingane vi ser etter 1130, kan vi i følgje Bjørgo finne ei line som tenderer mot realiseringa av einekongedømet som styreform.⁴¹⁶ Ut frå Bjørgos forklaring er dermed ikkje samkongedømet årsaka til at det braut ut borgarkrig i 1130, det er snarare innføringa av einekongedømet. Bjørgo sin argumentasjon rundt det fredsbevarande aspektet som samkongedømet førte med seg har vore eit avgjerande nytt perspektiv for seinare forskning.

⁴¹² Bagge 2010: 41

⁴¹³ Morkinskinna: 248

⁴¹⁴ Bjørgo 1970: 7

⁴¹⁵ Bjørgo 1970

⁴¹⁶ Bjørgo 1970: 7

Krag forklarar samkongedømet ut i frå Bjørgo sitt perspektiv i sin gjennomgang av samkongedømet i 2000.⁴¹⁷ Men det er ikkje alle som er einige med Bjørgo sitt syn, og den største talsmannen blant desse er Bagge. I 1975 argumenterte Bagge for at Bjørgo hadde gått for langt i sine vurderingar:

Umiddelbart virker det som Bjørgo på dette punktet går lenger enn det strengt tatt er nødvendig for å gi en mer nyansert vurdering av samkongedømmet. Han påtar seg i tillegg den oppgaven å finne en forklaring på utbruddet av borgerkrigene som helt utelukker samkongedømmet som årsak.

Bjørgo tar utgangspunkt i synet som fyst og fremst kom med Andreas Holmsen, som dempar ned tronfølgeordninga si tyding som årsak til borgarkrigane. For Bjørgo er det snarare ønsket om einekongedømet som er gnisten til striden, og ikkje tronfølgespørsmålet som eldre forskinga har rekna med. Gjennom min gjennomgang av samkongedømet har eg heile tida sett at arveføljelova var ein fungerande norm og sedvane. Då Harald Gille kom til landet, nekta Sigurd Jorsalfare å ta han som medkonge. Tidlegare har vi drøfta den tradisjonelle oppfatninga av generasjonsregelen som også Bjørgo har støtta seg til. I følge generasjonsregelen skulle Sigurd ha godkjent Harald som medkonge sidan dei var av same generasjon. Under drøftinga av generasjonsregelen konkluderte eg på same vis som Bagge. Tilsidesetjinga av Håkon Toresfostre i 1069 ikkje kan forklarast med ein generasjonsregel, men snarare med maktpolitiske realitetar. Går vi inn i sogene får vi ikkje noko inntrykk av at Harald Gille fremja eit krav om å bli tatt til konge saman med Sigurd. Det kjem fyst etter at Sigurd var død, og Harald har skaffa seg brei støtte frå stormennene. Han hadde mest truleg ikkje eit maktgrunnlag til å kunne tvinge fram eit kongskrav på eit tidlegare tidspunkt og heldt seg inntil vidare til avtalen. Det er naturleg at Sigurd ikkje ynskjer å dele makta etter at han hadde vore samkonge i 20 år. Dette synet argumenterer også Bagge for.⁴¹⁸ I sitt svar til Bagge innrømmer Bjørgo at han har tatt for lite omsyn til dei skiftande politiske interessene hos stormennene i si undersøking.⁴¹⁹

Det som skil Sigurd Jorsalfares handlingar frå hendingane i 1069, er at Sigurd fekk stormennene sine til å gjera eid på at sonen Magnus skulle bli konge etter han. Bagge innrømmer at denne eiden kan reknast for å vere noko nytt, og eit skritt i retning mot ein meir tilsikta regulering av tronfølga. Likevel er det ikkje nok til å karakterisere Sigurds avvising

⁴¹⁷ Krag 2000: 225-226

⁴¹⁸ Bagge 1975:248-249

⁴¹⁹ Bjørgo 1976: 211

av Harald for å vere ein prinsipiell avvising av samkonedømet.⁴²⁰ Dei er begge einige i at tida etter 1130 viser at tronfølgjelova var eit middel for å nå eit mål, ikkje eit mål i seg sjølv. Det var ingen reglar som kravde at to arvingar delte kongedømet.⁴²¹ Bjørgo har altså moderert det noko bastante synet på hendingane før 1130 etter Bagge sin kritikk. Bjørgo meiner likevel han ser eit brot i sedvanar og praksisformar mot slutten av 1120-åra. Eg skal no raskt sjå nærare på desse sedvanane og praksisformene for arvefølgja. Håkon Toresforstre fekk ikkje kongsnamn før onkelen var død. Medkongen Magnus Berrføtt ynskte heller ikkje å godkjenne han som konge då han fyst vart konge. Vi har her ein situasjon som minner om hendingane vi ser under samkonedømet mellom Magnus Blinde og Harald Gille, der Magnus ikkje godkjenner Harald sitt kongskrav. Det siste samkonedømet før 1130 er mellom Øystein, Sigurd og Olav, der alle med arverett til kongemakta nok ein gong vart hylla til kongar. I situasjonar der det er brør som alle er oppdratt som kongens son i den norske eliten, vert alle med arverett hylla til kongar. Med ein gong det var delte meiningar blant stormenn og kongsemne dukkar det opp diskusjonar som lett kunne ha ført til borgarkrigsliknande tilstandar. Gjennom sogene får vi ikkje inntrykk av at Sigurd Jorsalfare og stormennene i Noreg visste om at Magnus Berrføtt hadde ein fjerde son. Eg har ovanfor drøfta om det er grunnlag for å tru at det eksisterte førestillingar om ein generasjonsregel under tida for samkonedøme, og konkludert med at det var lite truleg. Det er ingen sedvanar frå tidlegare samkonedøme som tilseier at Sigurd skulle vedkjenna seg Harald som medkonge. Det er snarare ein unik situasjon der Sigurd valde å sikre seg og sine etterkommarar. Gjennom kongesogene får eg også inntrykk av at denne avtalen berre gjaldt for Sigurd og hans etterkommarar. Det var ikkje meint for eit lengre perspektiv. Eg må derfor støtte meg til Bagges konklusjonar i denne samanhengen. Eiden Sigurd fekk stormennene til å sverje, er eit brot på sedvanen for arvefølgja som hadde utvikla seg sidan 1046. Den er dermed noko nytt, men å gå så langt som å påstå at denne handlinga var ein prinsipiell avvising av samkonedømet som styreform, er å trekke konklusjonane for langt.

Samandrag

Under samkonedømet mellom Berrføttsonene er det ei utvikling frå eit samla samstyre til ei meir sjølvstendig styreform mellom kongane etter kvart som dei blir eldre. Før Sigurd reiste til Jerusalem, delte brørne ut rettarbøter saman. I løpet av Sigurd sitt utanlandsopphald kan ein sjå at Øystein i hovudsak konsentrerer seg om å bygge ut sin eigen lut av landet, og med Sigurds tilbakekomst kan ein sjå ei tilsvarande byggeprosess i hans lut. Det ser ut til at lutane

⁴²⁰ Bagge 1975: 249

⁴²¹ Bagge 1975: 249 og Bjørgo 1976: 211

på dette punktet hadde blitt klare administrative einingar. Likevel er kongane ofte i lengre periodar i den andre parten sin lut. Det viser at det var ei førestilling om at dei var kongar over heile riket, sjølv om dei hadde kvar sin lut.

Vidare hevdar Bjørgo at Sigurd kom med ein prinsipiell avvising av samkongedømet då han fekk Harald Gille til å sverge i frå seg kravet til kongemakta. Her legg eg vekt på at det ikkje var nokon lov eller sedvane som kravde at Sigurd skulle godkjenne Harald som medkonge. Det er også naturleg at Sigurd ynskte å sikre arven til sonen sin. Å ha arverett til kongemakta var ikkje nok til å bli konge, ein måtte og bli vald på tinget. Sigurd bryt likevel med ein sedvane som har vore sidan 1046, der alle rettmessige arvingar vart hylla til kongar fram til hans eiga tid.

11. Magnus Blinde og Harald Gille

Etter å ha vore konge i 27 år døydde Sigurd Jorsalfare i Oslo. Før han døydde hadde han sikra at det var sonen Magnus som skulle følgja etter han. Broren til Sigurd, Harald Gille måtte gjera eid på at han ikkje ville forsøke å ta kongedømet så lenge Sigurd eller Magnus levde. Sigurd skal også ha fått stormennene til å ta eid på at dei skulle ta Magnus til kongen sin etter at Sigurd var avliden. Likevel vart det på nytt samkongedøme i 1130, mellom Magnus Blinde og Harald Gille.

Av kongesogene eg har nytta fell no Tjodrek Munk si Noregshistorie i frå. Når det kjem til Ågrip manglar vi også store delar av teksten etter Sigurd Jorsalfares si styringstid. Alt vi har om samkongedømet mellom Magnus Blinde og Harald Gille er om inngåinga av samkongedømet. Det er derfor i hovudsak dei yngre kongesogene vi kan nytte som kjelder til dette samstyret. Knut Helle hevdar at vi kan rekne med at det kongesogene fortel frå tida etter 1130, byggjer på eller er samtidssoget i overført tyding.⁴²² I tillegg kan vi også trekke inn Orkneyinga saga, som har god kjennskap til dei norske forholda på 1100-talet.⁴²³

Splid mellom kongane og jakta på alliansar

I Fagerskinna kan vi lese at det vart tatt to kongar etter at Sigurd var død. Dei tok kvar si hird, og det ikkje tok lang tid før det braut ut strid mellom dei.⁴²⁴ Vi får ikkje inntrykk av at det var nokon form for strid mellom kongane ved inngåinga av samkongedømet. Ovanfor har eg ved fleire høve nemnt at Sigurd kravde at berre sonen Magnus skulle verta konge etter han. Ein kan derfor stille spørsmål ved *Fagerskinna* si forteljing om inngåinga av det femte samkongedømet. Dei resterande sogene teiknar eit meir konfliktylt bilete rundt den fyrstetida etter at Sigurd Jorsalfare var avliden. *Ågrip* fortel at Magnus ynskte å ha kongedømet åleine som han med rette skulle. Men Harald kravde likevel halve riket.⁴²⁵ I *Morkinskinna*, *Orkneyinga saga* og *Heimskringla* kan vi lese at Magnus Blinde raskt vart teken til konge over heile landet.⁴²⁶ Samtidig var Harald Gille i Tønsberg og i *Ågrip* kan vi lese at Harald: «ville ikkje komme i hug anten eidane sine eller skipnaden åt bror sin.»⁴²⁷ Han samla derfor venene sine som vart einige om å halda Haugating. På dette tinget vart Harald Gille tatt til konge over halve landet. Dei kalla det for ein tvangseid at han hadde svore frå seg

⁴²² Helle 1974: 15

⁴²³ Helle 1974: 16

⁴²⁴ Fagerskinna: 254

⁴²⁵ Ågrip: 80

⁴²⁶ Morkinskinna: 273, Orkneyinga saga: 100 og Heimskringla 2: 227

⁴²⁷ Ågrip: 80

farsarven.⁴²⁸ Med dette var det på ny to kongar som styrte over det norske kongedømet. Korleis kan det vere at Harald klarte å bli hylla til konge i 1130, trass i alt som var gjort for at nettopp dette ikkje skulle skje? Som eg fastslo under drøftinga over kvifor Sigurd Jorsalfare ikkje tok Harald til medkonge, var det ikkje påbod gjennom lov eller sedvane at arvingane skulle dele. Den sterkaste argumentasjonen for dette er at ein ikkje automatisk vart konge gjennom arveretten, man måtte krevje trona og veljast på tinget.⁴²⁹ Harald Gille måtte altså ha tilstrekkelig støtte til å kunne verta vald. I følgje kongesogene var Magnus lite vennesæl og ein utriveleg person. Harald derimot var vennleg mot sine allierte, og let andre stormenn styre for seg så mykje dei ynskte. På grunn av sin personlegdom klarte Harald å samle vel så mange menn om seg som Magnus. Det samla seg etter kvart så mange mann rundt Harald at Magnus til slutt måtte gå med på å dele landet med onkelen. Det vart fordelt slik at kvar av dei skulle ha halvparten av det riket som Sigurd hadde rådd over. Magnus skulle åleine få alt av verdifulle eigedelar og lausøyre som var att etter faren. Likevel var Magnus den som var minst nøgd med avtalen.⁴³⁰ Vi ser her at trass i at stormenne hadde lova Sigurd Jorsalfare å ta Magnus til einekonge, valde dei likevel å gå inn for eit samkongedøme då tida kom.

Vi får vite i sogene at det var mykje uvennskap mellom kongane. Dei hadde kvar si hird og Munch konkluderer med at dei sjeldan sat saman. Det ser ut til at Magnus hadde størst støtte nord i riket, medan Harald for det meste hadde støttespelarar aust i riket.⁴³¹ Nok ein gong ser det ut til at den nordre og austre luten vart administrative einingar. Likevel sit dei saman i Trøndelag den fjerde vinteren. Der baud dei kvarandre på veitsle, men det var spent stemning mellom mennene deira, og våren etter fekk samla begge menn til kvar sin hær. Spenningane endte med slaget på Fyrileiv der Harald Gille tapte, og han måtte flykte til Danmark.⁴³² Magnus klarte tydeligvis å samle flest stormenn. I følgje Heimskringla hadde Magnus 7200 menn, medan Harald hadde 1800.⁴³³ Magnus skal ha gjort fylkinga si så lang at ho kunne omringe heile hæren til Harald. Skalden Halldor Skvaldre kved dette om slaget: «Fylkinga til Magnus fekk der mykje lengre armar; han hadde glede av eit stort fylgje; varme lik byrja å dekkja vollen.»⁴³⁴

⁴²⁸ Morkinskinna: 273, Orkneyinga saga: 100 og Heimskringla 2: 228

⁴²⁹ Bagge 1975

⁴³⁰ Morkinskinna: 273, Orkneyinga saga: 100, Heimskringla 2: 228

⁴³¹ Munch 6, 1943: 146

⁴³² Morkinskinna: 276, Fagerskinna: 355, Heimskringla 2: 231

⁴³³ Heimskringla 2: 229, det same star også i Morkinskinna: 275

⁴³⁴ Morkinskinna: 275

I løpet av dei tre åra før slaget har ikkje sogene stort å fortelje ut over giftarmålet til Magnus. Og nettopp desse viser at trass i ei spent stemning, er kongedømet framleis ein aktiv del av den mellom-nordiske politikken. Magnus Blinde var tett knytt opp mot det danske kongehuset, og vart gift med den danske prinsessa Kristin Knudsdatter som var dotter til den danske kongen Knud Lavard. Igjen vart den danske kongen Erik Emune gift med enka etter Sigurd Jorsalfare. Danmark var herja av borgarkrig etter at Knud Lavard vart myrda i 1131.⁴³⁵ I 1131 vart Erik Emune hylla til konge i Skåne og seinare i Jylland. Dei påfølgande åra kjempa han ein intens kamp mot Kong Niels. Han tapte fleire slag og endte opp med å flykte til sin allierte i Noreg, Magnus Blinde.⁴³⁶ Kongesogene nemner ingenting om den danske kong Erik sitt opphald i Noreg, men i *Gesta Danorum* kan vi lese at Magnus Blinde planla å svike Erik Emune etter at han vart lovt store rikdommar av kong Nils. Dronninga til Magnus, den danske prinsessa Kristin, varsla Erik og dronninga som klarte å flykte.⁴³⁷ Magnus såg på det som eit stort svik at Kristin valde å støtte slekta framfor ektemannen, og sendte ho derfor tilbake til Danmark.⁴³⁸ I kongesogene kan vi lese at Magnus ikkje fekk nokon godhug i den danske dronninga si, derfor sendte han ho tilbake.⁴³⁹ At Magnus skulle velje å bryte ein allianse med det danske kongehuset berre fordi han ikkje tykte noko om den danske prinsessa verkar lite truleg når vi tenkjer på den spente situasjonen som var mellom Magnus og Harald, og kor viktig ein slik allianse må ha vore. Sverre Bagge forklarar Magnus sitt svik mot den danske kongen og avvisinga av Kristin, med at Magnus mest truleg trudde at Erik Emune var den tapande parten i kampen om den danske kongemakta.⁴⁴⁰ Før Erik reiste i eksil til Noreg, hadde han tapt fleire slag og var klart den underlegne parten i kampen. Dette må nok vere årsaka til at Magnus valde å svike Erik til fordel for motstandaren Niels. Etter sviket til Magnus Blinde gjekk Erik Emune i allianse med Harald Gille i kampen mot Magnus. Etter at Harald tapte i slaget ved Fyrileiv og måtte flykte til Danmark, fekk han støtte frå danskekongen i form av skip og krigarar.⁴⁴¹

Dei tre åra med samkongedøme mellom Magnus Blinde og Harald Gille er altså prega av eit spent forhold mellom kongane, der vi kan sjå konturane av to kongar som prøver å skaffe seg best mogleg alliansar både gjennom nordiske og heimlege forhold. Det var Magnus Blinde som vant fyrste omgang, men brotet med den danske kongen Erik Emune, skulle kome til å

⁴³⁵ Christensen 1977: 277

⁴³⁶ Christensen 1977: 281-282

⁴³⁷ Saxo Grammaticus: 133-135

⁴³⁸ Saxo Grammaticus: 137

⁴³⁹ Morkinskinna: 274, Heimskringla 2: 229

⁴⁴⁰ Bagge 2010: 48

⁴⁴¹ Saxo Grammaticus: 143-145, Morkinskinna: 276, Fagerskinna: 355, Heimskringla: 231

straffe seg då Harald kom attende vinteren 1134 med danske forsterkingar. Det kan sjå ut til at Magnus ikkje hadde venta at Harald skulle kome attende så raskt, sidan han let mannskapet og lendemennene fare heim for vinteren. Det ser også ut til at Magnus hadde mista støtta han tidlegare hadde hatt frå stormennene. Han valde likevel å møte Harald i Bergen der han sat for vinteren, men både bymennene og lendemennene svikta då Harald kom med hæren sin.⁴⁴² Dette slaget er også slutten på Magnus Blinde si tid som konge, han vart fanga og mishandla av trellane til Harald.⁴⁴³ Magnus Blinde vart deretter sendt i kloster, og Harald Gille vart einekonge over Noreg.

Sterke stormenn

Det vart lenge Harald fekk sitje som einekonge. I 1136 dukka det opp ein ny tronkrevjar. Sigurd Slembe han påstod også at han var son av Magnus Berrføtt. Han søkte opp Harald Gille og bad om å få del i kongedømet. Harald avgjorde ikkje saka med ein gong, men skal i følge kongesogene ha tatt saka opp med frendane sine. I *Morkinskinna* kan vi lese at mennene rundt Harald meinte at dersom Sigurd Slembe fekk ta del i riket, ville han verta alt for stor slik som Magnus Blinde hadde vore. Forfattaren fortel at det var rolege tider og lendemennene rådde mykje over landsstyringa.⁴⁴⁴ I staden for at Sigurd fekk kongsnamn vart det reist sak mot han, skuldinga var at han hadde tatt del i drapet på Torkjel Fostre som var ein nær ven av Harald Gille.⁴⁴⁵ Om dette seier Sveaas Andersen at stormennene kring Harald Gille hadde blitt så vande med å styre landet, at dei nødig ynskte å gje frå seg den kontrollen dei hadde over størstedelen av landet.⁴⁴⁶ Det er interessant å sjå at dei same mennene som talte for samkongedømet i 1130, er kritiske til å sleppe Sigurd Slembe til i 1136. Vi ser at samkongedømet som praksisform på dette tidspunktet i stor grad vart nytta når det eignar seg for makteliten i landet. Sigurd Slembe klarte å flykte i frå drapsforsøket mennene til Harald forsøkte. Trass i motstanden frå storparten av makteliten til Harald klarte Sigurd Slembe likevel å skape alliansar med nokre av medlemmane i Harald si hird. Dei hadde tidlegare høyrte til hirda til Magnus Blinde. Gjennom list klarte Sigurd og hirdmedlemmane å snikmyrde Harald ei natt. Sigurd Slembe lyste drapet på seg sjølv, og bad folket om å ta imot han som konge. Stormennene rundt Harald var trass i tapet ikkje interessert i å ta Sigurd Slembe til ny konge. Sigurd måtte derfor sigle frå Bergen utan kongsnamn. Han sigla nord til Nordhordaland, Sogn og til Fjordane der han vart tatt godt imot og fekk kongsnamn alle

⁴⁴² Morkinskinna: 278, Fagerskinna: 358, Heimskringla 2: 233

⁴⁴³ Heimskringla 2: 234

⁴⁴⁴ Morkinskinna: 285

⁴⁴⁵ Morkinskinna: 285, Heimskringla 2: 243

⁴⁴⁶ Sveaas Andersen 1977: 43

stader. Men då han reiste nord til Møre møtte han motstand.⁴⁴⁷ I Trøndelag og Møre hadde dei fått hylla sonen til Harald Gille til konge. Stormennene rundt Harald var klare til å yte kongskravet til Sigurd Slembe motstand.

Samandrag

Kongesogene er opptatt av konfliktmotivet i samkonedømet mellom Magnus og Harald, og sogeforfattarane har ikkje hatt interesse i å fortelje nok vidare om maktdeling og samstyre mellom kongane. I denne er det mogleg å sjå ei stadig mektigare gruppe stormenn som var med på å velje kven som vart kongar. Sjølv samstyret mellom Magnus og Harald var prega av eit spent forhold mellom kongane, der begge er ute etter den beste alliansen i mellomnordiske forhold. Undersøkinga av dette samkonedømet har vist kor ustabil og lite fastsett sedvanane og praksisformene rundt samkonedømet faktisk var. Ut over avtalen om faktisk å dele riket, er det få reglar og normer som regulte korleis kongane skulle styre. Sidan det ikkje var fastsette reglar og praksisformer dukka det opp årsakar til konflikt mellom to kongar i eit samstyre. Om dette seier Bagge: «Division between the kings meant a division of wealth and power but not necessarily of ambition.»⁴⁴⁸

⁴⁴⁷ Morkinskinna: 286, Fagerskinna: 363-364 og Heimskringla 2: 245

⁴⁴⁸ Bagge2010: 41

12. Inge Krokrygg, Sigurd Munn og Øystein Haraldsson

Etter drapet på Harald Gille samla mennene til Harald seg rundt dei unge sønene hans, Sigurd og Inge. Dei same mennene som berre nokre månadar tidlegare hadde råda Harald Gille frå å dele landet, gjekk på no inn for eit samkongedøme. Dette forsterkar inntrykket av at den germanske arvefølgjelova på dette stadiet vart nytta når det passa. Sigurd Munn og Inge Krokrygg sigra over Sigurd Slembe. Eg skal no sjå nærare på korleis samstyret mellom dei to kongane fungerte under striden med Sigurd Slembe. Eg er stadig på utkikk etter kontinuitet eller endringar i sedvanar og praksisformar rundt samkongedømet. I 1142 kom ein tredje son av Harald Gille til landet. Igjen valde ein å følgje den germanske arvefølgjelova, og Øystein vart tatt til konge saman med brørne sine utan kamp. Styret til dei tre brørne var fredelig fram til 1155. Vi står nok ein gong ovanfor eit samkongedøme som varte over eit lengre tidsrom. Det gjer det interessant å følgje moglege endringar i samstyret mellom kongane i tidsrommet. Eg har no kome fram til det siste samkongedømet i undersøkinga.

Motstand mot Sigurd Slembe

Dronninga til Harald Gille, Ingerid Ragnvaldsdatter, var også i Bergen då ektemannen vart drepen.⁴⁴⁹ Sogene fortel at Ingerid, lendemennene og hirda til Harald Gille vart einige om å sende bod til Trondheim om at Harald Gille var drepen, og at dei skulle ta Harald sin son, Sigurd, til konge.⁴⁵⁰ Sjølv sigla Ingerid med sonen Inge til Viken, der han vart hylla til konge på Borgarting. Det norske kongedømet hadde med dette to kongsemnet som var hylla til kongar. I tidlegare høve under samkongedømet mellom Magnus Berrføtt og Håkon Toresfostre i 1093 og Magnus Blinde og Harald Gille i 1130, fekk alle partar til slutt del i samkongedømet. I 1136 arta historia seg annleis. Stormennene rundt dei unge kongane Inge Krokrygg og Sigurd Munn var ikkje villige til å anerkjenne Sigurd Slembe sitt kongskrav. Krig mellom partane er dermed einaste utgang på konflikten.

Korleis var så samarbeidet mellom gruppene rundt Inge og Sigurd? Sigurd og mennene rundt han holdt seg i Trøndelag fram til slaget mot Sigurd Slembe og Magnus Blinde i 1139. Grupperinga rundt kong Inge hadde sitt maktsenter i Viken, der det var langt meir turbulente forhold. Sigurd Slembe hadde henta Magnus blinde ut av klosteret og fått samla ein hær rundt han. På ein stad som heiter Minne, møtte kong Inge og hæren hans Magnus sommaren 1137.

⁴⁴⁹ Ingerid Ragnvaldsdatter var barnebarnet til den svenske kongen Inge d.y.. Ho var tidlegare gift med den danske prinsen Henrik Skadelår, som kjempa på den tapande sida i den danske borgarkrigen. Harald Gille giftar seg med Ingerid etter sigeren over Magnus Blinde. Bagge meiner at dette ekteskapet har kome i stand etter tradisjonen om å gifte seg med den tapande parten sine hustruer, som var ei regelmessig nytta sedvane i mellomalderen. Bagge 2010: 49

⁴⁵⁰ Sigurd var nord i landet på oppforstring hos Gyrd Logbersson. Heimskringla: 246

Følgjet til Magnus var klart størst, men Inge vant slaget og Magnus måtte flykte.⁴⁵¹ Denne kampen måtte kong Inge og hans menn ta åleine medan broren Sigurd sat trygt i Trøndelag. Kong Inge måtte også stå imot fleire utfordringar åleine. *Morkinskinna* og *Heimskringla* fortel at Magnus Blinde hadde flykta aust til Gautland og overttydd jarlen Karl Sunesson at det norske kongedømet stod utan leiarar og låg opent for den som ynskte det. Hæren av gautar kom frå aust mot Vika der Inge og mennene hans møtte dei og vann slaget.⁴⁵² Verken Magnus Blinde eller Sigurd Slembe var med ved dette slaget. Magnus drog vidare til Danmark der det ser ut til at han kom overeins med den danske kongen Erik Emune igjen. Det lykkast Magnus å overtale Erik til å kalle saman leidang og sigle mot Noreg. Nok ein gong var det kong Inge og mennene hans som måtte stå imot åleine, og nok ein gong vart det kong Inge som vart sigerherren.⁴⁵³ Om desse hendingane skriv Krag at stormennene rundt brørne Inge og Sigurd, berre delvis hadde felles interesser.⁴⁵⁴ Kong Sigurd og stormennene rundt han ser ut til å ha vore nøgde med at Inge og hans menn forsvarte landet. Dei fyrsteturbulente åra av samkongedømet mellom sønene til Harald Gille er altså i liten grad prega av samarbeid mellom grupperingane. I *Morkinskinna* og *Heimskringla* står det at mennene rundt kong Inge etter kvart får nok, og sender eit brev i kongen sit namn nord til Trondheim, til broren Sigurd. Brevet fortel om alle slaga kong Inge og hans menn har vore gjennom for å beskytte landet deira og kravde at kong Sigurd snart aktivt byrjar å støtte saka og at han må kome sørover med mennene sine å hjelpe til i kampen. Dersom Sigurd nektar dette kjem Inge til å snu hæren sin imot han:

Men skulle du forkasta den nødvendige bodskapen min og ikkje fara, som du har gjort før, skal du bu deg på det at eg vil gå imot deg med folk, som her trengst på grunn av ufred, medan du tek halvparten av alle landskylder og andre skattar i Noreg. Lev i Guds fred.⁴⁵⁵

Kong Sigurd Munn og mennene hans sitt svar på brevet var å ruste seg til krig og reiste sørover for å støtte medkongen Inge. Der møtte brørne motstandarane Sigurd Slembe og Magnus Blinde i eit endeleg slag. I slaget ved Holmegrå gjekk samkongedømet til Sigurd Munn og Inge Krokrygg sigrande ut og begge motstandarane vart drepne i slaget.

⁴⁵¹ *Morkinskinna*: 288, *Fagerskinna*: 365, *Heimskringla* 2: 247

⁴⁵² *Morkinskinna*: 288-289, *Heimskringla* 2: 247-248

⁴⁵³ *Morkinskinna*: 289-290, *Fagerskinna*: 366, *Heimskringla* 2: 249

⁴⁵⁴ Krag 2000: 105

⁴⁵⁵ *Morkinskinna* 2: 296

Kva kan vi så sei om den fyrste tida under det fyrste samkongedømet? Vi ser tydeleg at det er ei splitta gruppe stormenn som samlar seg rundt sønene til Harald Gille. Det ser ut til at det er ei deling av landet i ein nordre og austre lut som vi har sett døme på i tidlegare samkongedøme. Ut frå brevet frå Inge Krokrygg kan vi lese at dei delte inntektene mellom seg, noko som også har vore vanleg praksisform tidlegare. Det er mange likskapstrekk mellom det sjette samkongedømet, og fleire av dei tidlegare i form av deling av riket og inntekter. I tida mellom kongehyllinga av brørne og fram mot samlinga i 1139, hadde dei kvar si hird. I etterkant av slaget får vi derimot inntrykk av at barnekongane hadde felles hird så lenge dei opphavlege stormennene levde.⁴⁵⁶ Etter at dei hadde vunne kampen mot Sigurd Slembe ser det altså ut til at stormennene og kongane er forlikte. Det er likevel delar ved det sjette samkongedømet som skil seg frå tidlegare. I samkongedømet mellom Magnus den Gode og Harald Hardråde gjekk kongane saman under militære aksjonar då dei kalla ut leidang mot Danmark. Det same ser vi også under samkongedømet mellom Magnus Haraldsson og Olav Kyrre, der brørne stod samla om trugselen frå danskekongen Sven Estridsson. I dette høvet stod Inge Krokrygg og mennene hans åleine utan støtte frå broren då riket stod under angrep frå både Sverige, Danmark og tronkrevjarane.

Øystein Haraldsson kjem til landet

Allereie i 1142 møtte samkongedømet på nye utfordringar, det kjem ein ny son av Harald Gille dukka opp. Harald hadde sjølv vedkjent seg sonen før han døydde. Han måtte ikkje gå jernbyrd for å vise at han var av kongeleg ætt, slik Harald sjølv måtte då han kom til landet. Ein heldt seg til det Harald Gille hadde sagt. At Øystein ikkje vart møtt til kravet om å bevise at han var ein del av den kongelege ætta kan moglegvis tolkast dit at det var delar av den norske makteliten som var tent med at han vart hylla til konge saman med brørne. Det var stormenn frå Noreg som reiste til Skottland for å hente guten. Arne Sturla, Torleiv Brynjulfsson og Kolbein Ruga reiste vestover og henta Øystein som då var 17 år gamal. Kva kan vere årsaka til at Øystein vart henta til Noreg? Det er mogleg at enkelte stormenn no syntes at grupperinga rundt Inge og Sigurd hadde blitt for sterk, og ynskte å bryte opp denne. I *Heimskringla* kan vi lese at dei sigla direkte til Trondheim der han vart hylla til konge på Øreting. Sigurd og Øystein skal då ha vore aust i landet, men gjennom bod skal dei ha blitt forlikte om at Øystein skulle ha ein tredjedel av riket. Det kan dermed sjå ut til at stormenne som henta Øystein, tok å hylla han til konge før dei sende bod til Inge og Sigurd. Sidan

⁴⁵⁶ Ågrip: 81, Morkinskinna: 308, Fagerskinna: 396, Heimskringla 2: 262

Øystein var eldre enn brørne, fekk han si eiga hird.⁴⁵⁷ Då Øystein kom til landet fekk han sin del av arveretten, og på ny vart riket delt mellom alle sønene etter ein konge. Etter ein gjennomgang av alle samkongedøma, kan ein sjå at det er vanleg praksisform at alle kjente søner av ein konge vart vald til kongar. Unntaket er med Harald Gille og Sigurd Slembe, men i desse høva vart det stilt spørsmål til opphavet deira.

Kongesogene seier ikkje noko om brørne vart tildelt egne lutar av landet, likevel er det mogleg å sjå kor kongane i størst grad oppholdt seg og kva for område stormennene i følgjet deira kom i frå. I følgje Sveaas Andersen stod Inge sterkast i området rundt Viken og på Vestlandet, medan Sigurd fekk brei støtte i Trøndelag. Øystein var også ein del i Trøndelag, men etter 1150 var han i større grad aust i Viken nede mot riksgrensa. Men trass i at vi finn tendensar til særskild tilhøyrsløse i enkelte delar av landet, kan vi sjå at brørne ambulerte mellom alle kongsdelane.⁴⁵⁸

Erkesetet i Nidaros 1152/1153

Til å byrje med hadde kyrkjene i dei nordiske rika høyrte til under erkebispeden i Hamburg-Bremen. Slik var det heilt fram til 1104 då det vart oppretta ein eigen nordisk kyrkjeprovins med Lund i Skåne som erkesete. Gjennom striden mellom paven og den tysk romerske keisaren var det fordelaktig for paven å dele opp den nordiske kyrkjeprovinsen ytterligare. Kyrkja i Noreg hadde også kome så pass langt i organiseringa at opprettinga av eit eige erkesete verka naturleg.⁴⁵⁹ I 1152/53 kom kardinal Nikolas i frå Roma til Noreg. Johnsen sluttar seg til at formålet med reisa må ha vore å opprette nye kyrkjeprovinsar i Noreg og Sverige, etter oppdrag frå pave Eugenius III.⁴⁶⁰ Under dette opphaldet kom han også i kontakt med dei norske kongane. I kongesogene kan vi lese at kardinalen tykte godt om Inge, men at han måtte refse dei to andre kongane:

Då brørne styrde, kom kardinal Nikolas nordover frå Roma til Noreg, og paven hadde sendt honom (til Noreg). Kardinalen var vreid på kong Sigurd og kong Øystein, og dei måtte gjera fred med (honom). Men han var alltid nøgd med kong Inge og kalla honom son sin.⁴⁶¹

Årsaka til at kardinal Nikolas tydeleg favoriserte Inge kan godt vere at det berre var Inge som var ektefødd son av Harald Gille. Han hadde heller ikkje ein like utsvevande livsførsel som

⁴⁵⁷ Heimskringla 2: 257. Same hendingane, men ikkje like detaljert finn vi også i Morkinskinna og Fagerskinna.

⁴⁵⁸ Sveaas Andersen 1977:54

⁴⁵⁹ Krag 2000: 109

⁴⁶⁰ Johnsen 1945: 69

⁴⁶¹ Morkinskinna 311. Same hendinga finn vi også i Fagerskinna: 371, Heimskringla 2: 263

brørne sine. Krag meiner at det i 1150-åra var grupper i landet, både kyrkjelege og verdselge som ynskte å endre på den institusjonelle ordninga av kongedømet. Formålet var å etablere einekongedøme som ordning.⁴⁶² Det at kardinal Nikolas tydeleg favoriserte kong Inge kan tolkast som ei underliggande haldning frå sentrale hald i kyrkja, som meinte at berre kong Inge var den rettmessige kongen.

Under opphaldet i Noreg fekk kardinalen styrka den norske kyrkjas organisasjon på fleire område.⁴⁶³ Kva var så kongane si rolle i desse hendingane rundt organiseringa av bispedømet i 1152/1153? Stod kongane samla i denne prosessen eller finn vi klare individuelle politiske handlingar? Erik Gunnes meiner å ha identifisert eit privilegiebrev i frå rundt same tidspunkt.⁴⁶⁴ Brevet er tapt i dag, men det er nemnt i yngre kjelder.⁴⁶⁵ Innhaldet brevet skal ha vore at kongane Øystein, Sigurd og Inge Haraldssøner lova å respektere fridomen til kyrkja, og der dei spesielt gir avkall på retten til å tilsette prestar og val av biskopar.⁴⁶⁶ Dette privilegiebrevet er nemnt i eit brev frå kong Håkon Sverreson til erkebiskop Eirik i 1202.⁴⁶⁷ Her kan vi lese at: «ok allre konunglegre tūghn efter þui sem skipade Nikulas Cardinalis. Ok þærir konungar jaatado ok suoro Oystæin Sigurdr ok Ingi ok bref Oysteins konungs vattar.»⁴⁶⁸ Grovt oversett fortel dette brevet at alle tre kongane samtykka eller gav eid på kardinal Nikolas sine skipnader, men det er konge Øystein åleine som har sendt ut brevet som bekrefta dette. Korleis det kom i stand at det berre var Øystein som stod bak brevet, er interessant. Ut i frå det vi har lese i kongesogene kan vi få det inntrykket av at det gjerne skulle vore Inge som stod som hovudgarantist for kyrkjas rettar. Bagge stiller spørsmål til kvifor kardinal Nikolas for kongane til å sei i frå seg retten til å utnemne geistlige så pass raskt utan motstand. Hans forklaring til dette er rivaliseringa mellom kongebrørne. Inge som hadde eit godt forhold til kyrkja må ha sett seg tent med eit slikt avkall, som vil styrke hans innflytelse i forhold til brørne.⁴⁶⁹ Likevel står det i brevet at alle tre brørne gav sitt samtykke til å gi frå seg makta til å utnemne geistlige. Vi kan få inntrykk av at det her var ei samla politisk vurdering frå dei tre brørne, men at Øystein var den av dei som sendte ut brevet. Kyrkja hadde på denne tida byrja å bli ein høgst reell maktfaktor i den nordiske maktkampen. Det kan derfor ha vore nyttig for alle tre partar å halde seg inne med kyrkja for vidare støtte.

⁴⁶² Krag 2000: 110

⁴⁶³ Bagge 2003: 55

⁴⁶⁴ Regesta Norvegica, bind 1, nr.89

⁴⁶⁵ Regesta Norvegica, bind 1, nr.89. fotnote 1

⁴⁶⁶ Regesta Norvegica, bind 1, nr.89

⁴⁶⁷ Regesta Norvegica, bind 1, nr.303

⁴⁶⁸ Diplomatarium Arna-Magnæanum: 19

⁴⁶⁹ Bagge 2003: 65

Strid mellom brødrene

Då fosterfedrane rundt Inge og Sigurd gjekk bort, og brørne byrja å verta vaksne vart det spent stemning mellom dei. Kva var årsaka til at det kom til konflikt? Kongesogene legg stor vekt på personlegdommane til brørne. Det er klart at det er Inge som er helten i sogene. Han skal ha vore ein vennesæl og mild konge som lytta til dei råd mennene hans kom med.

Øystein skal ha vore slu og pengeskjær, medan Sigurd skal ha vore oppfarande og lettsindig.⁴⁷⁰ I tillegg til karaktertrekka til kongane, kan vi også spore konfliktar med enkelte stormenn som gjorde at kongane vart satt opp mot kvarandre.

Opptakten til den spente stemninga skal ha vore drapet på stormannen Ottar Birting.⁴⁷¹ Han var av trønderslekt og var ein av fleire stormenn som hylla Sigurd til konge i 1136, og var knytt til følgjet rundt den unge kongen. Han dukka opp i sogene som talsmann for Sigurd under brevvekslinga mellom Inge og Sigurd i 1139, og han var stefaren til kong Inge sidan han var gift med mor til Inge, Ingerid Ragnvaldsdatter. Forholdet mellom Ottar og stefaren skal ha vore svært godt, noko kong Sigurd ikkje skal ha tatt godt opp.⁴⁷² Sigurd, som var i Trondheim då drapet skjedde, vart skulda for ugjerninga av bøndene. Han lovde å bera jarnbyrd for å bevise si uskuld, noko bøndene gjekk med på. Etter det reiste Sigurd sørover, og det vart aldri noko av jarnbyrden. Drapet på Ottar viser oss konturane av eit byrjande brot mellom brørne som tidlegare hadde stått tett saman med felles hird.

Om sjølve landsstyringa mellom brørne i denne tida har sogene lite å fortelje om. Øystein ser ut til å vere nært knytt til øyane i vest, noko som høver godt med tanke på kor han kom i frå. Etter at han vart konge i Noreg, reiste han også tilbake på vestferd, der han herja sørover kysten frå Skottland ned mot England. Ferda hans er godt dokumentert i skaldekvad. I Orknøyingenes saga kan vi lese at Erlend Haraldsson jarl fekk eit forleningsbrev av kong Øystein som sa at Erlend skulle råde over den delen av Orknøyane som Harald Maddadsson hadde hatt.⁴⁷³ Øystein tok altså rikspolitiske avgjersle som omhandla Orknøyane åleine uavhengig av brørne sine. Gjennom privilegiebrev til kyrkja og forleningsbrevet til Erlend jarl viser samkongedømet at rikspolitiske handlingar kunne skje både individuelt og i fellesskap.

⁴⁷⁰ Sveaas Andersen: 1977: 45

⁴⁷¹ Drapet må ha skjedd etter at kong Øystein hadde kome til landet i 1142 og før Erling Skakka reiste til Jerusalem i byrjinga av 1150-åra.

⁴⁷² Morkinskinna: 303, Heimskringla 2: 258

⁴⁷³ Orknøyenes saga: 167

I 1155 vart Sigurd drepen av sin eigen bror etter 19 år i samstyre. I 1157 måtte også Øystein bøte med livet og den svake men vennesæle Inge Krokrygg stod att som einekonge.

Samandrag

Det siste samkongedømet mellom brørne Inge, Sigurd og Øystein er prega av endringar. I byrjinga var brørne Inge og Sigurd i to skilde grupperingar som samsvarar med den nordre og austre luten i frå tidlegare samkongedøme. Etter at dei samla seg i striden mot Sigurd Slembe og Magnus Binde, ser det derimot ut til at dei samla seg. Etter at Øystein vart tatt til konge ser det nemner ikkje soga noko om at landet vart delt inn i lutar. Det er tendensar til at Inge framleis for det meste heldt seg i området rundt Viken, medan Sigurd var i Trøndelag. Øystein ser ut til å skifte på det. Eg får inntrykk av at kongane i stor grad fungerte som ambulerande kongar. Når det kjem til maktdeilinga mellom kongane fann eg både sjølvstendige og felles handlingar. Gjennom det felles privilegiebrev til kyrkja, og forleningsbrevet Øystein gir til Erlend jarl, viser samkongedømet at rikspolitiske handlingar kunne skje både individuelt og i fellesskap.

13. Konklusjon

Debatten rundt samkongedøma har i stor grad vore konsentrert rundt samkongedømet si rolle i borgarkrigstida. Diskusjonen har gått frå å meine at samkongedømet var den direkte årsaken til borgarkrigstida, fram til Narve Bjørgo sitt syn i 1970-åra, der han hevdar at det snarare er kampen mot einekongedømet som er årsaka. Den største motstandaren mot Bjørgo sitt syn er Sverre Bagge, som argumenterer for eit meir tradisjonelt syn. Innleiingsvis etterlyste eg nye perspektiv i forskinga rundt samkongedømet. Kva rolle samkongedømet spelte i opptakten til borgarkrigstida vart derfor ikkje drøfta i dette arbeidet. Formålet med dette arbeidet har vore å greie ut korleis samkongedømet fungerte som arvefølgjeordning og som styreform.

Undersøkinga har i hovudsak tatt utgangspunkt i diskusjonen mellom Bjørgo og Bagge, der dette arbeidet har forsøkt å ta forskingsdiskusjonen vidare. Undersøkinga har vore delt opp i to delar, der det fyrste har sett nærare på samkongedømet som arvefølgjeordning, medan den andre delen har sett grundigare på samkongedømet som styreform. Eg vil no forsøke å samle trådane til denne undersøkinga og legge fram kva for konklusjonar eg har kome fram til.

Slik eg forstår førestillinga om den germanske arvefølgjeordninga, har den mykje å sei for at samkongedømet vart ei regelmessig nytta styreform under ein perioden på godt og vel 100 år i norsk mellomalder. Lat oss no sjå nærare på korleis mi undersøking av utbreiinga av denne arvefølgjeordninga støttar dette synspunktet. Gjennom ei samanliknande undersøking av kongedømer med felles germanske bakgrunn og den same arvefølgjeordninga har eg kome fram til at arvefølgja arta seg forskjellig frå rike til rike. I franske og britiske område kjem den ikkje til uttrykk gjennom samstyre mellom fleire regentar, eg fann her snarare døme på at dei delte riket mellom arvingane. Det viser at den germanske arvefølgjelova ikkje nødvendigvis kom til uttrykk gjennom samstyre som det gjorde i Noreg. Vidare kan man finne ein felles førestilling som kunne arte seg i form av samstyre i dei nordiske nabolanda, Sverige og Danmark. Døma på samstyre i Sverige og Danmark er langt færre og ser ikkje ut til å vere ei regelmessig nytta praksisform som vi kan sjå i Noreg i tidsrommet 1046-1157. Den vise likevel at det var ei felles førestilling i Norden om at samstyre kunne vere ei løysing der det var fleire med arverett til kongemakta.

Ein føresetnad for at den germanske arvefølgjelova kunne utvikle seg mot ei styreform med fleire kongar, førestillinga om at ei utvald ætt hadde eit arverettslig krav framfor andre ætter i samfunnet. Claus Krag har stilt kritiske spørsmål til eksistensen av ei sånn ætt i det norske kongedømet på 900- og 1000-talet. Visst Krags syn stemmer forsvinn grunnlaget for den germanske arvefølgjelova, som igjen tar vekk grunnlaget for at samkongedømet som

styreform kan oppstå. Denne perioden i det norske kongedømmet er prega av samstyre mellom fleire medlemmar av ei ætt. Dette meiner eg viser at førestillinga om at det fanst ei ætt med arverett framfor andre, var ein aktiv førestilling i det norske samfunnet. Eg er likevel einig med Krag på enkelte punkt når det kjem til ein nedvurdering av Hårfagreætta si rolle.

Gjennom mi undersøking har eg funne fram til at det mest truleg var meir enn ei slik ætt i det norske kongedømmet i tida før Harald Hardråde klarte å konsolidere makta rundt sitt dynasti. Ladeætta si konkurrerande rolle mot Hårfagredynastiet er godt kjend i norsk historieforskning. At dei to konkurrerande ættene også hadde sine respektive maktsenter i forskjellige områder av landet er også godt kjent. Der Krag skriv eksistensen av eit Hårfagredynasti ut av historia, meiner eg Krag strekk konklusjonane sine for langt og gløymer at fleire slike ætter kunne eksistere parallelt med kvarandre. Der den svakaste ætta forsvinn ut av sogeforfattarane sitt synsfelt. Inngåinga av det fyrste samkongedømmet i 1046 viser også ei levande førestilling om at samstyre mellom medlemmar i ei ætt, kunne vere ei løysing når det var fleire tronkrevjarar. Dermed står det klart at bakgrunnen for at samkongedømmet som styreform kunne kome i stand i 1046 var at førestillinga om samstyre mellom fleire medlemmar av ei ætt, stod sterk i både i det norske kongedømmet i tida før. Overgangen frå den territoriale rikssamlinga fram mot midten av 1000-talet⁴⁷⁴, til tida for samkongedømme som historikarar har tidfesta til perioden 1046-1157 er dermed ein meir flytande overgang enn det blir framstilt. Eg konkluderer dermed med at samkongedømmet i 1046 ikkje var noko nytt, den var snarare ei styreordning som minner om tidlegare sedvanar og praksisformer.

Vidare tar undersøkinga føre seg korleis samkongedømmet fungerte som styreform. Her tok eg sikte på å identifisere utviklinga av fellestrekk og forskjellar mellom dei seks samkongedømna. Faktorar som dukkar opp i dei fleste samkongedømna, slik at det er mogleg spore ei utvikling kan delast inn i to tema, inndeling av lutar og maktdeling.

Mellom det fyrste samkongedømmet og det andre samkongedømmet finn vi ei utvikling i form av ei inndeling av landet i administrative områder, i kongesogene blir dei nemnd for lutar. Der Magnus den Gode og Harald Hardråde i denne samanhengen ser ut til å ha fungert som eit tradisjonelt ambulerande kongedømme, kan vi sjå at Magnus Haraldsson og Olav Kyrre får tildelt kvar sin del av landet. Denne administrative inndelinga i ein nordre og austre lut blir ei ein regelmessig nytta praksisform i dei neste samkongedømna. Trass i den administrative inndelinga, reiser kongane på tvers av lutane. Inndelinga ser derfor ut til å i hovudsak vere ein

⁴⁷⁴ Sveaas Andersen 1977: 49

deling av riksinnpektene. Magnus Berrftt og Håkon Toresfostre deler landet mellom seg i desse lutane. I samkongedmet mellom Sigurd Jorsalfare, Øystein Magnusson og Olav Magnusson vart riket delt inn i tre lutar, men styret til Olav kom aldri i gang. Så lenge landet vart styrt av Sigurd og Øystein, var riket inndelt i ein nordre og austre lut. Under samstyret mellom Magnus Blinde og Harald Gille ser vi også den same inndelinga av lutar. Det siste samkongedme mellom Inge Krokrygg, Sigurd Munn og Øystein Haraldsson er i større grad prega av endringar enn dei tidlegare samkongedma. Dei fyrste åra av samstyret mellom Inge og Sigurd sit brrne i kvar sin lut. Kongesogene seier ingenting om inndeling av lutar mellom brrne etter at Øystein kjem til landet. Trass i tendensar til at kongane føretrakk å opphalde seg meir i enkelte delar av landet, kan vi ikkje sjå den klare inndelinga av lutar i det siste samkongedmet. Dette betyr ikkje at ei inndeling av landet ikkje fanst, det var mest truleg ei form for deling av landet i form av deling av riksinnpektar.

Etter at ein konge hadde styrt over ein lut i riket ser det ut til at denne delen særskild var knytt opp til arven etter denne kongen. Magnus Berrftt og Håkon Toresfostre blir begge raskt knytt opp mot den luten fedrane deira hadde hatt. Det same ser vi under samkongedmet mellom Magnus Blinde og Harald Gille, der Magnus får tildelt same delen av landet som faren hans hadde hatt. Dette viser at førestillinga om denne inndelinga av landet stod sterkt. Det ser dermed ut til at inndelinga av landet i ein nordre og austre lut var ei sedvane det vart sterke tradisjonar for, heilt fram til det siste samkongedmet, der grensene ser ut til å bli meir uklare.

Når det kjem til maktdeling mellom kongane i eit samkongedme er det tilfeldig kva for hendingar som sogeforfattarane har skrivne ned. Det er likevel enkelte sakar som regelmessig ser ut til å ha blitt gjennomført saman eller i samråd med kvarandre og nokre sakar som jamt over vart utført åleine. Av dei hendingane som fyrst og fremst vart utført i fellesskap eller i samråd med kvarandre er saker som omhandlar militære aksjonar og kyrkja. Det er tre dømer på at samkongar lyser ut leidang i fellesskap. Magnus den Gode og Harald Hardrådes leidang til Danmark, Magnus Haraldsson og Olav Kyrres leidang mot trugselen frå den danske kongen og Inge Krokrygg og Sigurd Munns endelige slag mot Sigurd Slembe og Magnus Blinde. Samlinga av Inge og Sigurd må likevel setjast i ei særstilling, sidan Inge åleine måtte forsvare dei austlege delane av landet i tidsrommet 1136 fram til 1139. Det er mogleg det klare skiljet mellom den nordre og austre luten førte til at Inge sat åleine med forsvaret av sin lut av riket. Kampar som gjekk mellom samkongane vert ikkje rekna med i denne samanhengen. I kamp mot ein felles fiende ser det ut til at samkongane samla seg i militær samanheng.

Vidare ser det også i stor grad ut til at anna politisk kontakt med herskarar frå andre land var noko kongane gjorde individuelt. Eg tenkjer her på møtet mellom Olav og Kyrre og danskekongen Svein Estridsson og forleningsbrevet som Øystein Haraldsson sender med Erlend jarl til Orknøyene. At Sigurd sendte ein mann vestervegs er også aktuelt i denne samanhengen. Den klåraste sjølvstendige kontakten med andre kongedømer må likevel vere Magnus Blindes alliansepolitikk med den danske kongemakta. Men det er også døme på at kongane i eit samkongedøme handla saman i ein slik samanheng, den felles blant Berrføttsønene førebuinga fram mot Sigurd Jorsalfare si reise. Trass i dette dømet har undersøkinga vist at kongane i eit samkongedøme kunne opptre sjølvstendig i utanrikspolitiske situasjonar.

Saker som omhandlar kyrkja, er noko kongane gjer i fellesskap. Den aktive utbygginga av kyrkjebygg under Sigurd Jorsalfare og Øystein Magnusson ser ut til å ha skjedd i samråd med kvarandre. Innføringa av tienda skal det vore Sigurd som innførte, men dette kunne mest truleg ikkje skjedd utan broren sitt samtykke. Den neste hendinga vi kan lese om sogene som fortel oss noko om samhandlinga mellom samkongane og kyrkja, er mellom kardinal Nikolas og samkongane Inge, Sigurd og Øystein. Der skal dei alle tre ha godkjent privilegiebrevet til kyrkja.

Om innsamlinga av skattar landskyld kan ein lese i kongesogene at Harald Hardråde samlar inn desse åleine. Vidare har nok inndelinga av lutar ordna grensene for kven som kunne krevje inn i dei enkelte områda. Sigurd Jorsalfare sendte også ein mann vest til farens områder i Irland for å krevje inn skattar og landskyld. Øystein Haraldsson reiser også på hærferd vestover mot Skottland og England, på noko som på mange måtar minner om eit tradisjonelt vikingtokt. Det ser dermed ut til at innkrevjing av inntekter vart gjort sjølvstendig av kongane.

Under undersøkinga av maktdelinga mellom kongane i samkongedømet har dei ikkje vore mogleg å identifisere ei utvikling mot særskilde praksisformer. Det ser ut til at dei handlingane som vart gjort saman og dei handlingane som vart gjort kvar for seg er mykje det same gjennom heile perioden. Det er også viktig å minnast på at hendingane vi har overlevert gjennom kongesogene, ofte er tilfeldige og kan ikkje gje eit fullstendig bilete på maktdelinga mellom samkongane.

Kvar kan vi så plassere dette arbeidet i forskingsdiskusjonen rundt samkongedøma? Diskusjonen mellom Bjørgo og Bagge drøfter i stor grad korleis samkongedømet fungerte som forvaltningsordning. Mitt overordna synspunkt på debatten er at Bjørgo ofte går for langt

i sine slutningar. Eg tenkjer her først og fremst på Bjørgo si evne til å finne prinsipielle brot i historia ved fleire høver i si undersøking. I desse tilfella argumenterer eg for eit syn som samsvarar med Bagges konklusjonar. Eg meiner likevel at Bjørgo sitt bidrag til forskingsdiskusjonen er viktig i den forstand at den forsøker å setje samkongedømet inn i eit nytt perspektiv. Trass i at eg ikkje er einig med Bjørgos realhistoriske konklusjonar er det med bakgrunn i hans initiativ mot nye perspektiv at dette arbeidet kom i stand. Eg har forsøkt å analysere sider ved samkongedøme etter same linene som både Bjørgo og Bagge har gjort. Vidare har eg analysert samkongedømet ut i frå andre perspektiv enn borgarkrigstidsproblematikken.

Vidare studie av samkongedømet

Det kan vere interessant og trekke linene til forskinga rundt samkongedømet, lenger enn til det siste samkongedømet i 1157. Sjølv om det siste samkongedømet vart avslutta dette året, døydde ikkje førestillinga om at samstyre kunne vere ei alternativ styreform ut med ein gong. Etter at kong Inge hadde blitt einekonge, ropte konkurrerande stormenn ut sonen til Sigurd Munn til konge. Håkon Herdebrei vart hylla til konge over farens del av landet. I denne samanhengen hevdar Knut Helle at Håkon vart tatt til samkonge som sin fars arving⁴⁷⁵ I *Sverres saga* får vi også inntrykk av at førestillinga om samkongedøme som styreform framleis er levande i tiåra etter det siste samkongedømet.⁴⁷⁶ For vidare arbeid kan det vere interessant kor utbreitt ei slik førestilling kan ha vore under dette tidsrommet, og vidare overgangen mot einekongedømet som einaste styreform. Vidare er det også mogleg å identifisere ordningar som minner om samkongedømet i styreform så seint som ut på 1200-talet. Etter at Magnus Lagabøter dør i 1280 vart det norske riket delt mellom dei to sønene hans. Den eldste sonen, Eirik vart hylla til konge, medan den yngste sonen, Håkon vart hertug. Som hertug styrde Håkon sjølvstendig. Alexander Bugge nemner at denne ordninga i fleire tilfelle minner om samkongedømet.⁴⁷⁷ Likskapstrekk mellom samkongedøma og hertugdømet i 1280 vert også drøfta av Grethe Authén Blom.⁴⁷⁸ Ei interessant studie kan vere å følgje utviklinga frå slutten av 1100-talet og fram mot hertugdømet i 1280. Som vi ser er det framleis fleire perspektiv rundt samkongedømet som kan vere fruktbare i diskusjonen rundt samkongedøma.

⁴⁷⁵ Helle 1974: 56

⁴⁷⁶ Sverres saga: 81

⁴⁷⁷ Bugge 1916: 324

⁴⁷⁸ Authén Blom 1972

Abstract

The primary aim of this thesis is to investigate how joint rule functioned as a means of governing Norway in the period between 1146 to 1157. The main sources used in this project are the kings' sagas and skaldic poetry. In addition to this, legislation and foreign sources have also been employed.

This thesis is divided into two parts. The first part attempts to give a better understanding of how the rights of succession facilitated the development of joint rule as a form of government. We have therefore looked at several other kingdoms throughout the Middle Ages where the Germanic law of succession was also in place and how this affected the respective countries reviewed. There are no examples of several kings reigning together in either England or France. However, examples of similar forms of government may be found in Norway's neighbouring countries, Sweden and Denmark. This shows how closely related the Northern countries were in their forms and practices of governmental rule. Unfortunately, a poor present-day existence of source material, particularly in Sweden, makes it impossible to draw broader conclusions based on these findings. The second part of the thesis concerns itself with reviewing Norwegian history for tendencies towards joint rules between the sons of kings. In these instances, it is worth noting that one son generally commands the greater power. Finally, we have attempted to evaluate the incentives and causes for the establishment of the first joint rule. It is our contention that there was an established tradition of sharing power in Norway. The financial incentives of Magnus the Good will also be a key argument in the regard.

The second part of the thesis also aims to get an understanding of norms and practices which may have developed in the course of the six joint rules. The purpose of this is to recognize patterns and developments in this form of government. We see a clear tendency towards granting all the sons of kings part in the kingdom. If a king produced several sons, there seems to be no indication that a single son would be the chosen successor to power. During the period of joint rules, we also observe the practice of dividing state income by dividing the country into *lutar*.⁴⁷⁹ This investigation shows that despite great variation in the duration and causes of the forming of the different joint rules, they all share many of the same characteristics.

⁴⁷⁹ The best, but not completely adequate explanation on this term is administrative parts.

Kjelder og litteratur

- Aðalbjarnson, B. 1937. *Om de norske kongers sagaer*. Oslo.
- Adam av Bremen. *Gesta Hammaburgensis Ecclesiae Pontificum*. Oversatt av Lund, A.A. (2000) Høbjerg.
- Akselberg, G. 2003. Etterord. I *Morkinskinna, Norske kongesoger 1035-1157*. (Overs.) Flokenes, K. s.319-341.
- Angold, M. 1984. *The Byzantin Empire 1025-1204*. London.
- Authén Blom, G. 1956. *Trondheim bys historie, I Olavs by ca. 1000-1537*. Trondheim.
- Authén Blom, G. 1972. Samkongedømme – Enekongedømme – Håkon Magnussons Hertugdømme. *Det kongelige norske videnskabers selskab. No. 18*.
- Bagge, S. 1975. Samkongedømme og enekongedømme. *HT*. bd. 54. s.239-274.
- Bagge, S. 1991. *Society an Politics in Snorri Sturlason's Heimskringla*. Berkeley.
- Bagge, S. 2003. Den heroiske tid – krikereform og kirkekamp 1153-1214. I Imsen, S. (red.) *Ecclesia Nidarosensis*. Trondheim.
- Bagge, S. 2004. *Europa tar form, år 300 - 1350*. Oslo
- Bagge, S. 2005. *Europa tar form, År 300-1350*. Oslo.
- Bagge, S. 2010. *From viking stronghold to christian kingdom. State formation in Norway ca. 900-1350*. København
- Bagge, S. 2011. Teodricus Monachus, The Kingdom of Norway and the History of Salvation. I Garipzanov, I.H. (red.). *Historical narratives an Christian Identity on a European Periphery*. Turnhout. s. 71-92.
- Bjørge, N. 1970. Samkongedøme kontra einekongedøme. *HT*. bd. 49. s.1-33.
- Bjørge, N. 1976. Samkongedøme og einekongedøme. *HT*. bd.55. s204-221.
- Bjørge, N. Rian, Ø. Kaartvedt A. 1995. *Norsk utenrikspolitikks historie, Bind 1. Selvstendighet og union frå middelalderen til 1905*. Oslo.
- Blöndal, S. 1978. *The Varangians of Byzantium*. London.

- Brand, C. M. og Cutler, A. 1991. Basil II Kamateros. I Kazhdan, A.P. (red.) *The Oxford Dictionary of Byzantium, bind 1*. New York.
- Brand, C.M. og Cutler, A. 1991. Constantine VIII. I Kazhdan, A.P. (red.) *The Oxford Dictionary of Byzantium, bind 1*. New York.
- Bugge, A. 1916. *Norges historie, andet bind anden del tidsrummet 1103-1319*. Kristiania.
- Bull, E. 1931. *Det norske folks liv og historie gjennom tidene*. Oslo.
- Canning, J. 1996. *A History of Medieval Political Thought 300-1450*. London.
- Christensen, A. E. 1977. Tiden 1042-1241. I Christensen, A. E. (red.), Clausen, H.P. (red.), Ellehøj, S. (red.) og Mørch, S. (red.). *Danmarks historie bind 1, Tiden indtil 1340*. København.
- Christensen, A.E. 1981. Knud (III) Magnussen. I SV. Cedergreen Bech (red.). *Dansk Biografisk Leksikon, bind 8*. København.
- Christiansen, E. (overs.). 1992. Introduksjon. I *The works of Sven Aggesen, Twelfth-century Danish Historian*. London.
- Ciggar, K. N. 1996. *Western Travellers to Constantinople – The West and Byzantium, 962-1204: Cultural and Political Relations*. Leiden
- Danielsen, B.T. (overs.) og Frihagen, A.K. (overs.). 1993. Innledning. I *Adam av Bremen, Beretningen om Hamburg stift, erkepiskopens bedrifter og øyrikene i Norden*. Oslo.
- Diplomatarium Arna-Magnæanum*, bind 1. Utg. Thorkelin, G.J. 1786. Leipzig.
- Dørum, K. (2001) Det norske riket som odel i Harald Hårfages ætt. *HT.bd. 80. s. 323-342*.
- Ellis Davidson, H. R. 1976. *The Viking Road to Byzantium*. London.
- Ersland, G. A. og Holme, T. H. 2000. *Norsk forsvarshistorie, bind 1*. Oslo.
- Ersland, G.A og Solli, A. 2012. *Stavanger bys historie, Bispeby og borgarby – frå opphavet til 1815*. Stavanger
- Fagerskinna = Fagerskinna, sagaen om Norges konger*. Oversatt av Eikill, E. 2008. Stavanger.

- Fagerskinna = Fagrskinna Nóregs kokonga tal.* Utgitt av Jónsson, F. 1902-03. København.
- Fidjestøl, B 1973. Innleiing. I Indrebø, G. si oversetjing av *Ågrip or Noregs kongesoger*. Oslo.
- Fidjestøl, B. 1980. *Det norrøne fyrstediktet*. Bergen.
- Foot, P. 1998. Introduksjon i McDougall, D og McDougall, si oversetjing av: *Theodricus Monachus, Historia de Antiquitate Regum Norwagensium*. London.
- Frostatingslova*. Omsett av Hagland, J.A. og Sandnes, J. 1994. Oslo.
- Gelting, M.H. (overs. og kommentar). 2002. *Roskildekrøniken*. Højbjerg.
- Gillingstam, H. 1971-1973. Inge d.ä.. I Grill, E. (red.) *Svenskt biografiskt lexikon, bind 19*. s.779-781.
- Gillingstam, H. 1971-1973. Håkan röde. I Grill, E. (red.) *Svenskt biografiskt lexikon, bind 19*. s.560.
- Gillingham, J. 2010. The Early Middle Ages (1066-1290). I Morgan, K.O. (red.). *The Oxford History of Britain*. New York.
- Given-Wilson, C. og Curteis, A. 1984. *The Royal Bastards of Medieval England*. London
- Gosh, S. 2011. *Kings' Sagas an Norwegian History: Problem and Perspectives*. Boston.
- Gulatingsloven. (11.09.12) I Store norske leksikon. Henta frå: <http://snl.no/Gulatingsloven>.
- Gulatingslovi*. Omsett av Robberstad, K. 1969. Oslo.
- Gunnes, E. 1976. *Norges Historie. Rikssamling og kristning 800-1177*. Oslo.
- Hagland, J.R. 2008. Innledning. I *Fagerskinna*. (overs.) Eikill, E. s.15-23.
- Hall, A. 2005. Changing style and changing meaning: Icelandic historiography and the medieval redactions of Heiðreks saga. *Scandinavian Studies*. s.1-30.
- Harrison, D. 2002. *Sveriges historia medeltiden*. Falköping.
- Heimskringla = Heimskringla eller Norges kongesagaer af Snorre Sturlasson*. Utgitt av Unger, C.R. 1868. Christiania.

- Heimskringla* = Snore Sturluson, Norges Kongesagaer, bind 1-2. Oversatt av Hansen, K-J, Larsen, H. og Vaa. D. 1995.
- Helle, K. 1974, *Norge blir en stat, 1130-1319*. Kristiansand.
- Helle, K. 2001. Hovedlinjer i utviklingen av den historiske sagakritikken. I (red.) Hagland, J. R. og Supphellen, S. *Det kongelige norske videnskabers selskap: Leiv Eriksson, Helge Ingstad og Vinland kjelder og tradisjonar*. s.13-40.
- Hervara saga ok Heiðreks*. Utgitt ved Turville-Petre, G. 1956. London.
- Historia Norwegie*. Redigert av Ekrem, I. og Mortensen, L.B. Oversett av Fisher, P. 2003. København.
- Holtmark, A. Arup Seip D. (1979). *Norges kongesagaer. Bind 1*. Oslo
- HT = *Norsk Historisk Tidsskrift*. Christiania – Oslo. 1871-
- Hørby, K. 1984. Valdemar (I) den Store. I SV. Cedergreen Bech (red.). *Dansk Biografisk Leksikon, bind 15*. København.
- Hørby, K. 1983. Sven (III) Grathe. I SV. Cedergreen Bech (red.). *Dansk Biografisk Leksikon, bind 14*. København.
- Indrebø, G. 1929. Innledning. I *Orknøyingasoga*. Omsett av Indrebø. G. Oslo.
- Indrebø, G. 1917. *Fagerskinna*. Kristiania.
- Jakobsen, A. og Hagland, J. R. 1980. *Fagerskinna-Studier*.
- Jakobsson, Á. og Guðjónsson, Þ. 2011. *Morkinskinna I-II*. Reykjavík.
- James, E. 1988. *The Franks*. New York.
- Johnsen, A. O. 1939. *Om Theodricus og hans Historia de Antiquitate regum Norwagiensium*.
- Johnsen, A.O. 1945. *Studier vedrørende cardinal Nicolaus Brekespears Legasjon til Norenden*. Oslo.
- Johnsen, A.O. 1948. *Fra ættesamfunn til statssamfunn*. Oslo.
- Jónsson, F. 1973. *Den norsk-islandske skjaldedigting 800-1200, B 1*. København.

- Kern, F., Chrimes, S.B. (overs.) 1968. *Kingship and Law in the Middle Ages*. Oxford.
- Keyser, R. 1846. *Norges gamle love indtil 1387, bind 1*. Christiania.
- Keyser, R. 1868. *Samlede afhandlinger*. Christiania.
- KLNM = Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder 1-22. Oslo. 1958-78.
- Koht, H. 1921. *Innhogg og utsyn i norsk historie*. Kristiania.
- Koht, H. 1924. Kong Sigurd på Jorsal-ferd. *HT*. Rekke 5. bd. 5.
- Koht, H. 1929. Gråfelden i norsk historie. Foredrag i det Norske Vitskaps-Akademi i Oslo 13. september 1929. Hentet frå: http://lenvik-museum.no/meny5/Bjarmeland/Graafelden_i_norsk_historie.pdf. 12.09.12.
- Koht, H. 1940. Harald Hardraade. I *Norsk biografisk leksikon*. Oslo
- Koht, H. 1940. Magnus den Gode. I *Norsk biografisk leksikon*. Oslo
- Knytlunga saga*. Oversatt av Pálsson, H. og Edwards, P. 1986. Odense.
- Krag, C. 1989. Norge som odel i Harald Hårfagres ætt. *HT*. bd.68. s. 288-301.
- Krag, C. 1995. *Aschehougs Norges historie: 800-1130 Vikingtid til rikssamling*. Oslo.
- Krag, C. 2000. *Norges Historie fram til 1319*. Oslo.
- Krag, C. 2001. Harald 3 Sigurdson Hardråde. I *Norsk Biografisk Leksikon*.
- Krag, C. 2002. Myten om Hårfagreættens odel. Et svar til Knut Dørum. *HT*. bd. 81. s. 381-394.
- Krag, C. 2003. Magnus 1 Olavsson den gode. I *Norsk Biografisk Leksikon*.
- Løyte, P.T. 2010. *Harald Hardråde – En bysantisk despot i Norge*. Mastergradsavhandling.
- McCormick, M. 1991. Caesarea. I Kazhdan, A.P. (red.) *The Oxford Dictionary of Byzantium, bind 1*. New York.
- Megaard, K. 2003. The man who did not write the Edda, Sæmundr fróði and the Birth of Icelandic Literature. I Simek, R. (red.) og Meurer, J. (red.). *Scandinavia and Christian Europe in the Middle Ages*. Bonn.

- Morkinskinna* = *Morkinskinna*. Omsett av Flokenes, K. 2004. Stavanger.
- Morkinskinna* = *Morkinskinna I-II*. Utgitt av Jakobsson, Á. og Guðjónsson, Þ. 2011. Reykjavík.
- Munch, P.A. 1942. *Det norske folks historie, bind 5-6*. Oslo.
- Mundal, E. 1998. Eyvind Finnsson Skaldespiller – Liv og diktning. I Engelskjøn, R. (red.). *Mangforld og spenninger, forfattere og forskere om litteratur*. Stamsund. s. 106-120.
- Nelson, J.T. 1995. *The New Cambridge Medieval History, Vol. II c.700-c.900*. New York.
- Olrik, J. 1930. Om forholdet mellom Saksnes og Knyttingsagas fremstilling af Danmarks historie 1146-1187. *DHT*. s.131-190
- Opsahl, E. Sogner, S. 2003. *Norsk innvandringshistorie, Bind 1, I kongenes tid 900-1814*. Oslo.
- Orning, H. J. 2008. *Unpredictability and Presence: Norwegian Kingship in the High Middle Ages*. Boston.
- Pálsson, H. og Edwards, P. 1986. Introduction. I *Knytlinga saga*. Odense. s.9-21.
- Power, R. 1986. Magnus Bareleg's Expeditions to the West. *The Scottish Historical Review*. Vol. 65. No. 180.
- Regesta Norvegica*. Utgitt av Gunnes, E. 1989. Oslo.
- Reynolds, S. 1994. *Fiefs and Vassals, The Medieval Evidence Reinterpreted*. New York.
- Robbestad, K. 1969. *Gulatingsslovi*. Oslo.
- Roskildekrøniken*. Oversatt av Gelting, M.H. 2002. Højbjerg.
- Saxo Grammaticus. *Gesta Danorum, bind 2*. Latin tekst ved Friis-Jensen, K. Oversatt av Zeeberg, P. 2005. Gylling.
- Schück, H. 1914. Den äldsta kristna konungalängden i Sverige. *Uppsala Universitets Årsskrift*. s.3-41.
- Schmeidler, B. 1917. *Adam von Bremen, Hamburgische Kirchengeschichte*. Hannover und Leipzig.

- Sigurðsson, G. 2004. *The Medieval Icelandic Saga and Oral Tradition, A Discourse on Method*. London.
- Skovgaard-Pettersen, I. 2003, a. The making of the danish kingdom. I Helle, K. (red.) *The Cambridge History of Scandinavia*. Cambridge. s.168-184.
- Skovgaard-Pettersen, I. 2003, b. The Danish kingdom: consolidation and disintegration. I Helle, K. (red.) *The Cambridge History of Scandinavia*. Cambridge. s.359-369.
- Stafford, P. 1981. The King's Wife in Wessex 800-1066. *Past & Present, No. 91*.
- Stenton, F. 2001. *Anglo-Saxon England*. New York.
- Storm, G. 1884. Harald Haardraade og Væringerne I de græske keiseres tjeneste. *HT*. bd. 4. s.354-386.
- Storm, G. 1892. Om krigen mellem Sven Estridssøn og Olaf Kyrre. *HT*. Rekke 3. bd. 2.
- Sveaas Andersen, P. 1977. *Handbok i Norges historie: Samlingen av Norge og kristningen av landet 800-1130*. Kristiansand.
- Sven Aggesen. *Brevis Historia Regum Dacie*. Oversett av Christiansen, E. 1992. London.
- Sven Aggesen. (19.10.12) I Den store danske. Henta frå [http://www.denstoredanske.dk/Danmarkshistorien/Kirker_rejses_alle_vegne/Valdemarstiden_\(1157-1241\)/Danernes_bedrifter._Historieskrivning/Sven_Aggesen](http://www.denstoredanske.dk/Danmarkshistorien/Kirker_rejses_alle_vegne/Valdemarstiden_(1157-1241)/Danernes_bedrifter._Historieskrivning/Sven_Aggesen).
- Svensson, P. 2007. Styreform. I *Statsvitenskapelig leksikon*. (red.) Østerud, Ø. Universitetsforlaget. Oslo.
- Sverres saga*. Oversatt av Gundersen, D. 1967. Oslo
- Titlestad, T. 2009. Tilbake til sagaene. *Nytt norsk tidsskrift*.1/2009.
- Tjodrek Munk = Theodricus Monachus. *Historia de Antiquitate regum Norwagensium*. Oversett av Salvesen, A. 1969. Oslo.
- Turville-Petre, G. (red.) 1956. *Hervarar saga ok heiðreks*. London.
- Weibull, L. 1928. Nekrologierna från Lund, Roskildekrönikan och Saxo. I *Scania bind 1, Lund*. s.84-112.

Ågrip = Ågrip or Noregs kongesoger. Omsett av Indrebø, G. 1973. Oslo.